



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 86 LS

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga

Innhald

1	Innleiing	5	4.4.6	Oppheving av standardfrådraget ..	32
			4.4.7	Arbeidstakarar som mottar nettoløn	33
2	Betre reglar for rapportering og skattlegging av natural- ytingar	7	4.4.8	Gjennomføring av skattlegging i den forenkla ordninga	33
2.1	Innleiing og samandrag	7	4.4.9	Korleis ein går ut av ordninga	34
2.2	Kort om skattlegging av natural- ytingar	8	4.4.10	Fastsetjing, rapportering og betaling av skatt	34
2.3	Skatteplikt og rapporteringsplikt m.m. for ytingar tilsette får i arbeidsforholdet gjennom tredje- partar	9	4.5	Administrative og økonomiske følgjer	35
			4.6	Iverksetjing	35
2.3.1	Innleiing	9	5	Endring i overgangsregelen for aksjesparekonto	36
2.3.2	Gjeldande rett	9			
2.3.3	Høyringa	10	6	Gevinst og tap ved gavesal av aksjar mm.	37
2.3.4	Vurderingar og framlegg frå departementet	12			
2.4	Forbetring av reglane om verd- setjing og einskilde naturalytingar	16	7	Fritak for avgift for drifts- midlar til reindriftsnæringa	38
2.4.1	Verdsetjing av naturalytingar	16			
2.4.2	Skattefritaket for rimelege personalrabattar	17	8	Fritak for meirverdiavgift for elektroniske nyhende	39
2.4.3	Skattefritaket for enkelte gåver i arbeidsforhold	21			
2.4.4	Skattefritaket for overtidsmat	21	9	Justering av meirverdiavgift ved kommunesamanslåing og -deling	41
2.4.5	Skattefritaket for fri avis	22			
2.4.6	Skattefritaket for matkupongar	23			
2.4.7	Skattefritaket for arbeidsgjevar- finansiering av barnehageplass for tilsette sine barn	23	10	Redusert alkoholavgift for små bryggjeri	43
2.5	Administrative og økonomiske følgjer	23	10.1	Innleiing	43
2.6	Iverksetjing	24	10.2	Høyring	43
			10.3	Departementet si vurdering	44
3	Dokumentasjonskrav for reduisert kjeldeslett på utbyte til utanlandske aksjonærar	25	11	Eingongsavgift, ny køyresyklus og ladbare hybridbilar	45
			12	Vegbruksavgift på naturgass ...	46
4	Enklare reglar for utanlandske arbeidstakarar	27	13	Tilgang til teiepliktige opplysningar i Folkeregisteret	47
4.1	Innleiing og samandrag	27	13.1	Innleiing	47
4.2	Gjeldande rett	27	13.2	Endringar i barnehageloven, opplæringslova og friskolelova	47
4.3	Høyringa	28	13.3	Endringar i lov om Statens pensjonskasse, lov om pensjons- trygd for sjømenn, lov om pensjonstrygd for fiskere og lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen	48
4.4	Vurderingar og framlegg	28	13.4	Endring i lov om utenrikstenesten	50
4.4.1	Bakgrunn	28			
4.4.2	Skattesubjekt i ordninga	29			
4.4.3	Moglegheit til å velje	30			
4.4.4	Skattegrunnlag i den forenkla ordninga	30			
4.4.5	Skattesats og inntektstak i ordninga	32			

13.5	Endringer i lov om utenlandske skilsmisser, barnelova, ekteskapslova og gjeldsordningsloven	51	15.4.4	Saker om skatteavgrensning ved lita skatteevne	61
13.6	Endring i pasientskadelova	52	15.5	Økonomiske og administrative konsekvensar	61
13.7	Endring i gravferdsloven	52	15.6	Ikrafttreding	62
13.8	Endringer i eierseksjonsloven og matrikkellova	53	16	Land-for-land-rapportering til skattestyresmaktene	63
13.9	Endringer i skatteforvaltningsloven og a-opplysningsloven	53	17	Opprettingar i lovtekst	64
14	Endring av fødselsnummer ved spedbarnsadsjonar	55	17.1	Eigedomsskatt på maskiner mv. i verk og bruk	64
15	Overføring av oppgåver frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet	56	17.2	Skatteforvaltningsloven § 8-2 tredje ledd	65
15.1	Innleiing og samandrag	56	17.3	Skattebetalingsloven §§ 10-40 og 16-41	65
15.2	Gjeldande rett	56	17.4	Skattebetalingsloven §§ 8-1 og 8-3	66
15.2.1	Tvangsmulkt etter a-opplysningsloven	56	17.5	Skattebetalingsloven §§ 13-5 og 17-1 femte ledd	66
15.2.2	Saker der klagegjenstanden er av låg verdi	57	17.6	Folketrygdloven – endring i innhaldslista til kapittel 23	66
15.2.3	Saker om skatteavgrensning ved lita skatteevne	57	17.7	Bidragsinnkreivingsloven § 29 fyrste ledd	66
15.3	Høyringa	57	17.8	Tilvisingar til folkeregisterloven i barnelova, barnetrygdloven og konsesjonsloven	66
15.3.1	Bakgrunn for høyringa	57	17.9	Skatteloven § 5-43 fyrste ledd	67
15.3.2	Høyringsnotatet og merknader frå høyringsinstansane	57	17.10	Skatteloven § 6-30	67
15.4	Vurderingar og framlegg	58	A – Forslag til lovvedtak	69	
15.4.1	Innleiing	58	B – Forslag til stortingsvedtak	85	
15.4.2	Tvangsmulkt etter a-opplysningsloven	58			
15.4.3	Saker der klagegjenstanden har låg verdi	59			



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 86 LS

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga

*Tilråding frå Finansdepartementet 15. mai 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I Revidert nasjonalbudsjett 2018 foreslår regjeringa følgjande endringar i skatte- og avgiftsreglane som har provenyverknad for 2018:

- Fritak for eingongsavgift, og frådragsrett for inngåande meirverdiavgift for nyskaffing, drift og vedlikehald av beltemotorsyklar og terrenggåande motorsyklar med fire hjul som vert brukte i reindriftsnæringa. Iverksetjing skjer frå den tid departementet fastset. Stortinget vedtok fritaket i statsbudsjettet for 2018, og det vart budsjettert med 30 mill. kroner påløpt og 25 mill. kroner bokført for ordninga. Føresett at endringa vert iverksett 1. juli 2018, vil ho auke provenyet med om lag 10 mill. kroner påløpt og bokført samanlikna med saldert budsjett for 2018.
- Å redusere alkoholavgifta på øl med over 3,7 til og med 4,7 volumprosent alkohol frå små bryggeri. Framlegget inneber lågare avgiftssatsar ved omsetjing av inntil 200 000 liter øl. Regjeringa foreslår iverksetjing frå den tid departementet fastset. Føresett at endringa vert iverksett 1. juli, er provenytapet anslått til 8 mill. kroner påløpt og 7 mill. kroner bokført i 2018.

Framlegga om endringar i skatte- og avgiftsopp- legget inneber ein samla auke i provenyet på om lag 2 mill. kroner påløpt og 3 mill. kroner bokført i 2018 samanlikna med saldert budsjett for 2018.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre endringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Reglane for skattlegging av naturalytingar skaper uvisse og er ikkje gode nok. Det er brei semje om at det er krevjande å etterleve og handheve regelverket, både for arbeidsgjevarene, arbeidstakarane og skattestyresmaktene. Framlegg til forbetringar av reglane for den skattmessige behandlinga av naturalytingar har vore på høyring. Nye reglar skal verke frå 2019.
- Å innføre ei forenkla skatteordning (kjeldes- katt) for utanlandske arbeidstakarar på mel- lombels opphald frå 2019. Siktemålet med ordninga er å gje enklare reglar for denne gruppa (bruttoskatt utan frådrag) og samstundes bidra til riktigare skattlegging etter reglane.
- Å endre overgangsreglane for aksjesparekonto slik at negative inngangsverdiar vert skatt- lagde i samband med overføring av aksjar til aksjesparekonto.

- Endring av regel om oppjustering av gevinst ved gâvesal av aksjer.
- Unntak frå justeringsplikta i merverdiavgiftsloven for overdringar av kommunale vass- og avløpsanlegg som ledd i kommunesamanslåingar og -delingar.
- Enkelte lovendringar for å sikre framleis tilgang til opplysningar underlagde teieplikt frå Folkeregisteret.
- Endring for å sikre at det framleis kan tildelast nytt fødselsnummer i samband med anonym adopsjon av spedbarn.
- Ikkje-prinsipielle klager av låg verdi, klager over tvangsmulkt og forseinkingsgebyr etter a-opplysningsloven og klager over skatteavgrensing ved lita skatteevne vert overførte frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet for å redusere sakstilfanget og saksbehandlingstida i Skatteklagenemnda og sekretariatet.
- Enkelte presiseringar og opprettingar i lovtekst.

I tillegg er følgjande saker omtala:

- Fritak for meirverdiavgift på elektroniske nyhende.
- Dokumentasjonskrav for redusert kjeldeskatte på utbyte til utanlandske aksjonærar.
- Eingongsavgift, ny køyresyklus og ladbare hybridbilar.
- Vegbruksavgift på naturgass.

Det vert òg vist til følgjande sak som er omtalt i kapittel 4 i Meld. St. 2 (2017–2018) *Revidert nasjonalbudsjett 2018*:

- Utgreiing og ev. framlegg om ein grunnrenteskatt på havbruk som vil omfatta laks, aure og regnbogeare, med innføring i 2020.

I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om:

- lov om endring i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn

- lov om endring i lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse
- lov om endring i lov 28. juni 1957 nr. 12 pensjonstrygd for fiskere
- lov om endringar i egedomskatteloven
- lov om endringar i lov 2. juni 1978 nr. 38 om anerkjennelse av utenlandske skilsmisser og separasjoner
- lov om endringar i barnelova
- lov om endring i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap
- lov om endring i gjeldsordningsloven
- lov om endring i gravferdsloven
- lov om endring i folketrygdloven
- lov om endring i opplæringslova
- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i pasientskadeloven
- lov om endring i barnetrygdloven
- lov om endring i friskolelova
- lov om endring i konsesjonsloven
- lov om endring i merverdiavgifts-kompensasjonsloven
- lov om endring bidragsinnkrevingsloven
- lov om endring i barnehageloven
- lov om endringar i skattebetalingsloven
- lov om endring i matrikkellova
- lov om endring i merverdiavgiftsloven
- lov om endring i sosialtjenesteloven
- lov om endring i a-opplysningsloven
- lov om endring i utenrikstjenesteloven
- lov om endringar i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endringar i lov 20. desember 2016 nr. 111 om endring i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt på formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endring i eierseksjonsloven
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om særavgifter til statskassen for budsjettåret 2018

2 Betre reglar for rapportering og skattlegging av naturalytingar

2.1 Innleiing og samandrag

Naturalytingar er andre ytingar enn pengar som ein får i arbeidsforhold, og som gjev ein privatøkonomisk fordel. Slike ytingar skal som hovudregel skattleggjast som vanleg løn. Dette gjeld utan omsyn til om ytingane kjem direkte frå arbeidsgjevar eller gjennom tredjepartar.

Næringslivet og skattestyresmaktene er samde om at reglane som gjeld i dag, skaper uvisse og ikkje er gode nok.

Uklåre reglar gjer det krevjande å etterleve og handheve regelverket, både for arbeidsgjevarane, dei tilsette og skattestyresmaktene. Gjeldande reglar må difor klårgjerast.

Skattedirektoratet har hatt framlegg til forbe­tringar av regelverket for skattlegging av naturalytingar på høyring.¹ Framlegga og omtalte forskriftsendringar i denne proposisjonen følgjer opp høyringa. Framlegga inneber ei avveging mellom omsynet til eit regelverk som er enkelt å etterleve, og omsynet til å skattleggje godtgjering for arbeid. Arbeidsgjevar vil alltid kunne velje å betale ut løna i form av pengar til konto, noko som i alle høve vil vere det enklaste.

I ein del tilfelle får tilsette økonomiske ytingar i arbeidsforholdet frå andre enn arbeidsgjevaren, såkalla tredjepartar. Etter gjeldande reglar er skatteplikta for slike ytingar klår. Skatteplikta omfattar økonomiske fordelar som skattytar får på grunn av arbeidsforholdet uavhengig av kven som gjev fordelten. Det gjeld til dømes gåver, private reiser, rabattar m.m. som tilsette får i arbeidsforholdet, anten det er frå arbeidsgjevars forretningspartnarar, samarbeidspartnarar eller andre. Nokre ytingar frå tredjepartar er likevel skattefrie, til dømes etter skattefritaka for visse gåver og rimelege representasjonsytingar i samband med kundepleie.

Det er normalt arbeidsgjevar som har plikt til å gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift av skattepliktige ytingar som tilsette får i arbeidsforholdet. Ordlyden i føresegnene som regulerer pliktene, har i nokre høve gjort det uklårt om det er arbeidsgjevaren eller tredjeparten som har ansvaret for å gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift av slike fordelar. Fleire arbeidsgjevarar og tredjepartar er ikkje merksame på at desse ytingane er skattepliktige, og dermed heller ikkje merksame på at dei skal rapporterast til skattestyresmaktene. Sivilombodsmannen har i ei konkret sak oppmoda lovgjevar om å avklåre det prinsipielle spørsmålet om kven som er rapporteringspliktig m.m.

Regjeringa gjer no framlegg om å klårgjere at ansvaret for rapportering m.m. av slike ytingar ligg hos arbeidsgjevar. På bakgrunn av innspel frå høyringsinstansane legg departementet til grunn ei klårare avgrensing av skatteplikta for rabattar som tilsette får gjennom tredjepartar, slik at det vert enklare for arbeidsgjevar å vite når det ligg føre skattepliktige rabattordningar. Denne avgrensinga inneber at det vil vere skatteplikt for rabattar som dei tilsette får gjennom arbeidsgjevar sine forretningspartnarar. Forretningspartnarar vil omfatte arbeidsgjevars kundar og leverandørar, i tillegg til andre tredjepartar som arbeidsgjevar inngår avtale om kjøp eller sal av varer eller tenester med. Det vil vidare vere skatteplikt der dei tilsette får rabattar frå andre tredjepartar, dersom arbeidsgjevar gjev noko tilbake til tredjeparten for at dei tilsette skal få rabatten.

Framlegget om klårare reglar på dette området vil òg gjere det enklare for den tilsette å følgje reglane, då dei ikkje lenger sjølv må verdsetje og melde frå i skattemeldinga om skattepliktige naturalytingar dei får frå tredjepartar, og som ikkje er rapportert av arbeidsgjevar eller tredjeparten.

Regjeringa vil òg gjere greie for ein del forskriftsendringar. Dette gjeld for det fyrste klårgjering av reglane om verdsetjing. Naturalytingar skal i større grad verdsetjast til den prisen som er

¹ Høyringa og høyringsfråsegna ligg på Skatteetatens nettside: <https://www.skatteetaten.no/rettskilder/type/horinger/horing--framlegg-til-forbedringer-av-regelverket-for-naturalytelse/>

allment tilgjengeleg i sluttbrukarmarknaden (omsetjingsverdien). Dette vert gjort ved å oppheve særreglane om at varer, tenester og driftsmiddel m.m. i arbeidsgjevars bedrift, og varer og tenester som er kjøpte inn spesielt for dei tilsette, vert verdsette til ein lågare pris.

Regjeringa vil vidare betre gjeldande skattefritak for personalrabattar. Gjeldande fritak byggjer på skjønsmessige vilkår. Dette gjer det vanskeleg både for arbeidsgjevarar, dei tilsette og skattestyresmaktene å vite kvar grensa for skattefritaket går. Det vert difor innført klårare grenser for skattefritaket. Personalrabattar skal verdsetjast med utgangspunkt i omsetjingsverdien i sluttbrukarmarknaden. Rabattar skal ikkje overstige 50 pst. av marknadsprisen på den enkelte vara eller tenesta. Samstundes vert det innført ei øvre beløpsgrense for den samla verdien av rabattar som tilsette kan ta imot skattefritt gjennom året hos éin arbeidsgjevar. Som etter gjeldande rett vil det framleis krevjast at arbeidsgjevar må omsetje vara eller tenesta i si verksemd. Skattefritaket vil omfatte ordningar med rabatt hos arbeidsgjevar sine kundar og leverandørar, dersom arbeidsgjevar omset vara/tenesta i verksemda si.

Regjeringa vil òg modernisere og forenkle regelverket for visse naturalytingar. For gåver vert mellom anna beløpsgrenser og krav til tenestetid justerte. Vidare vert skattefritaket for overtidsmat forenkla. Tilsette som arbeider minst 10 timar samanhengande på grunn av overtid, kan få dekte eit måltid skattefritt. Regjeringa vil òg forenkle reglane for fri avis, slik at alle tilsette som har eit «tenestleg behov» for avis eller andre nyheitstenester på grunn av arbeidet sitt, kan få dette dekt skattefritt av arbeidsgjevar. Regjeringa vil i tillegg oppheve skattefritaket for matkupongar. Dette fritaket må reknast som utdatert.

Skattefritaket for arbeidsgjevar si dekning av utgifter til barnehage var ikkje ein del av høyringa, men regjeringa vil fjerne skattefritaket for denne naturalytinga. Det er i dag mogleg å skaffe barnehageplass til tilnærma alle barn, slik at det ikkje lenger er behov for eit særleg skattefritak når arbeidsgjevar bidreg til å betale slik plass heilt eller delvis.

Dei administrative verknadene av endringane som er nemnde ovanfor, vil truleg samla sett vere moderate. Det er ikkje gjort framlegg om nye plikter for ytingar som tilsette tek i mot i arbeidsforholdet gjennom andre enn arbeidsgjevar. Tvert om er det gjort framlegg om å gjere skatteplikta noko lempelegare, og reglar som i dag vert opplevde som uklåre, vert klårare. Det vert òg teke bort fleire særreglar som i dag gjer det meir

krevjande for arbeidsgjevarane å etterleve reglane. Dette tek bort mykje uvisse og gjer det enklare for partane i næringslivet å avgjere kven som har ansvar for kva, og kor langt skattefritaka rekk. Samstundes vil arbeidsgjevarar som har omfattande rabattordningar og ei opning for at dei tilsette kan få ytingar frå tredjepartar, kunne ha behov for noko førebuing før 2019. Dette gjeld særleg dei som ikkje i dag har løysingar som tryggjer at arbeidsgjevaren har oversikt over kva ytingar dei tilsette får gjennom året og kva verdi dei har. Ettersom reglane er noko mangelfullt etterlevde i dag, vil det vere naudsynt å bruke noko meir ressursar til handtering av slike ytingar i framtida, dersom dei vert førte vidare i same omfang som no.

Reglane skal gjelde frå 2019, men vert fremja allereie no, slik at partane får høve til å førebu naudsynte endringar i rutinar og system. Regjeringa kjem i statsbudsjettet for 2019 attende til fastsetjing av beløpsgrensa for skattefrie personalrabattar og satsen for skattefrie overtidsmat. Endringane på området skal i sum verke om lag provenynøytralt.

Avklåringa av kven som har plikt til å rapportere m.m. når tilsette får ytingar i arbeidsforholdet gjennom tredjepartar, skal skje ved lovendring. Dei andre endringane i reglane om naturalytingar kjem i forskrift.

Departementet viser til framlegg til endringar i skattebetalingsloven § 5-4 fyrste ledd og skatteforvaltningsloven § 7-2 andre ledd. Endringane skal ta til å gjelde 1. januar 2019, med verknad for rapportering for inntektsåret 2019. Endringane vil få verknad for rapporteringa i a-ordninga for ytingar som vert gjevne etter 1. januar 2019.

2.2 Kort om skattlegging av naturalytingar

Eit effektivt skattesystem er kjenneteikna mellom anna av breie skattegrunnlag der skattepliktig inntekt i størst mogleg grad samsvarer med faktisk inntekt. Det tryggjer at systemet for skattlegging av inntekt bidreg til utjamning, og gjer det mogleg å ha låge, formelle skattesatsar. Kostnadene ved skattlegging vert då lågare. Då må pengeytingar og naturalytingar behandlast likt. Utgangspunktet er difor at ein bør skattleggje naturalytingar konsekvent på same måte som ordinær løn.

Skattlegging av naturalytingar er meir ressurskrevjande for arbeidsgjevarar og skattestyresmakter enn skattlegging av kontantløn, der ein enkelt kan fastsetje verdien. Ein bør difor ikkje gje

partane i arbeidslivet insentiv til å velje løn i form av naturalytingar, slik ei lempeleg skattlegging av naturalytingar vil innebære.

Etter skatteloven er alle økonomiske fordelar vunne ved arbeid skattepliktige, med mindre det er gjeve særskilde skattefritak, jf. skatteloven § 5-1. Ein økonomisk fordel inneber at skattytaren har motteke ei vare eller teneste gratis eller til underpris. Vilåret om at fordelten må vere vunnen ved arbeid, inneber at skattytaren må ha fått fordelten i samband med arbeid eller på grunn av arbeidsforholdet. Skatteplikta er dermed uavhengig av om fordelten kjem direkte frå arbeidsgjevar eller gjennom andre (tredjepartar).

Naturalytingar er «enhver økonomisk fordel som ytes i annet enn kontanter», jf. skatteloven § 5-12 fyrste ledd. Naturalytingar gjev ein privat-økonomisk fordel for mottakaren av større eller mindre verdi. Dømer på dette er gåver, varer og tenester av ulike slag, private reiser, medlemskap på treningssenter, rabattar m.m.

Naturalytingar vert som hovudregel verdsette til omsetjingsverdien, jf. skatteloven § 5-12 andre ledd, jf. § 5-3, og vert skattlagde etter dei allmenne skattereglane. Det er likevel nokre særreglar for verdsetjing av naturalytingar.

Nokre naturalytingar er fritekne frå skatteplikt, mellom anna visse gåver i arbeidsforhold, rimelege velferdstiltak, overtidsmat og rimelege personalrabattar.

2.3 Skatteplikt og rapporteringsplikt m.m. for ytingar tilsette får i arbeidsforholdet gjennom tredjepartar

2.3.1 Innleiing

I ein del tilfelle får tilsette ytingar i arbeidsforholdet gjennom andre enn arbeidsgjevaren, såkalla tredjepartar. Skatteplikta omfattar økonomiske fordelar som skattytar får på grunn av arbeidsforholdet uavhengig av kven som gjev fordelten, jf. skatteloven § 5-1, jf. § 5-10.

Det er normalt arbeidsgjevar til den tilsette som har plikt til å gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift av skattepliktige ytingar tilsette tek imot gjennom arbeidsforholdet. Når ytinga vert motteken gjennom ein tredjepart, har det likevel vore uklårt om det er arbeidsgjevar eller tredjeparten som har desse pliktene.

Uvissa om ansvaret for rapportering m.m. er eit problem både for næringslivet og skattestyresmaktene. Ho gjer det mindre føreseieleg og

svekkjer rettstryggleiken. Vidare medfører uvissa at ein del skattepliktige ytingar ikkje vert rapporterte, og at skattytarar vert behandla ulikt. Sivilombodsmannen har i ei klagesak oppmoda lov-gjevar til å avklare det prinsipielle spørsmålet om kven som er rapporteringspliktig m.m.

2.3.2 Gjeldande rett

Skatteplikt

Ytingar i arbeidsforhold er skattepliktige, og det er ikkje avgjerande kven den tilsette tek imot ytinga frå. Det avgjerande for skatteplikt er om ytinga står i tilstrekkeleg samanheng med arbeidsforholdet til at ho kan reknast som «vunnet ved arbeid», jf. skatteloven § 5-10, jf. § 5-1.

Spørsmålet om det er skatteplikt, må ein i utgangspunktet avgjere på grunnlag av dei faktiske omstenda i kvar sak.

Skatteplikta omfattar mellom anna gåver som går ut over skattefritaka for enkelte gåver i arbeidsforhold, og fritaket for private ytingar i samband med kundepleie.

Skatteplikta omfattar òg rabattar til tilsette frå arbeidsgjevar sine forretningspartnerar, når dei tilsette får større rabattar enn dei elles kunne fått utan arbeidsforholdet.

Vidare omfattar skatteplikta rabattar o.l. frå andre tredjepartar som arbeidsgjevar forhandlar fram eller på annan måte gjer tilgjengeleg for dei tilsette, når rabattane er større enn det dei tilsette kunne fått utan arbeidsforholdet. Det er ikkje ein føresetnad for skatteplikt at arbeidsgjevar kompenserer tredjeparten økonomisk eller på annan måte.

Flybonuspoeng som er tente opp på reiser som er dekte av arbeidsgjevar, og som vert brukte privat, vert rekna som ein fordel vunnen ved arbeid og er skattepliktig. Det same gjeld privat bruk av andre rabattar, «kickback» o.l. som ein har fått gjennom kjøp i arbeidsforholdet som er refunderte av arbeidsgjevar.

Plikt til å gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og svare arbeidsgjevaravgift

Den tilsette har sjølv plikt til å sjå til at mellom anna løn og andre fordelar ho eller han får i arbeidsforholdet, er med i skattemeldinga, sjå skatteforvaltningsloven §§ 8-1 og 8-2. Fordelar av arbeid som ikkje er rapporterte inn av arbeidsgjevar, må den tilsette sjølv melde frå om til skattestyresmaktene.

Skatteforvaltningsloven § 7-2 gjeld opplysningsplikt for arbeidsgjevar om løn m.m. Den som sjølv eller gjennom andre i ein kalendermånad har utbetalt eller ytt nærare fastsette fordelar, skal gje opplysningar om alt som er ytt til den enkelte motakaren. Opplysningane skal verte gjevne etter reglane i a-opplysningsloven, og inngår dermed i den såkalla a-ordninga. Etter skatteforvaltningsloven § 7-2 fyrste ledd bokstav a skal det verte gjeve opplysningar om løn og anna godtgjersle for arbeid. Opplysningsplikta etter bokstav a gjeld godtgjersle for arbeid i arbeidsforhold, og dessutan godtgjersle for arbeid utanfor arbeidsforhold som ikkje er utført som ledd i næringsverksemd. Opplysningsplikta gjeld uavhengig av kva ytinga består i, og omfattar òg naturalytingar.

Etter skatteforvaltningsforskrifta § 7-2-2 er naturalytingar som i sin heilskap er skattefrie, som hovudregel ikkje omfatta av opplysningsplikta.

Når ein arbeidstakar gjer private kjøp med flybonus eller andre bonusytingar som er tente opp som følgje av reiser dekte i arbeidsforholdet, går det fram av Skatteforvaltningshandboka at det er arbeidsgjevar som skal gje lønsopplysningar om ytinga. Opplysningsplikta gjeld òg der bonuspenga vert tente opp på ein bonuskonto som står i namnet til arbeidstakaren.

Skattebetalingsloven § 5-4 fyrste ledd slår fast at arbeidsgjevar av eige tiltak pliktar å gjere forskotstrekk i samsvar med det skattekortet som til ei kvar tid gjeld, og i samsvar med reglane i kapittel 5 i lova. Kven som vert rekna som arbeidsgjevar etter skattebetalingsloven, er definert i § 4-1 fyrste ledd bokstav c. Arbeidsgjevar er den som sjølv eller ved fullmektig utbetaler løn eller anna godtgjersle eller ytingar som det skal gjerast forskotstrekk eller utleggstrekk i.

Etter skattebetalingsloven § 5-6 fyrste ledd bokstav a, er hovudregelen at det skal gjerast forskotstrekk i skattepliktig løn og andre ytingar som er omfatta av skatteloven § 5-10. Naturalytingar er i utgangspunktet skattepliktige etter skatteloven § 5-10, jf. skatteloven § 5-1, og omfatta av trekkplikta. Skattefrie naturalytingar er ikkje omfatta av trekkplikta.

Folketrygdloven § 23-2 fyrste ledd slår fast at arbeidsgjevaren skal betale arbeidsgjevaravgift av løn og anna godtgjersle for arbeid og oppdrag i og utanfor arbeidsforhold som vedkomande pliktar å rapportere etter skatteforvaltningsloven § 7-2. Når det gjeld naturalytingar, er det bestemt at arbeidsgjevaren skal betale arbeidsgjevaravgift så langt naturalytingane skal takast med ved berekninga

av forskotstrekk etter skattebetalingsloven, jf. folketrygdloven § 23-2 tredje ledd.

Det eksisterer ulike tolkingar av ordlyden i skatteforvaltningsloven § 7-2 fyrste ledd bokstav a og skattebetalingsloven § 4-1 fyrste ledd bokstav c. Det gjeld kven som har plikt til å gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift når tilsette tek imot skattepliktige ytingar frå andre enn arbeidsgjevar gjennom arbeidsforholdet.

Definisjonen av omgrepet arbeidsgjevar i skattebetalingsloven § 4-1 bokstav c, er betydeleg vidare enn det som til vanleg er forstått med omgrepet arbeidsgjevar.

I tilfelle der tilsette tek i mot skattepliktige ytingar i samband med kundepleie, gjennom ein tredjepart, finst det noko praksis med å gjere tredjeparten ansvarleg.

Sivilombodsmannen behandla i 2012 ei klage på eit vedtak treft av Skatteetaten der tredjeparten vart pålagt arbeidsgjevarpliktene. Ei bedrift som arrangerte ei reise med forretningspartnarar, vart pålagt gjennom summarisk samsoppgjær å betale skatt og arbeidsgjevaravgift for deltakarar som var inviterte med på grunnlag av stillinga si i ei anna bedrift. Sivilombodsmannen hadde ikkje avgjerande rettslege innvendingar mot resultatet i saka. Ombodsmannen gjennomgjekk rettspraksis og administrativ praksis, og peika like fullt på at gjeldande rett med å leggje pliktene på tredjeparten, og ikkje arbeidsgjevar, byggjer på eit meir usikkert rettsleg fundament enn det som er allmenn anteke. Ombodsmannen oppmoda lovgjevar til å gjennomgå og avklåre dette prinsipielle spørsmålet.

2.3.3 Høyringa

Skattedirektoratet sende på høyring framlegg til forbetringar av regelverket for naturalytingar 21. desember 2016 med høyringsfrist 21. mars 2017. I tillegg til framlegget omtalt nedanfor om arbeidsgjevarpliktene for ytingar frå tredjepart, inneheldt høyringa endringane som er omtalte i punkt 2.4, utanom fjerning av skattefritaket for arbeidsgjevarfinansiert barnehageplass for tilsette sine barn som er omtalt i punkt 2.4.7.

Høyringsframlegga vart sende til 73 instansar. 21 instansar har gjeve realitetsmerknader:

- Arbeidsgiverforeningen Spekter
- BDO Advokater AS
- Finans Norge
- Hovedorganisasjonen Virke
- Infotjenester
- KPMG Law Firm

- KS Bedrift
- KS
- Landsorganisasjonen Norge
- NHO
- Norges Kemner- og kommuneøkonomers forbund
- Olje- og energidepartementet
- PWC
- Regnskap Norge
- Revisorforeningen
- Sjøfartsdirektoratet
- Skattebetalerforeningen
- Sticos
- Storbedriftenes skatteforum
- Visma Software AS
- Økonomiforbundet

Det vart foreslått å avklåre at det er arbeidsgjevar som skal gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift av skattepliktige ytingar som arbeidstakar tek imot frå andre (tredjepartar) gjennom arbeidsforholdet.

Det vart framheva at arbeidsgjevar ikkje skal verte pålagd reaksjonar eller sanksjonar for brot på plikta, dersom arbeidsgjevar har gjort det som rimelegvis kan forventast for å sørgje for at arbeidstakarar og tredjepartar gjev slike opplysningar.

Det vart foreslått å ta inn i skattebetalingsloven § 5-4 at arbeidsgjevaren i arbeidsforholdet har trekkplikta i slike høve. Det vart òg foreslått å ta inn ei tilsvarende føresegn i skatteforvaltningsloven § 7-2 andre ledd for å avklåre at arbeidsgjevaren har plikta til å gje lønsopplysningar om skattepliktige ytingar arbeidstakar tek imot frå andre gjennom arbeidsforholdet.

Mange høyringsinstansar er positive til at Skattedirektoratet tek initiativ til å klårgjere regelverket.

19 høyringsinstansar har uttalt seg om framlegget om å avklåre at det er arbeidsgjevar som skal gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift av skattepliktige ytingar den tilsette tek imot gjennom arbeidsforholdet frå andre (tredjepartar).

KPMG, KS, DFØ, Sticos og Norges Kemner- og kommuneøkonomers forbund støttar i hovudsak framlegget. *KPMG* uttaler at dei er einige i at regelverket er uklårt, og at det er behov for å klårgjere regelverket. Slik dei ser det, vil den valde løysinga med at pliktene ligg på arbeidsgjevar, gje den naudsynte klårgjeringa.

Fleire ynskjer ei nærare avgrensing av kva slags ytingar frå tredjepartar som er omfatta av skatteplikta etter gjeldande rett, og som vil vere

omfatta av arbeidsgjevar sine plikter etter framlegget. Fleire kjem med framlegg til avgrensingar av kva slags ytingar arbeidsgjevar bør ha ansvar for, særleg når det gjeld rabattar dei tilsette tek imot gjennom arbeidsforholdet. *Storbedriftenes skatteforum* foreslår til dømes at arbeidsgjevar ikkje bør ha ansvar for ytingar dei tilsette tek imot frå tredjepartar som arbeidsgjevar sjølv ikkje har initiert eller på annan måte bidrege til.

Ein stor del av høyringsinstansane meiner framlegget medfører auka bruk av ressursar og auka administrative kostnader for arbeidsgjevarar med tilsette som tek imot naturalytingar. Auka bruk av ressursar oppstår som følgje av at arbeidsgjevar må halde oversikt over og registrere rabattar og andre naturalytingar som dei tilsette tek imot frå/gjennom forretningspartnarar, som leverandørar, kundar og andre tredjepartar, og verdsette ytingane.

NHO er i utgangspunktet positive til å klårgjere kven som skal ha pliktene, men peiker på at det vil vere ein velgrunna tvil om skatteplikta for mange ytingar som er tekne imot frå tredjepartar, særleg der ytingane verken er initierte eller formidla av arbeidsgjevar.

NHO, Storbedriftenes skatteforum og Virke ber om ei klårgjering av når rabattar frå tredjepartar er skattepliktige for mottakaren grunna tilknytning til eit arbeidsforhold.

Fleire er kritiske til framlegget og meiner tredjeparten eventuelt må påleggjast opplysningsplikt til arbeidsgjevar om ytingane, for å støtte ei slik samling av pliktene. Fleire meiner at ei slik plikt bør verte lovfesta. *KPMG, DFØ og Sticos*, som støtter framlegget, meiner òg at tredjeparten må verte pålagd ei opplysningsplikt til arbeidsgjevar. *NHO* meiner at ein òg bør vurdere å lovfeste ei plikt for den tilsette til å opplyse arbeidsgjevaren sin om slike ytingar. *Økonomiforbundet* uttalar at det er ein mangel ved høyringa at det ikkje er grundigare granska kor store ressursar som vil gå med for arbeidsgjevar/rekneskapsførar til å følgje opp nye rutinar dersom framlegga vert vedtekne. *PWC* meiner framlegget vil svekkje rettstryggleiken til arbeidsgjevarane. *PWC* meiner at dersom framlegga vert vedtekne, bør det verte mogleg for arbeidsgjevar å verte fri ansvaret, til dømes ved å rapportere til skattekontoret dersom tredjeparten gjev mangelfull informasjon. *KS, BDO Advokater, Norges Kemner- og kommuneøkonomers forbund og Visma* meiner at dersom framlegget vert vedteke, bør tredjepart gjerast solidarisk ansvarleg for å tryggje at tredjeparten gjev tilstrekkeleg informasjon om ytinga til arbeidsgjevar. I høyringa var dette ikkje ein del av framlegga, men det vart kort

omtalt som eit mogleg solidaransvar der tredjeparten kan verte ansvarleg for arbeidsgjevaravgifta og manglande innbetalt forskotstrekk når opplysningar om ytinga ikkje er gjevne til mottakarens arbeidsgjevar.

Ein del instansar meiner at pliktene etter gjeldande rett er pålagde tredjeparten, og at dette bør først vidare. *Revisorforeningen* er einige i at det er argument som taler for at arbeidsgjevar bør ha ansvaret, men at det ut frå omsynet til rettstryggleiken ikkje er rett og rimeleg å frita den som gjev fordelene – tredjeparten – frå både opplysningsplikta og sanksjonar, og plassere dette ansvaret på arbeidsgjevar. Dei uttaler òg at dei ikkje kan sjå at det er noko i vegen for å forskriftsfeste at partane seg i mellom kan avtale kven som skal ha ansvaret for desse pliktene. *PWC* viser til at tredjepartar ikkje i alle tilfelle ynskjer å gje frå seg detaljert informasjon om prisar, rabattavtalar, kostnader, reiseprogram m.m. som arbeidsgjevaren må ha for å kunne gjere riktige vurderingar.

Arbeidsgiverforeningen Spekter meiner at arbeidsgjevar bør kunne verte pålagd å leggje til rette for at skattepliktige ytingar som arbeidstakarane tek imot gjennom arbeidsforholdet frå tredjepartar, vert skattlagde, men at ansvaret for at det faktisk skjer, må ligge hos den enkelte tilsette.

Infotjenester er ikkje einige i at dagens reglar er uklære, og meiner at ein tredjepart som gjev ei trekkpliktig yting, skal reknast som arbeidsgjevar etter dagens reglar om trekkplikt, opplysningsplikt og arbeidsgjevaravgift m.m. Dei peiker likevel på at tredjepartar normalt ikkje overheld desse pliktene i slike tilfelle. *Norges kemner- og kommunøkonomers forbund* viser òg til at skattepliktige rabattar frå tredjepartar i liten grad vert rapporterte til skattestyresmaktene.

LO uttaler seg ikkje spesifikt om dette framlegget, men har i høyringsmerknaden sin følgjande innleiande kommentar:

«LO mener personalrabatter og naturalytelser bør være regulert på en slik måte at det begrenser arbeidsgivers mulighet til å benytte det som deler av avlønning av ansatte. Hovedprinsippet må være at arbeidstaker betales en anstendig ordinær lønn, med opptjening av pensjon, sykepenger og feriepenger.»

Virke er kritiske til at arbeidsgjevar vert pålagd desse pliktene. Dei minner om at ytingar som tilsette tek imot frå tredjepartar, omfattar ulike former for ytingar, slik som gåver, reiser, rabattar m.m. frå arbeidsgjevaren sine forretningspartnarar, samarbeidspartnarar eller andre. Dei meiner

det er ein viktig skilnad mellom ytingar som arbeidsgjevar har kontroll over, og dei tilfella der ytingar vert gjevne til den tilsette utan at det er bestemt av arbeidsgjevar, eller ligg innanfor arbeidsgjevaren sin kontroll. Krava som vert stilte til arbeidsgjevar, bør vere slik at pliktene kan oppfyllest ved hjelp av enkle prosedyrar. *Virke* viser òg til at tredjepartar ofte gjev rabattar ut frå eit ynskje om å profilere seg overfor verksemdar og deira tilsette, uavhengig av om arbeidsgjevaren tek initiativ til rabattavtalen. Dei viser vidare til at tilsette får rabattar gjennom medlemskap i fagfagørslar, interesseorganisasjonar og liknande. *Virke* meiner avgrensinga kan gjerast ved å stille som eit vilkår for skatteplikt at rabatten er kopla saman med motytingar frå arbeidsgjevaren.

KS Bedrift er skeptiske til framlegget. Dei stiller spørsmål ved at arbeidsgjevar skal betale arbeidsgjevaravgift av ei gåve eller anna yting som ein arbeidstakar har fått frå ein tredjepart. Vidare meiner dei det er ei administrativ forvanskning at arbeidsgjevar må skaffe seg oversikt over verdien av ei yting for å gjere pliktene, og at det særleg vil kunne by på utfordringar for mindre bedrifter utan, eller med avgrensa, administrative ressursar.

Sjøfartsdirektoratet meiner framlegget vil verte vanskeleg å kontrollere og handheve, og fryktar auka fare for misleghald ved at gjevar vert friteken for ansvar. Dei meiner òg at bonuspoeng på flyreiser bør først tilbake til arbeidsgjevar.

NHO meiner ytingane bør rapporterast inn éin gong per år. Dei meiner at framlegget om å forlenge fristen for å rapportere med to månader vert for kort tid for arbeidsgjevar til å gjere pliktene.

2.3.4 Vurderingar og framlegg frå departementet

Skatteplikt for rabattar

I høyringa framheva mange av høyringsinstansane at det kan vere uvisst kva som er skattepliktig, og dermed òg rapporteringspliktig m.m., når tilsette tek imot ytingar i arbeidsforholdet frå tredjepartar. Denne uvissa gjer etter deira mening at det kan vere uheldig om arbeidsgjevar skal ha plikt til å gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift av ytingane.

Mykje av uvissa vil ofte vere knytt til om det er tilstrekkeleg samanheng mellom arbeidsforholdet og den ytinga som vert gjeven. Dette gjeld særleg for rabattar som arbeidsgjevar i liten grad har medverka til at dei tilsette får tilgang til.

Spørsmålet om skatteplikt må i utgangspunktet avgjerast konkret på grunnlag av ei samla vurdering av alle faktorane i kvar sak. Er ytinga skattepliktig, skal ho rapporterast inn m.m. Dette må liggje fast.

Departementet er likevel samd i at grensa mellom skattefrie og skattepliktige rabattar kan gjerast klårare. Departementet legg til grunn at skatteplikta vert innskrenka noko for å gjere det enklare å avgjere når rabattar er skattepliktige som følgje av tilknytning til arbeidsforholdet.

Departementet legg til grunn at skatteplikt og rapporteringsplikt m.m. skal gjelde for rabattar som tilsette får frå arbeidsgjevar sine forretningspartnarar. Departementet presiserer at forretningspartnar her vert nytta som eit omfattande omgrep. I tillegg til leverandørar og kundar av arbeidsgjevaren, er omgrepet meint å omfatte alle partar som arbeidsgjevar har inngått avtale om kjøp eller sal av varer eller tenester med. Det vil òg omfatte rabattar som tilsette tek imot frå tredjepartar når den tilsette kjøper varer eller tenester frå tredjeparten på vegner av arbeidsgjevaren, og deretter får kostnadene refunderte. Dette vil til dømes gjelde privat bruk av bonuspoeng som den tilsette har tent opp ved kjøp av flybillett til tenestereise når arbeidsgjevar har refundert billett-kostnaden.

Rabattar på varer og tenester tilsette tek imot frå andre enn slike forretningspartnarar, vil vere skattepliktige dersom arbeidsgjevar yter noko tilbake til tredjeparten for at dei tilsette skal få prisavslaget. Det vil ikkje vere skatteplikt eller rapporteringsplikt m.m. for rabattar frå slike partar når arbeidsgjevar ikkje gjer meir enn å formidle rabatttilbod til dei tilsette.

Slike rabattar som er omtalde ovanfor må vere skattepliktige, fordi det elles ville vore lett å unngå skatteplikt m.m. for naturalytingar. Det kunne til dømes skje ved å la dei tilsette få rabattar hos ein tredjepart i staden for direkte frå arbeidsgjevaren. Etter det departementet er kjent med, er det ikkje uvanleg i dag at tilsette får rabattar ved kjøp hos arbeidsgjevar sine kundar eller leverandørar. Skattefridom i desse tilfella ville dermed ha vore ei stor svakheit ved reglane.

Einsidige marknadsføringstiltak eller liknande frå tredjepartar som ikkje er forretningspartnarar, vil ikkje utløyse skatteplikt. Såkalla nabolagsrabattar, som verksemdar tilbyr til tilsette i verksemdar i nærområdet i profilerings-sammenheng, vil til dømes normalt vere ei form for marknadsføringsrabatt som ikkje utløyser skatte- eller rapporteringsplikt.

Plikt til å gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift

Som nemnt over er naturalytingar i arbeidsforhold som hovudregel skattepliktige, med plikt til å gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift av ytingane. Lovverket trygjer likevel ikkje at dette alltid skjer, fordi det er uvisse om kven desse arbeidsgjevarpliktene kviler på når tilsette tek imot ytingane frå ein tredjepart. Mykje tyder på at mange arbeidsgjevarar ikkje er kjende med at ytingar til tilsette frå ein tredjepart medfører plikter til rapportering m.m. Det medfører at ytingane i ein del høve ikkje vert rapporterte inn og skattlagde når det er uklårt om pliktene ligg på arbeidsgjevar eller tredjeparten. Der dei ikkje vert skattlagde, vil den tilsette heller ikkje tene opp feriepengar eller rett til pensjon m.m. av desse verdiane.

Uvissa om kven som har ansvaret for å rapportere m.m. er eit problem både for arbeidsgjevarar, tilsette og for skattestyresmaktene. Arbeidsgjevarane opplever dette mindre føreseieleg, og får dermed svekt rettstryggleik. Det gjeld òg for tredjepartar, jf. omtale av saka som vart klaga inn til Sivilombodsmannen i punkt 2.3.2. For dei tilsette kan det vere uklårt om ytingar vert rapporterte inn av arbeidsgjevar, eller om arbeidstakar må gjere det sjølv på skattemeldinga.

Idretten har òg vore opptekne av at uvissa gjer at ein del store og seriøse næringslivsaktørar avstår frå å nytte kultur og idrett som ein arena for kundepleie, og at dette gjer at frivillig sektor taper inntekter frå slike arrangement.

Desse pliktene er i alle høve slik at det bør kome klårt fram av lovverket kven dei kviler på. Departementet viser òg til oppmodinga frå Sivilombodsmannen til å avklare reglane.

Ei effektiv skattlegging av ytingar i arbeidsforhold avheng i aukande grad av at ytingane vert rapporterte inn til styresmaktene av arbeidsgjevar. Dette kjem dels av at det kan vere krevjande for den tilsette å avgjere om ei yting er skattepliktig eller ikkje, og kva verdi ytinga har. Den tilsette vil ofte heller ikkje ha eit system der slike ytingar kan registrerast gjennom året. For den tilsette vil det difor vere krevjande å halde den naudsynte oversikta over skattepliktige naturalytingar, og å rapportere dei i skattemeldinga. Dette gjeld ikkje minst i høve der den tilsette får skattepliktige ytingar gjennom arbeidsgjevaren sine kundar eller leverandørar.

Departementet legg difor til grunn at skattepliktige ytingar vunne i arbeidsforhold så langt

som mogleg må rapporterast til skattestyresmak-
tene av andre enn den tilsette sjølv.

Slik departementet ser det, er det prinsipielt
riktig å leggje til grunn at ytingar som er skatte-
pliktige fordi dei er mottekne som følge av eit
arbeidsforhold, jf. skatteloven § 5-1, jf. § 5-10, vert
rekna som ytte frå arbeidsgjevaren.

Arbeidsgjevaren er den som har den direkte
fordelen av den tilsette sin arbeidsinnsats, og der-
med auka innsats, motivasjon m.m. som følge av
ytingar den tilsette tek imot gjennom arbeidsfor-
holdet.

Det same gjeld etter departementet si vurde-
ring òg av praktiske grunnar. Det er så nær
samanheng mellom pliktene til å gje opplysningar
om løn, gjere forskotstrekk og å betale arbeids-
gjevaravgift at dei bør liggje på det same subjek-
tet, òg der ytingane kjem gjennom ein tredjepart.

Tredjeparten vil likevel i mange tilfelle ha
betre oversikt enn arbeidsgjevaren over den
ytinga som er gjeven, noko som isolert sett kan
tale for å leggje pliktene på tredjeparten. Tredje-
partar vil likevel ofte ikkje kunne avgjere om
ytinga er skattepliktig for mottakaren. Dette gjeld
til dømes flybonus, der selskapet som administ-
rerer bonuspoenga normalt ikkje vil vite om bonus-
poeng er opptente privat eller i teneste, eller om
dei vert nytta til private eller tenestlege formål.
Tilsvarende gjeld for andre rabattar/bonusar/
«kick back» arbeidstakar tener opp gjennom kjøp
på vegner av arbeidsgjevar.

Arbeidsgjevar er òg nærast til å vite om ei gåve
frå ein forretningspartnar er skattefri etter
reglane om skattefritak for enkelte gåver i
arbeidsforhold, eller om gåva er skattepliktig. Det
er vidare arbeidsgjevar som veit om gåva vert
nytta privat av ein tilsett, eller om gåva tilkjem
bedrifta. Det same gjeld ved deltaking på eit arran-
gement/reise arrangert av ein forretningspartnar,
der den tilsette kan ha fått konkrete oppgåver av
sin arbeidsgjevar som har innverknad på avgjerda
om skatteplikt.

Lovtolkinga i praksis med å leggje plikter på
tredjeparten i kundepleietilfella, jf. omtalen av
saka som vart klagt inn til Sivilombodsmannen,
medfører fleire praktiske utfordringar. Det er
praktisk vanskeleg for tredjeparten å rapportere
inn, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevar-
avgift for ein som er tilsett i ei anna verksemd. Det
er mellom anna behov for fleire opplysningar om
den skattepliktige for å oppfylle pliktene etter a-
opplysningsloven. Ved rapporteringa skal inn-
tekstmottakaren identifiserast i tilstrekkeleg grad.
For personleg skattepliktige skal det opplysast om
fødselsnummer. Lønsopplysningar, opplysningar

om arbeidsgjevaravgift og opplysningar om gjen-
nomført forskotstrekk skal verte gjevne i same
melding gjennom a-ordninga. Det er arbeids-
gjevar som har desse naudsynte personopplysnin-
gane, skattekort m.m. Ein tredjepart vil heller
ikkje ha kontante ytingar å trekkje skatt i.

Det kan òg reisast prinsipielle innvendingar
mot at ein kunde eller leverandør skal fungere
som arbeidsgjevar for andre sine tilsette. Departe-
mentet viser òg til at avgrensinga av skatteplikta
for rabattar vil gjere av med mykje av den uvissa
rundt skatteplikta for rabattar som tilsette tek
imot frå tredjepartar som høyringsintansane har
framheva.

Arbeidsgjevar vil vidare, uavhengig av dei
skattemessige pliktene, truleg ynskje å ha gode
rutinar for å ha oversikt over kva den tilsette tek
imot av ytingar frå tredjepartar, mellom anna for å
sikre seg mot korrupsjon og å verne seg mot anna
uheldig påverking.

Plikta for den tilsette til å gje opplysningar til
sin arbeidsgjevar om ytingar som er tekne imot
gjennom arbeidsforholdet, kan takast inn i
arbeidsreglement. Arbeidsgjevar har òg mogleg-
heit til å bestemme at dei tilsette ikkje skal ta imot
slike ytingar frå tredjepartar, eller setje vilkår for å
avgrense dei tilsette sine moglegheiter til å ta imot
gåver, delta på arrangement eller reise av privat
karakter med forretningspartnarar m.m. Når det
gjeld tilsette i staten, kan dei til dømes ikkje nytte
bonus eller andre liknande fordelar opparbeidde
gjennom tenestereiser privat. Privat bruk vert
rekna som brot på tenestepliktene til arbeidstaka-
ren.

I tilfelle der tilsette opplyser arbeidsgjevar om
å ha motteke ei naturalyting frå ein tredjepart,
men tredjeparten ikkje bidreg med naudsynte
opplysningar, bør arbeidsgjevar overfor skattesty-
resmaktane kunne vise til at arbeidsgjevar og den
tilsette har fastsett verdien av ytinga basert på dei
opplysningane dei har. Det kan til dømes vere invi-
tasjonar, reiseruter, program m.m. eller at dei har
funne omsetjingsverdien for ein gåvegjenstand.

Departementet understrekar at arbeidsgjevar
ikkje skal kunne påleggjast reaksjonar eller sank-
sjonar for brot på pliktene dersom arbeidsgjevar
har gjort det som med rimelegheit kan ventast for
å sørge for at tilsette og tredjepartar gjev slike
opplysningar.

Det gjeld til dømes dersom arbeidsgjevar har
fastsett i arbeidsreglementet at dei tilsette pliktar
å opplyse arbeidsgjevar om ytingar dei tek imot
frå tredjepartar. Dersom ein tilsett likevel ikkje
oppfyller denne plikta overfor arbeidsgjevar, og
arbeidsgjevar heller ikkje burde ha oppdaga for-

holdet på anna vis, må forholdet verte rekna for unnskyldeleg frå arbeidsgjevar si side, slik at det ikkje skal leggjast tilleggsskatt på arbeidsgjevaravgifta.

Arbeidsgjevars ansvar for rapportering av ytingar tilsette tek imot gjennom tredjepartar vil òg kunne verke forenklande for dei tilsette. Dette vil vere tilfellet for tilsette som i dag sjølve må berekne og rapportere inn dei skattepliktige fordelane i skattemeldinga dersom arbeidsgjevar ikkje rapporterer dei inn.

Med den avgrensinga av skatteplikta som er omtalt framfor, og dei omsyna som er gjennomgått, meiner departementet at arbeidsgjevar må ha pliktene til å gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og svare arbeidsgjevaravgift i tilfelle der tilsette tek imot skattepliktige ytingar i arbeidsforholdet gjennom andre.

Departementet viser til at arbeidsgjevar i mange tilfelle vil vere avhengig av opplysningar frå tredjeparten for å kunne oppfylle pliktene.

Desse opplysningane er naudsynte for å kunne vurdere om ytinga er skattepliktig og å verdsetja og tidfeste naturalytinga på riktig måte, og dermed rapportere riktige opplysningar til korrekt tid, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift med riktig beløp.

Fleire høyringsinstansar meiner at det bør innførast ei lovfesta plikt for tredjeparten til å gje opplysningar til arbeidsgjevar, jf. omtale i punkt 2.3.3. Ei slik opplysningsplikt er av fleire instansar foreslått kombinert med eit økonomisk ansvar for tredjeparten ved opplysningssvikt. Det var ikkje ein del av framlegget i høyringa, men var omtalt i høyringa som eit mogleg solidaransvar ved at tredjeparten vert gjort ansvarleg for arbeidsgjevaravgifta og forskotstrekkbeløpet, og ev. kan verte pålagd administrative reaksjonar dersom tredjeparten ikkje gjev tilstrekkelege opplysningar til arbeidsgjevar.

Ei slik opplysningsplikt overfor ein annan privat aktør vil etter vurderinga til departementet skilje seg klårt frå pliktene til å gje opplysningar til styresmaktene.

Departementet legg til grunn at arbeidsgjevar har fleire metodar for å sikre at tredjeparten gjev dei opplysningane som er naudsynte for å rapportere inn ytinga m.m. I dei tilfella arbeidsgjevar gjev løyve til at tilsette tek imot ytingar gjennom forretningspartnarar, kan arbeidsgjevar stille krav i forretningsavtalen om at tredjeparten gjev arbeidsgjevar dei opplysningane som er naudsynte for å ivareta sine skattemessige plikter. Departementet reknar vidare med at tredjeparten og arbeidsgjevar har sams interesse i at arbeids-

gjevar får riktige opplysningar om ytinga, og at tredjeparten difor vil medverke til dette. Det vert òg lagt til grunn at klårgjeringa i regelverket av at ansvaret kviler på arbeidsgjevar, vil bidra til at det vert ein etablert praksis i næringslivet for at tredjepartar som gjev skattepliktige ytingar til tilsette i andre verksemdar, gjev beskjed til arbeidsgjevar. Departementet meiner òg at behovet for ei slik opplysningsplikt vert redusert når skatteplikta for rabattar gjennom tredjepartar vert avgrensa som foreslått framfor. Departementet foreslår difor ikkje å innføre ei slik lovfesta plikt for tredjeparten no. Skattestyresmaktene bør likevel følge med på utviklinga i praksis når framlegga har trådd i kraft.

Departementet legg vekt på at pliktene skal vere enklast mogleg å praktisere for arbeidsgjevarane. Dersom rapporteringsplikta m.m. gjev urimelege utslag i nokre høve eller for nokre typar ytingar som arbeidstakar tek imot gjennom tredjepart, vil departementet vurdere ytterlegare justeringar.

Departementet gjer merksam på at arbeidsgjevar naturlegvis ikkje skal ha arbeidsgjevarpliktene dersom det ligg føre ein arbeidsavtale mellom arbeidstakar og ein annan tredjepart som gjev ytingar til arbeidstakaren. Når ein tilsett tek imot ytingar frå arbeidsgjevar sine forretningspartnarar eller andre tredjepartar, vil det avgjerande vere om ytinga vert teken imot av arbeidstakar på grunn av stillinga hos arbeidsgjevar. Skal ein forretningspartnar/tredjepart kome i arbeidsgjevaransvar, må det vere ein sjølvstendig avtale mellom forretningspartnaren og arbeidstakaren om det arbeidet/oppdraget som skal utførast for tredjeparten.

Tidfesting av ytingane og frist for rapportering

Det generelle utgangspunktet for tidfesting av arbeidsinntekt følgjer av skatteloven § 14-3, ved at ytingene skal verte tekne til inntekt i det året då «beløpet utbetales eller ytelsen erlegges, eller i tilfelle på det tidlige tidspunkt da det oppstår adgang til å få beløpet utbetalt eller ytelsen erlagt». Ved rapportering etter a-opplysningsloven skal ytingane rapporterast for den kalendermåna- den dei vert mottekne. Fristen for rapportering er den 5. i månaden etter den månaden ytinga vert motteken, jf. a-opplysningsforskrifta § 2-1. Forskotstrekk skal gjerast når det oppstår tilgang for skattytaren til å få godtgjersla utbetalt, jf. skattebetalingsloven § 5-10. Utgangspunktet for verdsettjing, forskotstrekk og rapportering er såleis at pliktene inntreffer når den tilsette tek imot ytinga.

I høyringa vart det foreslått å forlengje fristen for rapportering med to månadar, for å gje arbeidsgjevar meir tid til å ta imot dei naudsynte opplysningane. Nokre høyringsinstansar meiner likevel det vert for kort frist, og at fristen bør forlengast ytterlegare. Med avgrensinga departementet legg til grunn, jf. om skatteplikta ovanfor, bør ei fristforlenging med to månader vere tilstrekkeleg. Departementet legg til grunn at tidfestinga av inntekta på dei tilsette si hand skal utsetjast tilsvarende der rapporteringa vert utsett. Dette gjer at ein unngår at arbeidsgjevarane må opne tidlegare periodar i a-ordninga for korrekt rapportering av slike ytingar.

Endring av lovtekst

Departementet foreslår at avklåringa av arbeidsgjevar sine plikter for ytingar i arbeidsforhold gjennom tredjepartar skjer gjennom endringar i skattebetalingsloven og skatteforvaltningsloven. Av framlegget til eit nytt andre punktum i skattebetalingsloven § 5-4 fyrste ledd går det fram at pliktene etter kapittel 5 i lova ligg på arbeidsgjevaren til den tilsette og når ytinga kjem gjennom ein tredjepart. Skattebetalingsloven bruker som nemnt omgrepet arbeidsgjevar i ei noko vidare tyding enn den allmenne arbeidsrettslege tydinga av ordet, slik at det etter skattebetalingsloven skal mindre til for å verte rekna som arbeidsgjevar i lovens forstand. Departementet foreslår difor å ikkje nytte omgrepet arbeidsgjevar i lovteksten. Det vert foreslått tilsvarende endringar i skatteforvaltningsloven § 7-2 andre ledd for å regulere at lønsopplysningsplikta i tilfelle med tredjepartsytingar, kviler på arbeidsgjevar.

Departementet viser til framlegg til endringar i skattebetalingsloven § 5-4 fyrste ledd og skatteforvaltningsloven § 7-2 andre ledd.

2.4 Forbetring av reglane om verdsetjing og einskilde naturalytingar

2.4.1 Verdsetjing av naturalytingar

Gjeldande rett

Naturalytingar vert verdsette til omsetjingsverdien, med mindre noko anna er bestemt, jf. skatte-loven § 5-12, jf. § 5-3. Etter praksis vert omsetjingsverdien forstått som den prisen som ein allmenn forbrukar må betale for tilsvarende vare eller teneste i marknaden.

Arbeidsgjevaren må avklåre kva som er omsetjingsverdien på tidfestingstidspunktet, jf. skatte-loven § 14-3, dvs. når arbeidstakaren tek imot naturalytinga, eller på det tidlegare tidspunktet når det oppstår tilgang for arbeidstakaren til å ta imot naturalytinga. Verdien av ei skattepliktig naturalyting er grunnlaget for arbeidsgjevaren når han gjer forskotstrekk etter skattebetalingsloven § 5-6 fyrste ledd bokstav a, rapporterer etter skatteforvaltningsloven § 7-2 nr. 1 bokstav a og betaler arbeidsgjevaravgift etter folketrygdloven § 23-2 tredje ledd.

Det er nokre unntak frå hovudregelen om verdsetjing til omsetjingsverdi, mellom anna for tilsette sine kjøp av varar og tenester som arbeidsgjevar sjølv har skaffa inn.

Eigentilverka varer, tenester og driftsmiddel m.m. i arbeidsgjevars bedrift eller som er kjøpte inn til drifta hos arbeidsgjevar, vert verdsette til den prisen (inkl. mva.) som arbeidsgjevar ville fått ved eit sal på den måten som er vanleg for bedrifta, jf. skattebetalingsforskrifta § 5-8-30 fyrste ledd bokstav a, b og c. Verdien av ei gjeven vare eller teneste vil dermed kunne variere etter kva ledd i omsetjingskjeda arbeidsgjevar høyrer til, ved at utsalprisen er lågare der arbeidsgjevar er produsent eller grossist, enn der arbeidsgjevar sel til sluttbrukar.

Varer og tenester m.m. som er «innkjøpt spesielt for arbeidstakerne» vert verdsette til verdien ved å skaffe vara eller tenesta (inkludert meirverdiavgift), jf. skattebetalingsforskrifta § 5-8-30 fyrste ledd bokstav b. Denne verdien vil i mange tilfelle vere lågare enn den prisen den tilsette måtte betalt hos ein ekstern forhandlar (omsetjingsverdien), slik at den tilsette nyt godt av den rabatten arbeidsgjevarar oppnår i kraft av sin posisjon i marknaden.

Framlegga som var på høyring

Det vart i høyringa gjort framlegg til klårgjering av reglane om verdsetjing av naturalytingar. Det vart foreslått å presisere i forskrift at omsetjingsverdien er den verdien som er allment tilgjengeleg for forbrukarar for same vare eller teneste. Rabattar som er tilgjengelege for forbrukarar, kan òg takast med i berekninga. Særreglane om verdsetjing til lågare pris omtala over, vart foreslått oppheva.

Oppsummering av høyringsfråsegna

Nær sagt alle høyringsinstansane støtter framlegga som var på høyring om å klårgjere og endre

reglane for verdsetjing av naturalytingar, irekna å oppheve særreglane om verdsetjing til lågare verdi. Dei er samde i at prisen i sluttbrukarmarknaden gjev riktig verdi.

Fleire av høyringsinstansane som støttar framlegget, meiner likevel at ein arbeidsgjevar med personalrabattordningar som ikkje sjølv omset i sluttbrukarmarknaden, vert påført meirarbeid med å halde oversikt over prisar og tilbod i sluttbrukarmarknaden for å verdsetje rabatten på varene/tenestene dei tilsette kjøper, jf. nedanfor i punkt 2.4.2 om personalrabattar.

Revisorforeningen støtter framlegget, men viser til at det vil medføre større undersøkings- og dokumentasjonskrav for alle bedrifter som ikkje sjølv omset vara eller tenesta i sluttbrukarmarknaden. Dei skriv likevel at det ikkje er ei ynskja utvikling at løn vert vridd til naturalytingar, og at ein kan argumentere for at arbeidsgjevarar som sel varer til dei tilsette, må akseptere denne byrda.

Arbeidsgiverforeningen Spekter meiner at det må vere den tilsette som har plikta til å dokumentere prisen i sluttbrukarmarknaden.

Virke, som i utgangspunktet støttar framlegget, har innspel til ei enklare form for dokumentasjon av prisen ved sal til tilsette, enn det framlegget som var på høyring.

Vurderingar frå departementet

Svakheitene ved gjeldande rett har i stor grad samanheng med at gjeldande særreglar kan føre til ulik verdsetjing av same vare eller teneste. Det medfører ulik behandling av skattytarar som er i same situasjon. Sjølv om desse reglane vart etablerte for å gjere verdsetjinga enklare, representerer dei ikkje ei slik forenkling i dag. Dei fører tvert om til at regelverket har vorte meir komplisert.

Dessutan varierer omsetjingsverdi (marknadspris) til forbrukarar i større grad enn tidlegare. Det har òg kome nye former for rabatt- og bonusordningar som ein kan hevde har redusert ordinær marknadspris. Desse forholda gjer det naudsynt med ei klårgjering av korleis verdien av naturalytingar skal fastsetjast når arbeidsgjevarar skal verdsetje dei.

For å klårgjere regelverket vil departementet nytte hovudregelen om verdsetjing til omsetjingsverdi i større grad, slik det var foreslått i høyringa. Dei særskilde reglane om verdsetjing i forskrift til skatteloven §§ 5-12 og 5-13, som til dømes gjeld fri bustad i utlandet og firmabil, skal framleis gjelde.

Som framstillinga framfor viser, har nær sagt alle høyringsinstansane slutta seg til framlegget i høyringa.

Departementet vil presisere i skattebetalingsforskriften at omsetjingsverdi er den prisen som er allment tilgjengeleg for forbrukarar for same vare eller teneste, det vil seie prisen i sluttbrukarmarknaden. Det kan ved verdifastsetjinga òg takast omsyn til rabattar og tilbodsprisar, dersom dei er allment tilgjengelege for forbrukarar uavhengig av arbeidsforholdet. Verdien av ytinga skal fastsetjast ut frå forholda på tidfestingstidspunktet, det vil seie når den tilsette tek i mot naturalytinga, eller på det tidlegare tidspunktet når det oppstår tilgang for den tilsette til å ta i mot ytinga.

For å likestille verdsetjinga av varer og tenester i dei ulike omsetjingsledda vil departementet oppheve unntaka om at eigentilverka varer, tenester og driftsmiddel m.m. i bedrifta til arbeidsgjevarar eller som er kjøpte inn til drifta hos arbeidsgjevarar vert verdsette til arbeidsgjevarar utsalspris. Departementet vil vidare oppheve særregelen om at varer eller tenester som er innkjøpt spesielt til dei tilsette, kan verdsetjast til arbeidsgjevarens anskaffingsverdi.

Formålet med å oppheve særreglane og å nytta hovudregelen om verdsetjing til omsetjingsverdi i størst mogleg grad, er å gjere reglane enklare og å oppnå lik verdsetjing av naturalytingar. Dette gjev ei meir riktig skattlegging av naturalytingar.

Departementet viser òg til at forbetringane i gjeldande skattefritak for personalrabattar føreset at rabattane vert verdsette til omsetjingsverdi i sluttbrukarmarknaden.

Til merknader frå enkelte av høyringsinstansane om meirarbeid med å undersøkje prisar i sluttbrukarmarknaden, viser departementet til at endringane ikkje vil medføre at arbeidsgjevarar har plikt til å påvise lågaste pris i sluttbrukarmarknaden, men at arbeidsgjevarar og tilsette vil ha rett til å leggje den lågaste prisen til grunn.

Skattedirektoratet vil i lys av høyringsinnspela vurdere kva krav som må gjelde til dokumentasjon av prisar.

Det er skjønsmessig lagt til grunn at endringa aukar provenyet med 20 mill. kroner frå 2019.

Endringane i reglane om verdsetjing vert gjort ved forskriftsendringar.

2.4.2 Skattefritaket for rimelege personalrabattar

Gjeldande rett

I utgangspunktet vil rabattar som skattytar tek imot gjennom arbeidsforholdet, og som ikkje er tilgjengelege for allmenne forbrukarar, verte

rekna som ein fordel vunnen ved arbeid og vere skattepliktig etter skatteloven § 5-10, jf. § 5-1.

I forskrift til skatteloven § 5-15-3 er det likevel gjeve eit avgrensa fritak frå skatteplikta for personalrabattar, på nærare gjevne vilkår. Vilkåra for skattefritak er at rabatten er «rimelig», og at vareuttaket «anses å dekke et vanlig privat forbruk». Vidare må vara «produseres eller omsettes i arbeidsgivers virksomhet». Skattefritaket gjeld etter ordlyden berre personalrabatt på varer, men det er lagt til grunn i praksis at føresegnene inntil vidare kan brukast tilsvarende for tenester.

Kva som utgjer ein «rimelig» rabatt er ei skjønnsbasert samla vurdering. Momenta i vurderinga er gjevne i Skatte-ABC under emne «Gaver og tilskudd i arbeidsforhold m.m.» punkt 4.

For at rabatten skal verte rekna som rimeleg, må han ikkje bringe prisen under arbeidsgjevarar kostpris inkl. indirekte kostnader. Rabatten må normalt ikkje vere større enn det som vert gjeve til storkundar. Vidare må det mellom anna takast omsyn til den prosentvise reduksjonen i pris som rabatten utgjer, og til den totale verdien av rabattar skattytar har oppnådd i løpet av inntektsåret.

For kjøp av betydelege kapitalgjenstandar som til dømes bil, båt og liknande, vert kjøp oftare enn kvart tredje år rekna for å overstige eit vanleg privat forbruk. Ved kjøp av slike gjenstandar kvart tredje år eller sjeldnare, må ein i alle høve vurdere om den konkrete rabatten kan reknast som rimeleg.

Dersom rabatten overstig grensa for skattefritak, dvs. overstig storleiken «rimelig», vil heile verdien av rabatten verte skattepliktig for den tilsette, med plikt for arbeidsgjevar til å gje lønsopplysningar, gjere forskotstrekk og betale arbeidsgjevaravgift.

Etter gjeldande regelverk skal verdsetjinga av personalrabattar skje med utgangspunkt i kva arbeidsgjevar alternativt kunne ha selt vara eller tenesta for på den måten som er vanleg i bedrifta, dersom han ikkje hadde selt med rabatt til eigne tilsette, dvs. utsalsprisen i arbeidsgjevarbedrifta, jf. omtale om gjeldande reglar for verdsetjing i punkt 2.4.1.

Føresegnene gjeld både for varer og tenester som er tilverka eller utførte av arbeidsgjevar, eller som er innkjøpte til drifta hos arbeidsgjevar, jf. skattebetalingsforskriften § 5-8-30 bokstav a, b og c. Vara eller tenesta kan elles verdsetjast til ein lågare verdi dersom arbeidsgjevar kan godtgjere at verdien av vara eller tenesta, når ho vert motteken av arbeidstakar, er påviseleg lågare enn normal verdi som følgje av sesongsvingingar, uku-

rans, forringing på grunn av alder m.m, jf. § 5-8-30 andre ledd.

Det er ikkje eit krav at naturalytingar som er skattefrie skal verte rapporterte inn, jf. skatteforvaltningsforskriften § 7-2-2. Arbeidsgjevar plikter såleis ikkje å levere opplysningar om personalrabattar som oppfyller vilkåra for skattefritak etter forskrift til skatteloven § 5-15-3.

I dei tilfella personalrabattar på varer eller tenester overstig eit rimeleg nivå, skal rabatten reknast som skattepliktig inntekt, og rapporterast inn av arbeidsgjevarar etter reglane i a-opplysningsloven.

Framlegga som var på høyring

Det vart i høyringa foreslått å forbetre gjeldande skattefritak for personalrabattar. Det vart foreslått at det skal vere ei øvre, samla, årleg beløpsgrense for personalrabattar som kan takast imot skattefritt, og at verdien av rabatten vert fastsett med utgangspunkt i allmenn omsetjingsverdi i sluttbrukarmarknaden. Rabatten kan ikkje overstige 50 pst. på den enkelte vara eller tenesta. Skattefritaket vil omfatte rabattar motteke gjennom arbeidsgjevarar kundar og leverandørar, men berre for varer og tenester som arbeidsgjevar omset. Vilkåret om at vara/tenesta vert omsett i arbeidsgjevarar verksemd, vert vidareført.

Oppsummering av høyringsfråsegna

Dei fleste høyringsinstansane som har uttala seg om framlegget, er einige i at det vil vere forenklande å innføre ei beløpsgrense.

Fleire høyringsinstansar understrekar at personalrabattar er viktige for å gje dei tilsette forståing og kunnskap om varer og tenester som vert omsette hos arbeidsgjevararen, rekruttering, auka lojalitet og produktprofilering. Mellom anna *NHO* skriv at innspel frå dei tilsette om korleis ei vare eller teneste vert oppfatta i sluttbrukarmarknaden kan brukast til produktforbetring.

KPMG støttar forslaget, og er einige i at dei gjeldande føresegnene er uklære. Etter deira syn vil ei øvre, samla beløpsgrense skape ein klår regel. Dei meiner beløpsgrensa bør setjast så høgt at ho ikkje vert strengare enn dagens regelverk. Dei skriv at verdsetjing til omsetjingsverdi i sluttbrukarmarknaden er ei meir rimeleg løysing, og at det er nærliggjande å rekne med at det vil gjere det enklare for arbeidsgjevarar å vurdere om dei samla rabattane gjennom året er innanfor skattefritaket.

LO er positive til framlegget og skriv at:

«I eksempelvis varehandelen er det utbredt å motta personalrabatter. Det gjelder blant annet innen salg av sportsutstyr, hvor rabattene kan være av betydelig størrelse og verdi. LO bemerker at slike rabatter ofte har høyere verdi for arbeidsgiver enn for arbeidstakere, og at en klar beløpsgrense for skattefritak er nyttig. Det er særlig ekstrahjelp med få arbeidstimer i uka som opplever at personalrabattene i stor grad kompenseres for lav lønn. Samtidig ønsker LO å påpeke at varehandelen er en bransje preget av hard konkurranse, og at mindre bruk av personalrabatter ikke nødvendigvis vil kompenseres med høyere lønn.»

Både *Virke* og *Finans Norge* skriv at dei er einige i at dagens skattefritak skaper uklære grensdragningar. Dei er likevel skeptiske til ei samla, øvre beløpsgrense, då dei meiner ei slik beløpsgrense ikkje tek omsyn til at næringane er ulike kva gjeld type varer og tenester. Dei skriv at for tilsette i næringar som hovudsakleg omset forbruksvarer, vil ei beløpsgrense gje stort rom for bruk av skattefrie personalrabattar, medan i bransjar som omset kapitalvarer vil ei beløpsgrense verke skatteskerpande. *Virke* viser til at i dei bransjane der beløpsgrensa vil verke skatteskerpande, vil arbeidsgjevarar i mindre grad kunne nytte egne tilsette til profilering. Dei meiner difor at beløpsgrensa bør variere mellom ulike næringar og bransjar.

Finans Norge meiner at uklårleikane i dagens reglar bør kunne løysast på ein annan måte, til dømes ved rettleiing som tydeleggjer dagens vilkår for skattefritak.

Skattebetalerforeningen meiner òg at ulike tilfelle kan gje grunnlag for ulike vurderingar, slik at det kan vere vanskeleg å gje ei samla beløpsgrense.

BDO Advokater foreslår at det vert opna for å «spare» årleg rabatt slik at ein arbeidstakar kan oppnå ein større rabatt seinare år om vedkomande vel å la vere å ta ut varer eller tenester med personalrabatt det enkelte år. *NHO* ber òg om at det vert vurdert å vidareføre gjeldande praksis med høve til å fordele rabattar over fleire år slik at det er mogleg å ta ut større rabattar kvart tredje år.

Fleire høyringsinstansar har uttalt at beløpsgrensa bør setjast til eit nivå som ikkje inneber ei innstramming samanlikna med dagens regelverk. Dersom det vert innført ei øvre, samla beløpsgrense, meiner *NHO* og *Storbedriftenes skatteforum* at ho ut frå dagens praksis bør setjast til minst 10 000 kroner. *Infotjenester* foreslår ei

beløpsgrense på til dømes 12 000 kroner, eller at grensa vert fastsett i tilknytning til statsbudsjettet for det enkelte inntektsåret. *Norges Kemner- og kommuneøkonomers forbund* foreslår at beløpsgrensa vert sett til 1/3 G.

Fleire av høyringsinstansane peiker på at verdsetjing av rabattane til prisen i sluttbrukar marknaden vil medføre meirarbeid for arbeidsgjevarar, ved at dei må halde oversikt over prisar, tilbod og rabattar som til ein kvar tid er tilgjengelege. Det vert peikt på at dette vil vere særleg krevjande for produsentar og andre aktørar i tidlegare ledd i omsetjingskjeda.

NHO og *Storbedriftenes skatteforum* viser til at det er vanleg med sams personalbutikkar for konsernselskap. Dei meiner difor at skattefritaket for personalrabattar bør omfatte kjøp av varer og tenester som vert omsette innanfor same konsern.

NHO og *Storbedriftenes skatteforum* har òg uttalt at Skattedirektoratet ikkje har gjort gjeldande at personalrabattar i dag har eit slikt omfang at det er behov for å innføre ei beløpsgrense.

Revisorforeningen er kritiske til at direktoratet i det heile vil føre vidare ei ordning med skattefritak for personalrabattar. Dei vil heller vidareføre dagens uklære og skjønsmessige reglar dersom det framleis skal vere skattefritak.

Fleire høyringsinstansar har uttalt at skattefrie rabattar ikkje bør rapporterst inn.

Vurderingar frå departementet

Framstillinga framfor viser at dagens skattefritak for personalrabattar byggjer på skjønsmessige vilkår. Ei uklår grense for skattefritak skaper utfordringar for arbeidsgjevarane når dei skal avgjere om rabattane dei tilsette tek imot, er skattefrie eller skattepliktige ved gjennomføringa av forskotstrekk, rapportering og betaling av arbeidsgjevaravgift. Det vert mindre føreseieleg og gjev dårleg rettstryggleik for arbeidsgjevarar og tilsette. Det er vidare vanskeleg for skattestyresmaktene å kontrollere om arbeidsgjevarane gjev rabattar utover skattefritaket når denne grensa er uklår.

Skattedirektoratet har opplyst at fleire rabattordningar som etter dagens reglar er skattepliktige, likevel i liten grad vert rapporterte inn. Ein reknar difor med at det i nokre bransjar vert gjeve rabattar som går utanfor ei liberal tolking av skattefritaket, utan at dei vert rapporterte inn. Dette fortregner kontant løn, bidreg til å hole ut skattegrunnlaget og gjev ei skeiv fordeling. Når løn gje-

ven i form av rabattar i stort monn ikkje vert skattlagd, har dette uheldige fordelingsmessige konsekvensar fordi mange tilsette ikkje har tilgang til dei same rabattane. Den tilsette tener heller ikkje opp pensjons- eller trygderettigheter for verdien av rabattane når dei ikkje vert skattlagde.

Skattefritaket for personalrabattar er gjeve med heimel i skatteloven § 5-15 andre ledd. Etter denne føresegna kan Finansdepartementet fastsetje at mindre naturalytingar og andre mindre fordelar skal vere skattefrie «innenfor fastsatte rammer». Ei klår avgrensing av skattefritaket er difor ein føresetnad etter skatteloven § 5-15.

Det vert òg vist til manglane ved gjeldande reglar for verdsetjing av naturalytingar omtalt i punkt 2.4.1, som òg gjer seg gjeldande for verdsetjing av varer og tenester kjøpte med personalrabatt.

På bakgrunn av manglane i gjeldande rett, vil departementet gjere forbetringar i gjeldande skattefritak i samsvar med det som var på høyring, men med nokre justeringar for å kome høyringsfråsegnene i møte.

Verdien av personalrabattar skal fastsetjast med utgangspunkt i omsetjingsverdien i sluttbrukarmarknaden. Rabattar kan likevel ikkje overstige 50 pst. av prisen på den enkelte vara eller tenesta. Samstundes vert det innført ei øvre grense for den samla verdien av rabattar ein kan ta imot skattefritt i året gjennom arbeidsforhold hos ein arbeidsgjevar. Verdier som overstig grensa vert skattepliktige.

Ei grense og ein maksimal rabattsats vil bidra til eit meir eit rettferdig regelverk på tvers av ulike bransjar og næringar. Det vert enklare for arbeidsgjevarane og skattytarane å vite når rabattane er innanfor skattefritaket. Vidare inneber det at styresmaktene enkelt kan gje eit klårt svar på om ei personalrabattordning er innanfor eller utanfor skattefritaket. Dei nye reglane vil såleis auke rettstryggleiken til arbeidsgjevarar og skattytarar.

Som etter gjeldande rett vil det framleis vere krav om at vara/tenesta må omsetjast i arbeidsgjevars bedrift. Skattefritaket vil omfatte rabattar i arbeidsforholdet gjennom arbeidsgjevars kundar og leverandørar, under føresetnad av at vara/tenesta vert omsett i arbeidsgjevars bedrift.

Departementet legg opp til at det skal vere mogleg å nytte ein forenkla modell for rapportering for arbeidsgjevarar med avgrensa personalrabattordningar, der samla verdi av rabattar som vert mottekne klårt ikkje overstig beløpsgrensa. I slike tilfelle er det tilstrekkeleg at arbeidsgjevar

gjev opplysningar til skattestyresmaktene om at bedrifta har personalrabattordning, utan at det er naudsynt med rapportering på tilsettnivå.

Grunngjevinga for å vidareføre eit skattefritak for personalrabattar er, slik som fleire av høyringsinstansane òg gjev uttrykk for, at personalrabattar er viktige for dei tilsette si forståing og kunnskap om arbeidsgjevars varer og tenester, rekruttering og produktprofilering.

Departementet vil opne for at skattefritaket kan omfatte kjøp av varer og tenester som vert omsette innanfor same konsern, sjølv om ikkje arbeidsgjevarselskapet omset alle desse. Beløpsgrensa og dei øvrige vilkåra vil då måtte målast for alle konsernselskapa samla. Dette vil imøtekomme høyringsinnspel som viser til at det er vanleg med personalbutikkar som er sams for konsernselskapa. Det vil òg gjere reglane nøytrale for ulike måtar å organisere bedrifta på.

Av administrative grunnar vil det skattefrie beløpet gjelde per år for kvar arbeidsgjevar. Det vil verte vurdert om det bør stillast tilleggsvilkår om at dei skattefrie rabattane ikkje kan overstige ein bestemt del av det den tilsette tek imot i kontant løn, for å motverke at fritaket vert brukt til å gje all løn ved korte arbeidsforhold som skattefrie rabattar.

Nokre høyringsinstansar har uttalt at det bør verte vurdert å innføre høve til for å spare det årlege skattefrie beløpet for personalrabattar, slik at ein i seinare år kan ta ut større rabattar skattefritt. Departementet legg til grunn at det vil vere administrativt krevjande for arbeidsgjevarane og skattestyresmaktene dersom det vert mogleg å overføre det skattefrie beløpet per tilsett over fleire år. Departementet legg difor ikkje opp til ei slik løysning no.

Dei nye reglane for skattefrie personalrabattar vil vere ei innstramming for tilsette som i dag får rabattar som overstig beløpsgrensa og rabattsatsen skildra framfor. Ein reknar med at dei nye reglane vil føre til auka etterleving, og at skattepliktige ordningar som ikkje vert skattlagde i dag anten vert avvikla eller vert skattlagde i framtida. Samstundes kan dei nye og klårare reglane føre til at bedrifter som i dag ikkje har personalrabattordningar, vil nytte høvet til å gje slike skattefrie rabattar.

Departementet vil gjere forbetringane av reglane om skattefritak for personalrabattar gjennom endringar i forskrift til skatteloven. Beløpsgrensa vert fastsett i tilknytning til statsbudsjettet for 2019.

2.4.3 Skattefritaket for enkelte gåver i arbeidsforhold

I utgangspunktet er gåver mottekne i arbeidsforhold skattepliktig inntekt etter skatteloven §§ 5-1 og 5-10. Skatteplikta gjeld uavhengig av om gåva vert gjeven direkte frå arbeidsgjevar eller frå ein tredjepart, så lenge mottakaren får gåva som følge av sitt arbeidsforhold. I forskrift til skatteloven § 5-15-1 er likevel enkelte gåver i arbeidsforhold fritekne for skatt innanfor rammer og beløpsgrenser som er fastsette av departementet.

Fleire av desse vilkåra og beløpsgrensene er utdaterte, og det er etter departementet sitt syn behov for å modernisere skattefritaka i forskrift til skatteloven § 5-15-1, slik at dei vert betre tilpassa dagens arbeidsliv. Departementet vil difor gjere endringar i forskrift til skatteloven i samsvar med framlegga som var på høyring.

For gåver ved oppnådd tenestetid i bedrifta, er grensa etter gjeldande rett sett til 25 år. Departementet vil senke denne grensa til 20 år. Etter dette kan slik skattefri gåve takast imot etter kvart tiande års tenestetid. Beløpsgrensa på 8 000 kroner vert ført vidare, medan beløpsgrensa på 12 000 kroner for gullklokke med inskripsjon vert oppheva.

Departementet vil òg auke beløpsgrensa for jubileums- og merksemdsgåver frå 3 000 kroner til 4 000 kroner i året. Dette gjeld for gåver når mottakaren gifter seg eller fyller 50 år og deretter ved runde år, når mottakaren slutter etter minst ti år i bedrifta eller går av med pensjon, og når bedrifta har bestått i 25 år eller i eit tal år som er deleleg med 25.

Den årlege beløpsgrensa for andre gåver (julekorg, sommargåve m.m.) vert ført vidare. Grensa er på 1 000 kroner og gjeld for summen av andre gåver enn dei som tilsette kan ta imot ved jubileum og lang tenestetid.

Beløpsgrensene for jubileums- og merksemdsgåver samt for årlege gåver vil gjelde samla for alle gåver ein tek imot i arbeidsforholdet, uavhengig av om dei kjem direkte frå arbeidsgjevar eller frå ein tredjepart. Fleire av høyringsinstansane har kome med kritiske merknader til at regelen òg skal gjelde for gåver ein får frå tredjepart. Departementet viser til at det etter gjeldande rett ikkje er noko skattefritak for gåver til tilsette frå tredjepartar, med unntak av skattefritaket for bagatellmessige gåver som er nemnt nedanfor. Framlegget til ei slik utviding av skattefritaket vil difor gjere regelverket lempelegare.

Vilkåret om at gåver frå arbeidsgjevar berre vert skattefrie dersom ein får desse som ledd i ei

generell ordning i bedrifta vert vidareført. Dette vilkåret vil ikkje gjelde for gåver ein tek imot frå ein tredjepart.

Skattefritaket for merksemdsgåver av bagatellmessig verdi som følgjer av praksis vert vidareført. Dette vil til dømes gjelde ein bukett med blommar, rimelege vinflasker m.m., og vil gjelde i tillegg til beløpsgrensene gjevne framfor. Fritaket gjeld gåver i arbeidsforhold både frå arbeidsgjevar og tredjepartar.

Det er lagt til grunn at endringane for gåver ikkje endrar provenyet i monaleg grad.

Skattefritaket for premiar på inntil 2 500 kroner for framlegg til forbetringar i arbeidsgjevars bedrift vert oppheva. Etter departementet sitt syn må arbeidsgjevarar i dagens samfunn kunne forvente at dei tilsette kjem med slike forbetningsframlegg utan eit slikt skattefritak.

På usikkert grunnlag er det lagt til grunn at endringa aukar provenyet med 15 mill. kroner påløpt frå 2019.

2.4.4 Skattefritaket for overtidsmat

Arbeidsgjevars dekking av kostutgifter for dei tilsette vil i utgangspunktet vere ei dekking av privatutgifter. Dette vil såleis vere skattepliktig inntekt etter skatteloven § 5-10, jf. § 5-1.

Dersom den tilsette jobbar overtid, og har eit samanhengande fråvær frå heimen på meir enn 12 timar, kan arbeidsgjevar likevel yte eit «rimelig» måltid som skattefri naturalyting. Det gjeld inga fastsett beløpsgrense for verdien av måltidet, men det ligg ei avgrensing i at verdien av måltidet må vere «rimelig».

Dersom kostnaden vert dekt i form av refusjon av den tilsette sine utgifter til eit slikt måltid, er dette skattefritt inntil ein gjeven sats. Reglane byggjer på føresegnene i forskrift om takseringsregler § 1-3-6. Satsen var 92 kroner i 2017 (forskrift om takseringsregler vert fastsett årleg ved slutten av året).

Etter departementet sitt syn kan det synast urimeleg at det ikkje er noka beløpsgrense for skattefri overtidsmat som naturalyting, men ein maksimalsats for skattefri refusjon. For naturalyting er det vidare uheldig at arbeidsgjevar må foreta ei skjønbasert vurdering av om verdien av måltidet er «rimelig». Ei slik vurdering kan òg gje ulik praksis, og er lett å tøyse for å dekkje dyrare måltid. Det er òg ressurskrevjande for arbeidsgjevar å halde oversikt over tida den tilsette har vore borte frå heimen.

Departementet vil på bakgrunn av dette gjere forbetringar i reglane for skattefri overtidsmat i

samsvar med framlegget som var på høyring. Nær sagt alle høyringsinstansane var positive til framlegget.

Det vert innført skattefritak for eit måltid dekt av arbeidsgjevar for tilsette som arbeider minst 10 timar samanhengande.

Måltidet kan etast før den tilsette har arbeidd 10 timar, så lenge den totale arbeidstida oppfyller kravet til varigheit.

Overtidsmaten vil verte dekt skattefritt inntil ei beløpsgrense. Grensa vart i høyringa foreslått sett til 200 kroner. *PWC, Skattebetalerforeningen, Virke og Regnskap Norge* meiner dette er for lågt. Departementet vil fastsetje beløpsgrensa i tilknytning til statsbudsjettet for 2019.

Desse reglane vil gjelde uavhengig av om arbeidsgjevar kjøper inn måltidet og tilbyr det som ei naturalyting, eller om den tilsette kjøper inn måltidet sjølv og får dekt kostnadene ved refusjon frå arbeidsgjevar. For slik refusjon av kostnader vil det vere krav om dokumentasjon av dei faktiske kostnadene.

I høyringa vart det foreslått endringar i forskrift om takseringsregler § 1-3-6 om rett til frådrag for ikkje-legitimerte meirkostnader for kost ved frávær frå heimen i 12 timar eller meir (92 kroner i 2017). Den praktiske tydinga av føresegna er at arbeidsgjevar kan utbetale ikkje-legitimerte matpengar skattefritt på same vilkår. Fleire av høyringsinstansane har gjeve uttrykk for at dei ikkje kan sjå at det er nokon grunn til at ein skal kunne utbetale ikkje-legitimerte matpengar ved overtid skattefritt. Fleire peiker på at dette i realiteten er eit lønstillegg som bør skattleggjast.

Departementet er einig i dette. Frådraget inngår i minstefrådraget for lønstakarar, og det er svært få eller ingen som nyttar dette frådraget. Denne føresegna vil difor verte oppheva med verknad for inntektsåret 2019.

Departementet vil vidare vurdere å justere satsane for kost til pendlarar, slik at denne gruppa ikkje får dobbel godtgjering når dei får skattefritt overtidsmåltid.

2.4.5 Skattefritaket for fri avis

I utgangspunktet dekkjer arbeidsgjevar ei privat utgift når han dekkjer avis levert heim til den tilsette. Det er skattepliktig inntekt etter skatteloven § 5-10, jf. § 5-1.

Tilsette som fyller vilkåret om å ha «et spesielt informasjonsbehov» på grunn av arbeidet sitt, kan likevel skattefritt få dekt fleire aviser av arbeidsgjevar levert heim. Vilkåret for skattefritak er at den tilsette held eige abonnement på dagsavis

som tilfredsstiller husstandens informasjonsbehov.

Det er i praksis tungvint at arbeidsgjevar må undersøkje om den tilsette sjølv betaler for eige abonnement på dagsavis, for å kunne vite om vilkåret for skattefritak er oppfylt. Utviklinga med elektroniske aviser gjer det òg meir uklårt når ein faktisk får dekt eit abonnement som ikkje inneber ein privat fordel, i tillegg til at det for bedriftsabonnement er uklårt om det er tilgangen eller den faktiske bruken som skal avgjere om arbeidstakar kan få abonnementet dekt. Det er heller ikkje klart korleis arbeidsgjevar skal verdsetje fordelene av bedriftsabonnement. Det er òg fleire som meiner at informasjonsbehovet er tilstrekkeleg dekt utan eige abonnement, som følgje av auken i tilbodet av nettaviser utan betaling og nyheitskanalar ved kabel-tv. Det kan vidare vere uklårt kva som ligg i kravet om «et spesielt informasjonsbehov» på grunn av arbeid.

Departementet vil på bakgrunn av dette forenkle skattefritaket for fri avis i samsvar med framlegget som var på høyring. Nær sagt alle høyringsinstansane er positive til framlegget.

Skattefritaket er i dag ulovfesta og følgjer av Skatte-ABC under emne «Avis mv.» punkt 1. Departementet vil innføre ein ny regel om skattefritaket i forskrift til skatteloven. Tilsette som har eit «tenestleg behov» for ei eller fleire aviser eller nyheitstenester på grunn av sitt arbeid, skal etter denne regelen kunne få desse dekte skattefritt av arbeidsgjevar. Vilkåret om at den tilsette må halde eige abonnement på dagsavis vert oppheva.

Visma Software AS ynskjer ei klargjering av kva som ligg i kravet om «tenestleg behov». Departementet viser her til at det skal vere ein låg terskel for å rekne kravet om «tenestleg behov» for å vere oppfylt. Det er tilstrekkeleg at det er relevant for arbeidstakaren si stilling å halde seg oppdatert på nyheitsbiletet, eller den eller dei avisene eller nyheitstenestene arbeidsgjevar dekkjer.

Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund viser til at det i abonnement på nyheitstenester som òg gjev tilgang til underhaldningstenester kan vere vanskeleg å avgrense til nyheiter i abonnementsvala. Departementet viser her til at omgrepet nyheitsteneste skal forståast på same måte som i merverdiavgiftsloven, jf. merverdiavgiftsforskriften § 6-2-1.

For tilsette som ikkje oppfyller vilkåret om «tenestleg behov», vil tilgangen (ikkje faktisk bruk) utanfor arbeidssituasjonen utløyse skatteplikt, og skattepliktig fordel vert fastsett til eit individuelt abonnement på avisa eller nyheitstenesta.

Olje- og energidepartementet meiner dette er uheldig, og peiker på at arbeidsgjevarar som teiknar bedriftsabonnement på elektroniske aviser vil måtte vurdere kven av dei tilsette som ikkje har «tenestlig behov» for desse, og sørgje for at skatteplikt vert handtert korrekt. *Departementet* kan likevel ikkje sjå at dette vil vere problematisk, all den tid terskelen for vurderinga er så låg at dei fleste tilfelle vil verte omfatta av skattefritaket.

Som i dag vil tilsette sin tilgang til aviser på arbeidsplassen normalt verte rekna som rimeleg velferdstiltak når avisene er tilgjengelege for alle eller ei betydeleg gruppe tilsette i bedrifta.

På usikkert grunnlag vert det lagt til grunn at endringa reduserer det påløpte provenyet med 65 mill. kroner i 2019.

2.4.6 Skattefritaket for matkupongar

I forskrift til skatteloven § 5-15-6 andre ledd er det på nærare vilkår gjeve skattefritak for arbeidsgjevars tilskot til matkupongar. Fritaket gjeld for tilsette som ikkje har bedriftskantine eller anna moglegheit til å ete for subsidierte prisar.

Vilkåra for fritaket er kronglete, og ordninga er utdatert. I samsvar med framlegget som var på høyring vil departementet difor oppheve føresegna i forskrift til skatteloven § 5-15-6 andre ledd. Alle høyringsinstansane som har uttala seg om dette har støtta ei slik oppheving. Det er lagt til grunn at endringa har ubetydelege provenyverknader.

2.4.7 Skattefritaket for arbeidsgjevarfinansiering av barnehageplass for tilsette sine barn

I utgangspunktet er barnehageplass dekt av arbeidsgjevar ei naturalyting som er skattepliktig på lik line med kontant løn. I forskrift til skatteloven § 5-15-5 er det på nærare vilkår likevel gjeve skattefritak for arbeidsgjevars tilskot til bedriftsbarnehage for barna til dei tilsette, og for utgifter utover maksimalpris for annan barnehage.

Det er inga beløpsgrense for tilskot frå arbeidsgjevar til bedriftsbarnehage, og beløpet kan òg dekkje utgifter til mat og andre aktivitetar. Det er heller ikkje krav om noka eigenbetaling frå dei tilsette, og dei tilsette kan disponere fleire barnehageplassar kvar.

Det er òg gjeve skattefritak for tilskot til annan barnehage enn bedriftsbarnehage. Fritaket er avgrensa oppover til 3 000 kroner per måned per plass, og gjeld så lenge eigenbetalinga til den til-

sette (foreldrebetalning) er tilsvarende maksimalprisen som årleg vert fastsett av Stortinget. Barnehagen kan til dømes krevje matpengar i tillegg til maksimalprisen.

Ordninga med bedriftsbarnehagar og barnehageplassar delfinansiert med støtte frå bedrifter fylte ein funksjon i ein periode då det var mangel på barnehageplassar, særleg for å bidra til etablering av nye barnehageplassar. I 2009 vart det innført lovfesta rett til barnehageplass i kommunen der barnet er busett. I dag er det tilnærma full barnehagedekking, og ordninga kan difor ikkje lenger reknast for å fylle same funksjon som tidlegare. Ordninga gjev ein skattefordel for arbeidsgjevarar og tilsette som kan innrette seg slik at dei vert omfatta av skattefritaket.

Departementet vil på denne bakgrunnen oppheve skattefritaket i forskrift til skatteloven § 5-15-5. Denne opphevinga var ikkje ein del av Skattedirektoratets høyring. Departementet viser til at bedriftsbarnehagar kan verte ført vidare ved at dei tilsette betaler maksimalpris og eventuelt tillegg for mat og aktivitetar til barnehagen. Ordningar med tilskot til annan barnehage kan verte ført vidare ved at arbeidsgjevar rapporterer inn ein tilsvarende fordel som skattepliktig inntekt for den tilsette. Dette vil gje ei opprydding i regelverket. På usikkert grunnlag er det lagt til grunn at endringa aukar provenyet med 2 mill. kroner påløpt i 2019.

2.5 Administrative og økonomiske følger

Framlegga i punkta 2.3 og forskriftsendringane i punkt 2.4 forenkler reglane for fleire naturalytingar som er vanlege i arbeidslivet. Dei inneber òg avklåringar som gjer at det vert enklare å avgjere kva pliktar ein har, og kva som skal til før ytingar medfører skatte- og rapporteringsplikt m.m.

Framlegget om å klårgjere at *arbeidsgjevar skal ha arbeidsgjevarpliktene* for alle naturalytingar dei tilsette tek imot i arbeidsforholdet, inneber ei viktig avklåring som er etterspurd av Sivilombodsmannen, næringslivet, idretten og skattestyresmaktene. Det er samla sett ikkje gjort framlegg om nye plikter i desse høva, men det vert ei avklåring av kven som har pliktene. Tvert om vil den avgrensinga som departementet legg til grunn for skatteplikt for rabattar frå tredjepartar, gjere regelverket noka lempelegare, avgrense rapporteringsplikta m.m. og redusere risikoen for at arbeidsgjevar har ansvar for ytingar han ikkje kjenner til, og heller ikkje kan ventast å kjenne til.

For næringslivet samla sett vil framlegga gjere det langt enklare å avgjere kven som har arbeidsgjevarpliktene enn etter gjeldande reglar og praksis. Det vil òg gjere det enklare for dei tilsette som sjølve til no har vore nøydd til å verdsetje og melde frå i skattemeldinga om naturalytingar som ikkje er rapporterte inn av arbeidsgjevar eller andre.

Departementet legg til grunn at mange arbeidsgjevarar allereie har gode reglar og rutinar for handtering av ytingar frå tredjepartar, då dette er avgjerande for å sikre seg mot korrupsjon og annan uheldig påverknad. Departementet trur likevel at mange arbeidsgjevarar vil måtte bruke ressursar mellom anna på å etablere betre rutinar for å tryggje at dei får dei opplysningane som må til for å kunne etterleve pliktene sine på ein god måte. Samstundes er det grunn til å tru at det er noka mangelfull etterleving i dag. Betre etterleving vil difor truleg medføre at det i framtida vil verte nytta fleire ressursar på å handtere ytingar til tilsette gjennom tredjepartar. Det kan òg vere at arbeidsgjevar ynskjer å avgrense kva naturalytingar dei tilsette kan ta imot frå tredjepartar, og at dette bør gjerast ved å endre personalreglane eller arbeidsavtalar. Dette vil kunne redusere den administrative ressursbruken for arbeidsgjevar. For å få rimeleg tid til å gjennomføre slike endringar, var det viktig for regjeringa å fremje framlegga i god tid før dei er meint å ta til å gjelde.

Forbetring av reglar for verdsetjing av naturalytingar som er skaffa eller tilverka av arbeidsgjevar gjer at alle arbeidsgjevarar som sel eller gjev varer/tenester til tilsette, må framskaffe opplysningar om kva som er omsetjingsverdi i sluttbrukarmarknaden. Arbeidsgjevar og dei tilsette kan sjølve avgjere kor omfattande arbeid som skal gjerast for å finne den lågaste prisen på varen eller tenesta. Departementet legg til grunn at dette vil vere mindre ressurskrevjande enn tidlegare, då ein normalt vil finne relevante prisar til dømes ved søk på internett. Endringane vil gje meir riktig og lik skattlegging av naturalytingar.

Forbetringane i reglane om personalrabattar vil gjere det langt enklare enn i dag å avgjere kva som er omfatta av skattefritaket. For arbeidsgjevarar utan personalrabattordningar, eller med ordningar som ikkje kan gje rabattar som overstig beløpsgrensa, vil endringane ikkje innebere noko meirarbeid. For arbeidsgjevarar med meir omfattande ordningar, vil det vere naudsynt å halde oversikt over verdien av rabattane til kvar tilsett gjen-

nom året. Dei som ikkje har system for dette alle-reie, må etablere dette før 2019 dersom rabattordningane skal vidareførast som no.

Forenklingane av reglane om verdsetjing vil gjere at rabattar m.m. til tilsette vil verte verdsett likt for alle tilsette. For tilsette hos arbeidsgjevarar i tidlege ledd i omsetjingskjeda vil det gjere at verdien av rabattar m.m. vil verte sett høgare enn i dag, dersom arbeidsgjevar til no har nytta anskaffingskostnaden eller normal utsalspris. Tilsette som i dag tek imot til dømes store rabattar frå arbeidsgjevar, vil kunne få auka skatt eller redusert verdi av rabatten fordi arbeidsgjevar tilpassar seg den nye beløpsgrensa.

For dei andre endringane for *gåver, overtidsmat og fri avis* legg departementet til grunn at dei administrative verknadane vert avgrensa, men at dei samla sett inneber at reglane vert enklare. Det same gjeld for opphevinga av skattefritaka for *matkupongar og arbeidsgjevarfinansiering av barnehageplassar for tilsette sine barn*.

Dei endringane som er foreslått, inneber samla sett både skatteskerpingar og skattelette for ulike naturalytingar. Framlegget om å samle arbeidsgjevarpliktene vil truleg gjere at rabattar og andre naturalytingar vil verte rapportert inn i større grad enn i dag.

Over tid er det rimeleg å tru at dei nye reglane vil føre til at godtgjering for arbeid i aukande grad vert gjeven som ordinær løn, og ikkje som naturalytingar.

For dei endringane som skal vedtakast i Revidert nasjonalbudsjett 2018, er provenyanslaga nemnt under dei einskilde punkta ovanfor. Når det gjeld dei særskilde grensene for skattefri overtidsmat og samla verdi av personalrabattordningar, kjem regjeringa som nemnt attende med beløpsgrenser og ein nærare omtale av dei økonomiske konsekvensane i statsbudsjettet for 2019. Regjeringa legg opp til at provenyverknadene av dei ulike framlegga til endra skattlegging av naturalytingar til saman skal vere om lag provenynøytrale.

2.6 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde 1. januar 2019, med verknad for rapportering for inntektsåret 2019. Endringane vil få verknad for rapporteringa i a-ordninga for ytingar som vert gjevne etter 1. januar 2019.

3 Dokumentasjonskrav for redusert kjeldes katt på utbyte til utanlandske aksjonærar

Etter departementet si vurdering bør det gjerast nokre endringar i dokumentasjonskrava utanlandske aksjonærar i norske selskap må oppfylle, for å få lågare kjeldes kattetrekk enn det som følgjer av Stortingets skattevedtak.

Utanlandske aksjonærar som tek imot utbyte frå norske aksjeselskap og likestilte selskap, skal som hovudregel betale kjeldes katt til Noreg av utdelt utbyte, jf. skatteloven § 10-13. Skatten vert fastsett ved at det utdelande selskapet leverer melding om trekk av skatten. Den skatten det trekkpliktige selskapet opplyser om i meldinga, utgjer fastsett skatt. Trekkplikta inneber at selskapet fyrst skal halde tilbake skatten ved utbetalinga av utbytet, og deretter melde og betale inn beløpet til skattestyresmaktene.

Den utanlandske aksjonæren skal ikkje levere skattemelding. Skatten vert ikkje fastsett individuelt for kvar skattepliktig, men under eitt for alle dei utanlandske aksjonærane i selskapet.

Kjeldes kattesatsen er i utgangspunktet 25 pst. Aksjonæren kan likevel ha krav på lågare sats eller skattefritak etter skatteavtale eller skatteloven § 2-38 (fritaksmetoden).

Selskapet som deler ut utbyte kan verte halden ansvarleg for skatten ved brot på plikta til å foreta riktig skattetrekk, og på plikta til å betale trekt beløp, jf. skattebetalingsloven § 16-21. Det er trekkføresegnene, irekna føresegnene om når selskapet har høve til å foreta skattetrekk med lågare sats enn det som følgjer av skattevedtaket, som avgjer om skattetrekket er korrekt gjennomført. Unnlate trekk medfører likevel ikkje ansvar når det vert godtgjort at det ikkje skuldast forsøming eller mangel på tilbørleg aktsemd frå selskapet eller nokon i selskapet si teneste.

Ansaret medfører at selskapet som deler ut utbyte, berre vil trekkje redusert kjeldes katt når selskapet er sikker på at aksjonæren kvalifiserer for det. For den utanlandske aksjonæren er det på andre sida ein fordel å få riktig skattetrekk med ein gong, for å unngå å måtte søkja om refusjon i ettertid.

Før innføringa av skatteforvaltingsloven gjekk ein ut frå at det årlege skattevedtaket berre gav selskapet høve til å trekkje lågare skattesats enn 25 pst. når selskapet var kjent med at den reelle eigaren av utbytet hadde krav på lågare skatt etter ein skatteavtale eller var omfatta av fritaksmetoden. Dette innebar at selskapet som utgangspunkt alltid skulle trekkje full sats når selskapet ikkje kjente identiteten og den skattemessige statusen til den endelege mottakaren av utbytet.

Det var vidare i praksis opna for at selskapa kunne trekkje lågare sats eller unnlate å gjere trekk når dei betalte utbyte til forvaltarar som stod registrert i Verdipapirsentralen (VPS) som eigar av aksjar tilhøyrande utanlandske aksjonærar i medhald av allmennaksjeloven § 4-10. Aksjane vart då plassert på ein NOM-konto for aksjar som kan verte registrerte med lågare sats enn det som fylgde av skattevedtaket. Eit vilkår for slikt løyve var at forvaltaren kjente identiteten til den verkelege rettshavaren til utbytet. Forvaltaren måtte kunne leggje fram ei liste over kven den eller dei reelle aksjonærane var, dersom skattestyresmaktene bad om dette. For å få registrert at det ikkje skulle verte trekt skatt, var det i tillegg eit vilkår at den utanlandske aksjonæren kunne dokumentere at kjeldes katt tidlegare var refundert frå Sentralskattekontoret for utanlandssaker etter fritaksmetoden.

Ved innføringa av skatteforvaltingsloven i 2017 foreslo Finansdepartementet nye føresegner om kva utanlandske aksjonærar i norske selskap måtte dokumentere for å få lågare skattetrekk enn det som følgjer av Stortingets skattevedtak, jf. Prop. 38 L (2015–2016) punkt 15.2.7. Føresegnene skulle mellom anna sikre skatteprovenyet.

Stortinget slutta seg til innhaldet i proposisjonen, jf. Innst. 231 L (2015–2016).

Dei nye dokumentasjonskrava følgjer av skattebetalingsforskrifta §§ 5-10a-1 til 5-10a-3. Eit sentralt trekk ved føresegnene er at aksjonæren må leggje fram dokumentasjon i forkant av skattetrekket, medan det tidlegare berre var krav om at for-

valtaren kunne leggje fram dokumentasjon dersom skattestyresmaktene bad om det.

Føresegnene går i korte trekk ut på at utanlandske aksjonærar som krev lågare skattesats enn 25 pst., må dokumentere skattemessig bustad ved å leggje fram ei stadfesting på bustad (Certificate of Residence) utferda av skattestyresmaktene i bustadlandet, som stadfestar at mottakaren av utbyttet er busett eller heimehørande der etter skatteavtalen med Noreg. Stadfestinga på bustad må ikkje vere eldre enn tre år på det tidspunktet utbyttet vert delt ut. I tillegg må mottakaren av utbyttet stadfeste at vedkommande er den verkelege rettshavar til utbyttet. For juridiske personer og andre einingar, irekna selskapsaksjonærar, vert det i tillegg kravd førehandsgodkjenning frå norske skattestyresmakter på at dei kvalifiserer for lågare kjeldeskatte trekk. Selskapsaksjonærar som krev fritak etter fritaksmetoden, må òg leggje fram eigenerklæring som stadfestar at grunnlaget for skattefritaket ikkje har endra seg. Eigenerklæringa må ikkje vere eldre enn tre år på det tidspunktet utbyttet vert delt ut.

Det er forvaltar som skal ha dokumentasjonen dersom aksjen er registrert i VPS på ein konto i ein utanlandsk forvaltar sitt namn. Dersom aksjen er registrert på ein konto i mottakaren av utbyttet sitt eget namn (direkteregistrert), skal konføørar investor ha dokumentasjonen. Er aksjen utanfor VPS, skal selskapet som deler ut utbyte ha dokumentasjonen.

Det syner seg at dei nye dokumentasjonskrava er krevjande både for skattestyresmaktene og for

enkelte grupper av aksjonærar. For skattestyresmaktene er det ressurskrevjande å behandle søknader om førehandsgodkjenning av lågare trekk. For enkelte aksjonærar er det urimeleg ressurskrevjande å oppfylle dokumentasjonskrava. Ikraftsetjinga av dei nye reglane er difor utset til 1. januar 2019.

Departementet har etter ei ny vurdering kome til at det er behov for nokre endringar i dokumentasjonsreglane.

Ved revisjonen bør ein på den eine sida leggje vekt på omsynet til skattekontroll. Det er vanskelig for skattestyresmaktene å innhente dokumentasjon og krevje inn skatt frå aksjonærar i utlandet. Departementet meiner difor at reglane framleis bør byggje på eit prinsipp om at dokumentasjonen må ligge *føre* for utdelinga av utbyttet dersom aksjonæren skal få trekk med lågare sats enn 25 pst. eller fritak frå trekk.

På den andre sida bør ein leggje vekt på at reglane ikkje skal føre til unødig høge administrative kostnadar for dei utanlandske aksjonærane og Skatteetaten. Til sist må ein òg ta omsyn til selskapa som deler ut utbyte. Det må vere enkelt for selskapa å trekkje riktig kjeldesatt, og dokumentasjonskrava bør ikkje gjere det unødig vanskeleg å innhente kapital frå utlandet.

Departementet har gjeve Skattedirektoratet oppdrag om å utarbeide eit framlegg til endringar i dokumentasjonsreglane. Direktoratet tek sikte på å sende framlegget på høyring i juni 2018.

4 Enklare reglar for utanlandske arbeidstakarar

4.1 Innleiing og samandrag

Departementet gjer framlegg om å innføre enklare reglar for skattlegging av personar som er busett i utlandet men som arbeider i Noreg. Den nye ordninga vil i hovudsak gjelde for utanlandske arbeidstakarar på kortvarig opphald i landet. Skatteordninga vil vere vesentleg enklare for dei som inngår i den, og vil gje riktigare skatt etter reglane for ei gruppe det over tid har vore krevjande å skattleggje rett.

Det ligg tunge argument bak framlegget om å innføre ei slik ordning. Skatteetaten har vist til at skattlegginga av denne gruppa gjev opphav til mange feil og at den samstundes er svært ressurskrevjande. Det kjem av at regelverket er komplisert, at informasjonsgrunnlaget er mangelfullt og at etterlevinga ikkje er god nok. I tillegg er innkrevjing av restskattar vanskeleg arbeid og kontrollkapasiteten avgrensa. Riksrevisjonen har etter ein gjennomgang av regelverk og praksis på området, bedt Finansdepartementet om å vurdere endringar for å sikre riktigare og meir effektive reglar for denne gruppa.

Framlegget går i korte trekk ut på at lønsinntekter vert skattlagt etter ein bruttometode med ein fast sats. Ein foreslår at satsen vert fastsett til 25 pst. i Stortingets skattevedtak for 2019. Skattytar får ingen frådrag i skattegrunnlaget og det same gjeld i utrekna skatt. Skatten vil verte fastsett fortløpande gjennom arbeidsgjevar sitt skatte-trekk og påfølgande melding til Skatteetaten. For inntekter som vert skattlagt i ordninga, skal skattytar ikkje levere skattemelding (tidlegare sjølv-melding). Brutto arbeidsinntekt (lønsinntekt og ev. skattepliktige trygdeinntekter) er eit eige skattegrunnlag, og ein skal ikkje samordne dette grunnlaget med andre grunnlag. Personar som har inntekt frå næring, kan ikkje inngå i ordninga.

Ein foreslår òg å oppheve det særlege standardfrådraget for denne gruppa. Sokkelarbeidarar og utanlandske sjøfolk inngår ikkje i den nye ordninga og får difor behalde standardfrådraget.

For å motverke at høge inntekter vert skattlagt særst gunstig, foreslår departementet eit tak for inntekter i ordninga. Etter framlegget vil ein skatt-

ytar som har årlege løsinntekter over trinn 3 i trinnskatten, ikkje kunne vere i ordninga. Dei som tener over dette taket, vil i staden verte skattlagt i tråd med dei ordinære reglane i skatteloven.

Departementet foreslår at ordninga skal vere frivillig. Det inneber at skattytar kan velje skattlegging i tråd med vanlege reglar. Det er særleg omsynet til EØS-avtalen og forbodet mot diskriminering som ligg bak.

Framlegget var på høyring våren 2017. Høyringsinstansane var gjennomgåande positive til ei ny ordning for skattlegging av denne gruppa.

For ei nærare omtale av utviklinga over arbeidsinnvandring til Noreg, liknande skatteordningar i andre land og Riksrevisjonens rapport¹ til Stortinget viser ein til høyringsnotatet av 7. april 2017.

4.2 Gjeldande rett

For personar som kjem til Noreg og vert skattemessig busett her, gjeld i utgangspunktet² same reglar som for busette nordmenn. Busette har allmenn skatteplikt. Det vil seie at all formue og inntekt vert skattepliktig hit etter skatteloven (sktl.) § 2-1. Fysiske personar vert rekna som busett etter skatteloven viss dei oppheld seg her meir enn 183 dagar i en 12-månadersperiode, jf. sktl. § 2-1 andre ledd a. I tillegg vert ein busett viss opphaldet varer meir enn 270 dagar i ein 36-månadersperiode, jf. sktl. § 2-1 andre ledd b. Om skattytar er registrert i Folkeregisteret, er ikkje avgjerande for den skattemessige behandlinga. Dei som har allmenn skatteplikt har òg full frådragsrett.

Personar som ikkje er skattemessig busett her, men som arbeider i Noreg, vil i staden kunne vere avgrensa skattepliktig hit. For ein ikkje-busett person vil inntekt frå arbeid utført i riket

¹ Dokument 3:11 (2015-2016) Riksrevisjonens undersøkelse av beskatning av utenlandske arbeidstakere og næringsdrivende på midlertidig opphold.

² Ein person som blir busett i Noreg, kan likevel krevje eit særskilt standardfrådrag dei to fyrste åra. Dette kjem i staden for ei rekkje frådrag for faktiske utgifter.

vere skattepliktig hit, viss inntekta skriv seg frå «*herværende kilder*», jf. sktl. § 2-3 fyrste ledd. Dette vilkåret vil normalt vere oppfylt viss arbeidsgjevar er etablert i Noreg. Slike inntekter vil då vere skattepliktige frå dag ein. Personer busett i utlandet som arbeider på norsk sokkel (ikkje ein del av «riket»), er skattepliktig til Noreg etter petroleumsskatteloven §§ 1-2. Utanlandske sjøfolk kan vere skattepliktige til Noreg for inntekt oppent på skip med nærare tilknytning til Noreg eller norsk verksemd. jf. sktl. § 2-3 fyrste ledd h. I tillegg vil ein ikkje-busett arbeidstakar som vert stilt til disposisjon for å utføre arbeid i Noreg (såkalla arbeidsleie) vere skattepliktig hit for slik inntekt, jf. sktl. § 2-3 andre ledd.

Arbeidstakarar som kjem til Noreg, kan krevje standardfrådrag i staden for ei rekkje ordinære frådrag, jf. skatteloven § 6-70. For dei som vert busett, gjeld frådraget berre dei to fyrste åra. Standardfrådraget er 10 pst. av arbeidsinntekt (same grunnlag som ved berekning av minstefrådrag) og kan maksimalt utgjere 40 000 kroner per år. Val av standardfrådrag må gjelde båe ektefellar.

Alle med skatteplikt til Noreg vil normalt ha opplysningsplikt om relevante forhold for eiga skattlegging. Utgangspunktet er at skattytar skal gje riktige og fullstendige opplysningar som gjev grunnlaget for utskrivning av riktig forskot og for fastsetjing.

4.3 Høyringa

Framlegget vart sendt på høyring 7. april, og frist for å kome med innspel vart sett til 7. juli 2017. 15 høyringsinstansar har gitt tilbakemelding, og åtte av desse har kome med realitetsmerknader. Høyringsinstansane er gjennomgåande positive til ei enklare ordning for denne gruppa, men peikar på einskilde svakheiter ved framlegget. Innspel frå høyringsinstansane er kommentert laupande i framlegget.

4.4 Vurderingar og framlegg

4.4.1 Bakgrunn

Utvidinga av EØS-avtala i 2004 opna for ei stor tilstrøyming av utanlandske arbeidstakarar til Noreg. Den sterke veksten av utanlandske arbeidstakarar har skjedd parallelt med ei utvikling der skattebetaling og skatteforvaltning i aukande grad skjer på grunnlag av maskinelle rutinar. Mange av utlendingane som kjem til Noreg for å arbeide, er her på kortvarige opphald

og vil ofte ha sterkare tilknytning til eit anna land. Viss ein tek utgangspunkt i skattegruppe 14 og 18 (personer på kortvarig opphald), utgjorde gruppa om lag 200 000 personer i 2014. Talet vart noko redusert og utgjorde i underkant av 170 000 personer i 2016. Ulike kontrollar i Skatteetaten indikerer at ein stor del av skattytarane ikkje betaler rett skatt. Ved dei obligatoriske likningskontrollane for 2014 avdekkka ein at 34 pst. av skattytarane med d-nummer³, hadde minst eit utslag for mogleg feil. Samanliknbare tal for alle arbeidstakarar var 14 pst. At mange utlendingar vert skattlagt feil, er òg eit av hovudfunna til Riksrevisjonen i rapporten til Stortinget frå mai 2016.

Låg kvalitet på skattlegginga av utanlandske arbeidstakarar har fleire grunnar. Det kjem av komplisert regelverk, ufullstendig informasjonsgrunnlag, manglande etterleving, avgrensa kontroll og svakheiter i systemet. Til dømes har ein svakare historisk informasjon om denne gruppa, slik at forskotstrekket ikkje har same kvalitet. Feil som vert retta opp i fastsetjinga, inneber likevel ikkje alltid at det blir rett skatt. Det kjem av at det å krevje inn restsatt og utbetale beløp til gode i en del tilfelle er vanskeleg når skattytar er i utlandet. Denne gruppa har òg i større mon frådrag som ikkje er basert på informasjon frå tredjepart. I praksis får difor skattytar si opplysningsplikt større betydning. Etter gjeldande reglar skal minstefrådrag, personfrådrag og innslagspunktet for trinnskatten verte avkorta på bakgrunn av lengda på opphaldet m.m. Slik informasjon om opphald er ofte mangelfull, og det er grunn til å tru at frådrag m.m. i en del tilfelle ikkje blir avkorta, slik dei skal etter reglane.

Høg feilprosent ved skattlegginga av denne gruppa er uheldig og kan svekke legitimiteten til skattesystemet. Skatteetaten bruker òg vesentleg meir ressursar på å rettleie og å sørge for riktig skattlegging av denne gruppa. Tar ein utgangspunkt i gjeldande reglar og systema for saksbehandling, vil ein vesentlig forbetring i kvaliteten på skattlegginga krevje betydeleg omprioritering av etaten sine ressursar.

Både omsynet til at utanlandske arbeidstakarar skal betale riktig skatt etter reglane, og at regelverket skal vere enkelt å administrere, tilseier at ein bør gjere endringar. Riksrevisjonen ber òg departementet vurdere endringar i desse reglane, jf. rapporten til Stortinget frå mai 2016. Ein viser òg til at Sverige og Finland i lang tid har hatt på plass enklare reglar for utanlandske

³ D-nummer vert skrive ut for utlendingar som ikkje har fødselsnummer. Det er naudsynt for å få skattekort.

arbeidstakarar. Departementet gjer difor framlegg om ei ny ordning som skal gjere det enklare å skattleggje utanlandske arbeidstakarar riktig. I ordninga vert skatten fastsett ved arbeidsgjevar sitt trekk. Ei liknande ordning har ein til dømes for skatt som vert betalt ved lønstrekk på Svalbard.

4.4.2 Skattesubjekt i ordninga

4.4.2.1 *Arbeidstakarar med avgrensa skatteplikt (ikkje-busette)*

I høyringsnotatet foreslo ein at skattytarar med avgrensa skatteplikt (ikkje-busette), skal inngå i den nye ordninga. På grunn av tersklane for å verte busett i Noreg, jf. punkt 4.2, vil mange utanlandske arbeidstakar på kortvarige opphald etter kvart verte busett.

Departementet la til grunn i høyringsframlegget at det var fornuftig å byggje på skiljet mellom busette og ikkje-busette som ein allereie har i skatteloven. Personlege skattytarar med avgrensa skatteplikt har i liten grad andre skattepliktige inntekter til Noreg (enn inntekter frå arbeid). Ei avgrensing mot busette, som har allmenn skatteplikt, vil gjere det vesentleg enklare å utforme ordninga. Det har ikkje kome innvendingar til denne delen av framlegget. Ein held difor på at ordninga i hovudsak skal gjelde for ikkje-busette arbeidstakarar, jf. framlegg til ny § 19-1 i skatteloven.

I tråd med framlegget i høyringsnotatet foreslår ein at utanlandske sjøfolk og sokkelarbeiderar ikkje skal inngå i ordninga. Skattlegginga av desse gruppene fungerer i dag tilfredsstillande. Det har ikkje kome innvendingar til denne delen av framlegget.

Utsendte utenrikstenestemenn m.m. vert sett på som busett i utlandet etter skatteloven § 2-1 åttande ledd. Departementet ser ikkje nokon god grunn til at desse skal inngå i den nye ordninga. Dette er ei gruppe ein har gode opplysningar om og som normalt vil ha ei sterkare tilknytning til Noreg enn utanlandske arbeidstakarar på kortvarig opphald. Same omsyn gjer seg gjeldande for dei som vert busett på Svalbard, jf. skatteloven 2-35 andre ledd. Departementet foreslår difor at ein regulerer i forskrift til skatteloven § 19-1 at desse gruppene ikkje skal inngå i ordninga.

4.4.2.2 *Arbeidstakarar med allmenn skatteplikt (busette)*

Som det gjekk fram av høyringsnotatet, er eitt av problema med gjeldande regler nettopp vurde-

ringa av kvar skattytar er busett, jf. sktl. § 2-1. Denne vurderinga er heilt sentral for rekkevidda av skatteplikta (og retten til frådrag). I mange tilfelle vil det vere ein fordel for skattytar å verte busett på grunn av dei ulike frådraga. Sjølve vurderinga av bustad er eigentleg særskilt enkel og baserer seg på dagar med opphald i Noreg i ein bestemt periode. Problemet er at skattytar sitt opphald i Noreg ikkje vert registrert og difor ofte ikkje er kjent. Skatteetaten har avgrensa med ressursar til å kontrollere om skattytar har brukt reglane riktig, gitt korrekte opplysningar, eller om informasjonen i førehandsutfylt skattemelding er rett.

For å lette handteringa og få fleire inn i ordninga foreslo departementet at dei som blir busett i løpet av inntektsåret, skal kunne fortsette å vere i ordninga ut dette året. Med ein slik regel unngår ein at ein del vil måtte gå ut av ordninga innanfor eit og same inntektsår. I staden vil overgangen til ordinær skattlegging skje i samband med eit nytt inntektsår. Skattytar vil då få skattekort basert på dei ordinære reglane. Det inneber at utanlandske arbeidstakarar som kjem til Noreg, vil kunne verte i den nye ordninga heile fyrste året, uavhengig av kor lenge opphaldet varer.

Skattytar som vert skattlagt for arbeidsinntekter i ordninga, vil då samstundes ikkje ha allmenn skatteplikt for andre inntekter. Regelteknisk skjer dette ved at ein utset verknadene av slik allmenn skatteplikt (busett) gjennom forslaget til ny § 19-5 i skatteloven. Ein gjer likevel eit unntak frå slik suspensjon i tilfelle der busette har kapitalinntekter over eit minstebeløp, sjå nærare omtale i punkt 4.4.4 om kapitalinntekt. Det har ikkje kome innvendingar mot denne delen av framlegget, og departementet opprettheld løysinga.

I høyringsnotatet drøfta ein moglegheita for å utvide ordninga ytterligare for busette. Ein tilrådde ikkje det, fordi det skaper ein del utfordringar. Busette vil ha allmenn skatteplikt. For å inkludere dei meir allment, må ein ta stilling til korleis ein skal regulere anna skatteplikt, og kva slags frådrag dei skal få. *Skattedirektoratet* ber i høyringsinnspellet departementet vurdere om dei som vert busett i Noreg etter skatteloven, men som er busett i eit anna land etter skatteavtale, òg kan inngå i ordninga. Departementet foreslår ikkje ei slik utviding i denne omgang, men vil sjå nærare på ei slik løysing framover. Ei slik utviding bør ein vurdere i ein breiare samanheng, der ein òg ser på andre verknader av å vere busett etter internretten, men ikkje etter skatteavtale.

4.4.3 Moglegheit til å velje

I høyringsnotatet la ein opp til at EØS-borgarar kan velje mellom den nye ordninga og dei vanlege reglane. Det er høve til EØS-retten og forbodet mot diskriminering som grunngev ei slik løysing. Framlegget i høyringsnotatet gav ikkje ein tilsvarenda valrett for andre grupper (dei utanfor EØS og emigrerte nordmenn). Det hang særleg saman med eit ynskje om å få flest mogleg inn i ordninga. Fleire av høyringsinstansane, inkludert *Skattedirektoratet*, tek til orde for at alle bør få moglegheit til å velje skattlegging etter dei ordinære reglane. Dei tek opp at det kan vere problematisk å behandle gruppene ulikt og at det kan innebere ei vesentlig skjerping for einskilde skattytarar, til dømes dei med låge inntekter. Ved å gje valrett til alle grupper kan ein unngå slike verknader. Ein valrett for alle vil på den anna sida gjere ordninga dyrare for staten, fordi ein går ut i frå at fleire då vil velje skattlegging etter dei ordinære reglane.

Departementet foreslår på bakgrunn av innspela i høyringa at ordninga vert gjort valfri for *alle* skattytarar som ordninga rettar seg mot. Med ei slik løysing slepp ein å ta stilling til om skattytarane er i kategorien som kan velje, slik ein måtte ha gjort etter det opphavlege forslaget. Det vert vist til framlegg om ny § 19-6 i skatteloven.

Skattedirektoratet tek òg opp situasjonen for ektefellar og tek til orde for at både må velje same løysing – det vil seie anten den nye ordninga eller dei ordinære reglane. Direktoratet peiker på moglegheita for uheldige tilpassingar. Direktoratet ber òg om ei klårgjering for sambuarar. I høyringa la departementet ikkje opp til at det skulle vere obligatorisk for ektefellar m.m. å velje same ordning for skattlegging. Departementet antek at det vil kunne komplisere ordninga at ein skal stille krav om same val for ektefellar m.m. Ein må då halde greie på sivilstatusen til utanlandske arbeidstakarar på kortvarige opphald og vidare kople gifte par m.m. til kvarandre i ordninga. For eksempel slik at viss ein av dei ryk ut pga. høg inntekt, vil automatisk det òg gjelde for den andre. Departementet vil sjå nærare på om det er behov for at ektefellar vel same løysing og eventuelt regulere det i forskrift. Forskriftsheimel vil følgje av ny § 19-7 i skatteloven.

4.4.4 Skattegrunnlag i den forenkla ordninga

I høyringsnotatet foreslo ein at berre arbeidsinntekt som er skattepliktig etter sktl. § 2-3 fyrste ledd bokstav d-f og 2-3 andre ledd, skal inngå.

Anna inntekt kan ikkje skatleggst i ordninga, og det skal ikkje vere moglegheit til å samordne med andre skattegrunnlag. Ein får ikkje frådrag i skattegrunnlaget og heller ikkje frådrag i fastsett skatt i ordninga. I høyringa har det ikkje kome vesentlege innvendingar mot avgrensinga av skattegrunnlaget i ordninga. Ein viser til forslag til nye reglar i skatteloven §§ 19-1 og 19-2.

Arbeidsinntekt

For ikkje-busette er inntekter frå arbeid skattepliktig til Noreg etter skatteloven § 2-3 fyrste ledd bokstav d til h og § 2-3 andre ledd om arbeidsleie. I høyringsnotatet la ein opp til at lønsinntekter og anna godtgjersle skattepliktig etter skatteloven § 2-3 fyrste ledd bokstav d, e og f og § 2-3 andre ledd, skulle inngå i grunnlaget.

I forslaget frå høyringa er § 2-3 fyrste ledd bokstav e medrekna. Den regulerer mellom anna skatteplikt for pensjon til direktør og medlem av styre. Slik pensjonsinntekt vil og vere skattepliktig etter den særlege regelen om kjeldesatt på pensjon, jf. skatteloven § 2-3 fjerde ledd. I den utstrekning det er skatteplikt for slik pensjon etter skatteloven § 2-3 fjerde ledd, antar departementet det er riktig å nytte den heimelen for skattlegging. Anna vederlag til ikkje-busette direktørar og styremedlemmar, vert skattlagt i den forenkla ordninga.

Inntekt frå verksemd

Ei skatteordning der skattytarens skatteplikt vert fastsett ved trekk og melding til skattestyresmaktene, er særleg praktisk når det ikkje er hensiktsmessig at skattytar leverer skattemelding og det er ein oppgavepliktig som betaler ut inntekta. For næringsverksemd vil inntekta kome frå ulike oppdragstakarar, og det vil vere vanskeleg å integrere slik skattlegging i ei forenkla ordning for lønsinntekter. I høyringsnotatet foreslo difor departementet at den forenkla ordninga ikkje skal gjelde når skattytar har næringsinntekter. Skattytar som kjem til Noreg for å utøve verksemd skal difor ikkje inn i den nye ordninga. Ein slik skattytar vert skattlagt etter ordinære reglar både for næringsinntekt og lønsinntekt. Departementet held fast ved denne løysinga.

Departementet foreslår ingen endringar frå høyringsnotatet, når det gjeld skattlegga av utanlandske artistar. Desse vert i dag skattlagt etter artistskatteloven, og slike honorar skal ikkje inngå i den nye ordninga. Artistar som har oppdrag i Noreg og samstundes har vanleg lønsarbeid, vil kunne kombinere desse ordningane.

Kapitalinntekt

Personer som er skattemessig busett i utlandet, vil normalt ikkje vere skattepliktige til Noreg for kapitalinntekter. Eit unntak gjeld skatteplikt på utbytte frå norske selskap, jf. skatteloven § 2-3 fyrste ledd bokstav c, jf. skatteloven § 10-13. Denne skatteplikta vert fastsett gjennom ei trekkordning der det er det utdelande selskapet som er ansvarleg for å fastsetje skatten. Det vert ikkje foreslått nokon endringar i desse reglane, og slik skattlegging vil ikkje røre ved den nye ordninga, og dei kan verke saman. Ein avgrensa skattepliktig kan òg vere skattepliktig til Noreg for inntekt frå fast eigedom (og lausøyre) som personen eig eller rår over i Noreg, jf. skatteloven § 2-3 fyrste ledd bokstav a. I høyringsnotatet foreslo ein at skattytar ikkje kan kombinere slik inntekt med skattlegging i den nye ordninga, og ein held på denne løysinga.

Skattytar som er i ordninga, og blir busett i løpet av inntektsåret, vil kunne vere verande der viss dei andre vilkåra er oppfylt, jf. punkt 4.4.2. I ein slik situasjon vert skattytar skattlagt etter reglane om allmenn skatteplikt fyrst frå det påfølgande inntektsåret. For å motverke tilpassingar m.m. foreslo ein at dette ikkje gjeld for dei som har brutto kapitalinntekter over eit fastsett minstebeløp. Ein tenker då på kapitalinntekt som etter dei ordinære reglane er skattepliktige for busette. Departementet går vidare med ein slik regel, og gjev heimel i skatteloven § 19-7 til å fastsetje minstebeløpet i forskrift.

Pensjon m.m.

Kjeldeskatt på pensjon m.m. er skattepliktig etter egne regler, jf. skatteloven § 2-3 fjerde ledd. Skattesatsen er 15 pst. på brutto utbetaling, men den kan vere satt lågare i skatteavtale. Departementet foreslår ingen endringar i reglane om kjeldeskatt på pensjon. Skattytarar busett i utlandet som mottar pensjon frå Noreg og samstundes har arbeidsinntekter her, kan inngå i den nye ordninga for *lønsinntekta*. Inntekt frå pensjon vert skattlagt etter reglane om kjeldeskatt på pensjon. Viss skattytar vel skattlegging etter dei ordinære reglane for pensjonsinntekt, jf. skatteloven § 6-71, kan ein ikkje kombinere det med skattlegging av lønsinntekta i den nye ordninga.

Formuesskatt

Avgrensa skattepliktige er normalt ikkje skattepliktige til Noreg av formue. Visse unntak gjeld, til

dømes for fast eigedom og lausøyre som personen eig eller rår over i Noreg. Departementet foreslår ingen endringar i plikta til å svare formuesskatt, og skattytarar som er i den forenkla ordninga, skal framleis svare formuesskatt av fast eigedom m.m. i Noreg. Det inneber at ein i slike tilfelle skal skrive ut skattetrekksmelding med forskotsskatt og skattemelding som gjev grunnlaget for formuesskatt. Tal frå tidlegare inntektsår indikerer at dette berre vil gjelde eit fåtal skattytarar.

Trygdeavgift

Trygdeavgift er ein bruttoskatt på personinntekt som medlemmar av folketrygda skal betale. Medlemmar av folketrygda er dei som er «bosatt i Norge» etter folketrygdloven. Reglane om bustad vert supplert av ein særleg regel for utanlandske arbeidstakarar i Noreg og på norsk sokkel. Denne gruppa plikter normalt å vere medlemmar av folketrygda.

Den forenkla ordninga skal ikkje gjere endringar i kven som plikter å betale trygdeavgift til Noreg. Den plikta følger av reglane i folketrygdloven § 23-3, jf. skatteloven § 12-2, og vert supplert av trygdeavtalar og rådsforordning nr. 883/2004. Satsen i kjeldeskattordninga legg til grunn at skattytar er pliktig til å betale trygdeavgift til Noreg, og satsen i ordninga skal gjelde for heile inntekta. Dei særlege reglane i folketrygdloven om beløpsgrenser for og innfasing av avgiftsplikten vert difor ikkje aktuelle i den nye ordninga. Viss skattytar ikkje skal betale trygdeavgift (eller avgift etter lågare sats), må ein skrive ut eige skattekort der satsen i ordninga vert redusert med gjeldande sats for trygdeavgift. At skattlegginga i den forenkla ordninga må ta høgde for plikta til å betale trygdeavgift, vert som i det ordinære systemet.

Ytingar frå arbeidsgjevar

Ytingar frå arbeidsgjevar, til dømes utgiftsgodtgjersler og naturalytingar, skal inngå i skattegrunnlaget for den forenkla ordninga i same utstrekning som dei er skattepliktige etter ordinære reglar. Det vil seie at det berre er den skattepliktige delen av slike ytingar som arbeidsgjevar skal fastsetje, rapportere og betale inn i ordninga. Arbeidsgjevar vil òg i det vanlege systemet måtte ha kontroll på om utbetalinga er skattepliktig eller ikkje. Til dømes skal ei skattefri naturalyting difor ikkje inngå i grunnlaget, medan ei skattepliktig naturalyting skal inngå i grunnlaget.

Det har kome innspel i høyringa om dekning etter den såkalla nettometoden. Det vil seie tilfelle der arbeidsgjevar si utbetaling er skattefri i same utstrekning som arbeidstakar har rett på frådrag. I den samanheng ber *Skattedirektoratet* departementet vurdere å innføre særordningar for godtgjersle til dekning av visse typar kostnader. Vidare ber *Advokatfirmaet PwC* ein vurdere om meirkostnadar ved pendling, kan verte halde utanfor ved skattlegging etter den nye ordninga.

Departementet vil i denne omgang ikkje foreslå nokon slik særordning. Ved fastsetjing av satsen har ein slik sett tatt høgde for at skattytar har rett på frådrag i det ordinære systemet. Viss skattytar får skattefri dekning etter ein slik nettometode og samstundes får den låge satsen i den nye ordninga, vil det kunne gje særers gunstig skattlegging for arbeidstakar. Ein viser og til at det er moglegheit for å velje skattlegging i tråd med dei ordinære reglane.

4.4.5 Skattesats og inntektstak i ordninga

Skattesats

Formålet med ordninga er å gje riktigare skattlegging etter reglane av utanlandske arbeidstakarar på kortvarig opphald. Forslaget skal samstundes bidra med vesentlege forenklingar i skattlegginga av denne gruppa. Den nye ordninga vil òg vere føreseieleg for utanlandske arbeidstakarar. For at ein skal nå desse måla, må ordninga utformast slik at den vert nytta av ein stor del av skattytarane i den aktuelle gruppa.

Administrativ enkelheit må ein vege mot andre omsyn. Ein låg, flat skattesats vil gjere det gunstig for mange å nytte ordninga, og dei med høge inntekter kan oppnå særers gunstig skattlegging. I høyringsnotatet vert det vist til at gjennomsnittsskatten for denne gruppa vert anslege til 23,6 pst. i 2014. Departementet meiner at den nye ordninga ikkje bør vere vesentlig gunstigare enn ordinær skattlegging for det store fleirtalet av skattytarar. I høyringa antyda departementet ein sats i intervallet 22-25 pst. Når det gjeld nivå på satsen, sprik det i høyringsinnspela. *Landsorganisasjonen* ynskjer ein høgare sats, slik at utanlandske arbeidstakar ikkje kjem gunstigare ut enn andre arbeidstakarar. *Skattedirektoratet* ynskjer at satsen vert sett i det nedre sjikt av intervallet, slik at flest mogleg i gruppa vel den forenkla ordninga. *NHO* meiner at satsen bør vere 22 pst., men at denne satsen vil vere for lav viss ein òg inkluderer dei som tener over trinn 3 i trinnskatten.

Departementet foreslår at satsen vert sett til 25 pst. Ved lågare satsar vil provenytapet kunne verte ein god del høgare. Ulempa med å setje satsen høgt i det varsla intervallet er at det vil vere lønsamt for fleire å velje skattlegging etter det ordinære systemet. Departementet finn grunn til å peike på at berekningane knytt til kva skattytarane vel, er svært usikre. Ein fordel med å sette satsen til 25 pst. er at ein legg seg på same nivå som i den svenske ordninga. Satsen i ordninga vil verte fastset i Stortingets årlege skattevedtak.

Inntektstak

I høyringsnotatet foreslo departementet at skattytarar som har bruttoinntekt over trinn 3 i trinnskatten, ikkje skal kunne inngå i den forenkla ordninga. Det svarar til 598 050 kroner i 2018. Har ein inntekt over dette nivået, vert ein i staden skattlagt i tråd med ordinære reglar. Eit inntektstak vil føre til at fleire skattytarar på kortvarige opphald fell ut av ordninga. Eit inntektstak vil òg gjere ordninga noko meir komplisert. Det gjeld mellom anna for skattytararar som må gå ut av ordninga og over til ordinær skatt i løpet av eit inntektsår. Eit inntektstak aukar òg marginalskatten betydeleg på det nivået inntektstaket er. Det svekker insentiva til å arbeide for ei inntekt ut over taket fordi skatten på den neste tente krona vert høg og over 100 pst. På bakgrunn av tal frå 2016 vil dette likevel gjelde ganske få (om lag 5 pst), i den aktuelle gruppa.

Næringslivets hovedorganisasjon (NHO) har spelt inn at dei som har høgare inntekt enn trinn tre i trinnskatten òg bør kunne nytta ordninga, eventuelt slik at ein kan kombinere grunnsatsen med ein høgare sats for inntekter over inntektstaket. Departementet held på at ordninga i fyrste omgang skal ha eit inntektstak. Det er viktig av omsyn til at ikkje nokon gruppe kjem særers godt ut av dei nye reglane. Ein kunne tenkt seg at ordninga nytta fleire satsar, slik NHO foreslår, slik at ein òg kunne tilby enklare reglar for grupper med høg inntekt. Viss ein får på plass eit enkelt system som kan handtere ulike satsnivå på ein god måte, kan det vere ei god løysing å vurdere framover. Ein presiserer at inntektstaket ikkje skal verte avkorta på bakgrunn av skattytar sitt opphald. Heimel til å fastsetje inntektstak i forskrift følgjer av forslag til ny § 19-7 i skatteloven.

4.4.6 Oppheving av standardfrådraget

Samstundes som ein innfører ei ny og enklare ordning for skattlegging av utanlandske arbeidsta-

kerar, foreslår departementet å oppheve det særlege standardfrådraget for utanlandske arbeidstakarar. At dette var aktuelt, vart nemnt i høyringsnotatet og har vore lagt til grunn i berekningane. Departementet foreslår vidare at sokkelarbeidarar og utanlandske sjøfolk får behalde frådraget. Dette er grupper som ikkje kan inngå i den forenkla ordninga, jf. punkt 4.4.2.

Det som særleg gjev grunnlag for å oppheve standardfrådraget, er at den nye ordninga i det vesentlege vil erstatte standardfrådragets funksjon som eit enklare alternativ. Det er òg fleire uheldige sider knytt til standardfrådraget. Det er mellom anna krevjande for skattyttar å vurdere om ein har krav på det. Vidare må ein krevje det i skattemeldinga, og det medfører at ein del som har krav på det, ikkje får utnytta det. Feil føresetnader lagt til grunn ved utskriving av skattekort gjev òg feil trekkgrunnlag. Kontrollar i etaten har vist at det er mykje feil knytt til standardfrådraget. En del skattyttarar krev frådraget utan at dei har krav på det, medan andre som har krav på det, ikkje krev det, jf. ovanfor. Riksrevisjonen viste òg i sin rapport til at det er mykje feil knytt til dette frådraget. Med ein saksbehandling i Skatteetaten som no hovudsakelig gjerast maskinelt, er den opphavlege grunngevinga om forenkling ikkje like sterk. Departementet viser til framlegg om å oppheve skatteloven § 6-70 fyrste ledd bokstav a og b.

Dei som ikkje inngår i ordninga, vil kunne nytte dei ordinære reglane om frådrag. Ein pendlar frå eit EØS-land vil til dømes kunne krevje reisefrådrag etter reglane i skatteloven § 6-44.

4.4.7 Arbeidstakarar som mottar nettoløn

I høyringsinnspela sine ber *Advokatfirmaet PwC* og *Utenlandsforum* om ei nærare vurdering av ordninga sett opp mot avtaler der arbeidstakarar mottar nettoløn (nettølønsordning).⁴ Ei nettølønsavtale er ei privatrettsleg avtale mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar, om at arbeidsgjevar skal dekkje all skatt og alle avgifter på arbeidstakaren si løn og anna godtgjersle.

Arbeidsgjevar si dekning av skatt for arbeidstakar er òg ein skattepliktig fordel, som i sin tur vert skattlagt. Ei avtale om nettoløn inneber difor at løna må reknast om til bruttoløn for å finne rett grunnlag for skatt m.m. På same måte som etter dei vanlege reglane, kan ein avtale dette og verte

skattlagt i den forenkla ordninga. Det vil riktignok vere den bruttoløna etter omrekning som gjer skattegrunnlaget for skatt i og arbeidsgjevaravgift. Det vil òg vere den berekna bruttoinntekta som vil vera avgjerande for om skattyttar ligg lågare enn trinn tre i trinnskatte. Det skal på vanleg måte trekkast 25 pst. skatt av bruttogrunnlaget og arbeidsgjevar skal svare arbeidsgjevaravgift.

Departementet legg til grunn at etaten ved behov gjev rettleiing om korleis dette skjer i praksis. Departementet antek vidare at avtaler om nettoløn vil vere mindre praktisk innanfor ei forenkla ordning der skatten er enkel å berekne for alle partar. Arbeidstakarar på slik avtaler som har bruttoløn på over trinn tre i trinnskatte, kan ikkje inngå i kjeldeskatteordninga. I høyringsinnspellet viser *Skattedirektoratet* òg til at dei fleste på slike avtaler, er høglønte. I mange tilfelle vil dei difor ikkje kunne vere i den forenkla ordninga.

4.4.8 Gjennomføring av skattlegging i den forenkla ordninga

For personar busett i utlandet som kjem til Noreg, vil fyrste møte med skattekontoret vere ved søknad om skattekort og d-nummer (ev. fødselsnummer). På grunnlag av dei opplysingane skattyttar gjev, må skattekontoret ta stilling til kva for eit skattekort ein skal skrive ut, anten skattekort i tråd med den forenkla ordninga eller skattekort etter dei ordinære reglane. Ein foreslår i denne samanheng å endre skattebetalingsloven § 4-4 fyrste ledd, slik at skattyttar og arbeidsgjevar har plikt til å gje opplysingar som er naudsynte for å kunne skrive ut skattekort i den nye ordninga. I høyringa har *Skattedirektoratet* stilt spørsmål om kor langt denne opplysningsplikta rekk. Dei etterspør om regelen òg vil dekkje ei laupande plikt for skattyttar til å gje opplysningar. Ein behøver ei klår plikt for skattyttar til å gje informasjon om vesentlege etterfølgjande endringar. Det vil fyrst og fremst dreie seg om forhold som gjer at skattyttar ikkje lenger oppfyller vilkåra for å vere i ordninga (til dømes at inntekta er for høg eller at personen òg har inntekt frå verksemd). Departementet presiserer at plikta etter framlegget er meint å dekkje opplysningar om slike endringar. Når skattyttar ikkje lenger oppfyller vilkåra for å vere i ordninga, vil opplysningsplikta i skatteforvaltningsloven § 8-1 gjelde.

Sjølv om personen som tek opphald i Noreg har tenkt å verte her i meir enn seks månader, får ikkje dette noko å seie i kjeldeskatteordninga. Det inneber at personar som vert registrert busett og

⁴ Slike avtaler der arbeidstakar mottar nettoløn, må ikkje forvekslast med såkalla nettølønsordning for utanlandske sjøfolk.

får tildelt fødselsnummer etter reglane i folkeregisterloven, òg skal inngå i ordninga (viss dei andre vilkåra er oppfylt). Det er den skattemessige tilknytninga som er avgjerande.

Arbeidsgjevar skal foreta skattetrekk i tråd med utskreven skattekort. Er ikkje lenger vilkåra oppfylt for å vere i ordninga, skal skattekontoret skrive ut nytt skattekort etter dei vanlege reglane. Skatteetaten må etablere rutinar for slik overgang. *Regnskap Norge* viser i høyringsinnspellet til at etaten må finne ei løysing der beløpsgrensa vert handtert automatisk i etatens system, slik at det vert sendt ut nytt skattekort.

Ved overgang til ordinær skattlegging vil betalt skatt i den forenkla ordninga verte gjort om til forskotstrekk i det allmenne systemet. Ein foreslår å regulere dette i ny § 5-17 i skattebetalingsloven. «Innenfor et inntektsår» i lovteksten referer seg til tidspunktet for uttreden.

Kontroll med skattytar sin status som busett vert avgjerande i den nye ordninga, slik at ein ikkje kan vere der lenger enn reglane gjev grunnlag for. Departementet antok i høyringsnotatet at informasjon ein får gjennom meldingar etter opplysningsloven kan gje meir treffsikker kunnskap om opphald. *Regnskap Norge* spør i sitt høyringsinnspel om departementet vil utvide gjeldande rapporteringsplikter etter a-meldinga. Svaret på det er at det til no ikkje har vore meininga å etablere nye rapporteringsplikter for å kontrollere opphaldet til skattytar.

Skattytar som berre har inntekt som vert skattlagt i den forenkla ordninga, skal ikkje levere skattemelding. Viss skattytar har skattepliktig formue eller andre skattepliktige inntekter til Noreg, må det leverast skattemelding på vanleg måte. Arbeidsgjevar skal på vanleg måte betale arbeidsgjevaravgift av arbeidsinntekt som vert skattlagt i den forenkla ordninga. For ei breiare omtale av korleis skattlegginga vert gjennomført i ordninga, viser ein til høyringsnotatet av 7. april 2017.

4.4.9 Korleis ein går ut av ordninga

Ein kan gå ut av ordninga på fleire måtar. Det kan skje ved at skattytar i ordninga vel å gå ut. Slike overgangar vil gje noko meirarbeid for etaten. Departementet foreslår at vilkåra for slik overgang, vert fastsett i forskrift. Heimel til å regulere dette i forskrift er tatt inn i lovutkastet, jf. ny § 19-7 i skatteloven.

Vidare går ein ut av ordninga viss vilkåra for å vere der, ikkje lenger er oppfylt. Det kan vere at skattytar er blitt busett, slik at han for det neste inntektsåret vert skattlagt i tråd med ordinære

reglar. Det kan òg skje ved at skattytar har inntekter som det ikkje går an å kombinere med ordninga (typisk inntekter frå verksemd) eller når inntektstaket er nådd. For dei to siste tilfella skal overgangen skje så raskt det lar seg gjere innanfor inntektsåret. Innbetalt skatt vert gjort om til forskot etter dei ordinære reglane. I slike tilfelle vert det skrive ut nytt skattekort, og ein må levere skattemelding på vanleg måte. Slike overgangar vil gje noe meirarbeid, men ut i frå talgrunnlaget frå tidlegare år vil dette dreie seg om relativt få skattytarar.

4.4.10 Fastsetjing, rapportering og betaling av skatt

Skatten i den forenkla ordninga vert fastset av arbeidsgjevar ved gjennomføring av skattetrekk i bruttoinntekta. Det inneber at arbeidsgjevar både fastset grunnlaget for slik skatt og bereknar skatten. Det skjer ved at arbeidsgjevar held det skattepliktige beløpet tilbake (gjennomfører skattetrekk) ved lønsutbetalinga og sender melding til skattemyndigheitene. Arbeidsgjevar plikter deretter å innbetale trekket. Løysinga inneber at skatten i ordninga vert fastset fortløpande ved den enkelte betaling og rapportering av skattetrekk gjennom a-meldinga. Det skjer difor ikkje ei samla fastsetjing for eit heilt inntektsår. Arbeidsgjevar skal betale inn skatten kvar andre månad i tråd med hovudregelen i skattebetalingsloven. Arbeidsgjevar vil vere ansvarleg for skatten (inntektsskatt og trygdeavgift), jf. skattebetalingsloven § 16-11 andre ledd. Arbeidsgjevar vil òg ha ansvar for rett trekk etter reglane i skattebetalingsloven § 16-20.

Ein foreslår vidare at dei allmenne reglane i skatteforvaltningsloven § 9-4 om trekkpliktige si rett til å endre fastsetjing, skal gjelde i den forenkla ordninga. I ordninga vil skatten verte fastsett utan at skattekontoret treffer vedtak. I staden skjer fastsetjing gjennom trekk frå arbeidsgjevar. Det inneber at dei vanlege klagereglane i skatteforvaltningsloven ikkje gjeld når skattytar meiner at den trekkpliktige (arbeidsgjevar) har trekt for mykje skatt. Skattytar kan i slike tilfelle i staden søke om refusjon av for mykje betalt skatt, jf. skatteforvaltningsloven § 9-6. I høyringa tek *Skattedirektoratet* til orde for å utvide fristen til å krevje refusjon frå seks månader til tre år. Departementet vil vurdere nærare behovet for ei slik utviding og samstundes sjå på reglane om dokumentasjon og berekning av fristen ved krav om slik refusjon.

Departementet foreslår vidare at dei ordinære reglane om endring utan klage i skatteforvalt-

ningsloven kapittel 12, skal gjelde når skattekontoret avdekkjer at fastsetjinga ikkje er riktig (endring av skattefastsetjing overfor trekkpliktig). Slik endring vil vere eit enkeltvedtak som skattytar kan klage på.

I høyringsnotatet vart særskilte problemstillingar i samband med utbetaling av feriepengar omtalt. Departementet presiserer at «lønn mv.» i forslag til endring i skattebetalingsloven § 5-4 òg er meint å dekkje feriepengar. Ein sa vidare i høyringsnotatet at unntaket frå plikta til å foreta forskotstrekk i skattebetalingsloven § 5-7, ikkje gjeld for feriepengar. Ein antek difor at det ikkje er naudsynt å regulere nærare trekkplikt ved *utbetaling* av feriepengane, fordi det allereie går fram av skattebetalingsloven § 5-4 at arbeidsgjevar plikter å trekkje skatt av slike ytingar. I høyringsinnspelet sitt tilrår *Skattedirektoratet* å utvide trekkplikta for utbetalingar frå arbeidsgjevar etter utflytting frå Noreg. Dei pekar på at heimelen i forskrifta til skattebetalingsloven § 5-4a bør inkludere andre ytingar frå arbeidsgjevar, slik som bonus og sluttvederlag m.m. Det er aktuelt når det ikkje er gjort skattetrekk i ytinga i kjeldeskatteordninga, fordi utbetalinga frå arbeidsgjevar vert gjort i etterkant. Departementet vil sjå nærare på om det er behov for at dette vert regulert i forskrift.

Ein viser til forslag til endringar i skatteforvaltningsloven og skattebetalingsloven.

4.5 Administrative og økonomiske følger

Departementet anslår på svært usikkert grunnlag at innføring av enklare regler for utanlandske arbeidstakarar på mellombels opphald vil gje eit påløpt provenytap på om lag 50 mill. kroner og bokført om lag 40 mill. kroner i 2019. Dette omfattar å fjerne det særskilte standardfrådraget, men at ikkje for utanlandske sjøfolk og sokkelarbeidarar, som ikkje inngår i kjeldeskatteordninga.

Ei kjeldeskatteordning med eit inntektstak på nivå med innslagspunktet i trinnskatten (598 050 kroner i 2018) vil avgrense ordninga mot personar med høgare inntekt. I eit progressivt skattesystem som det norske er det personar med relativt høg inntekt som ville ha tent mest på å delta i ordninga. Inntektstaket gjer provenytapet for staten mindre og bidrar til at ordninga ikkje blir for gunstig for utanlandske arbeidstakarar samanlikna med den ordinære skatten.

Innføring av ei ny ordning for skattlegging av utanlandske arbeidstakarar vil vere forenklande for etaten og for dei som inngår i ordninga. I 2016 var det i underkant av 170 000 personar på kortvarig opphald i Noreg. Det er anslått at 20-25 pst. av utanlandske arbeidstakarar på kortvarig opphald vil velje kjeldeskatte.

Med ordninga fjernar ein mange feilkjelder ved skattlegginga av denne gruppa. Skattekontoret vil ikkje lenger måtte vurdere ulike frådrag, og skatten vil vere oppgjort ved trekk og melding frå arbeidsgjevar. Problem med innkrevjing av restskatt og utbetaling av beløp ein har til gode vil nærast verte borte for dei som er i ordninga. Skattytarar i ordninga vil i hovudsak ikkje måtte levere skattemelding.

Skattedirektoratet anslår på usikkert grunnlag at den nye ordninga kan frigje ressursar tilsvarende 10-20 årsverk årleg.

Skatteetaten må i 2018 klårgjere for ordninga, og det er løyvd 10 mill. kroner til etaten sine kostnader til systemutvikling.

4.6 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringane i skatteloven, skatteforvaltningsloven og skattebetalingsloven tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2019.

5 Endring i overgangsregelen for aksjesparekonto

Ordninga med aksjesparekonto vart innført 1. september 2017. Ordninga inneber at personlege skattyttarar kan opprette aksjesparekonto. Innskot på kontoen kan investerast i børsnoterte aksjar, børsnoterte eigenkapitalbevis og andelar i aksjefond. Gevinstar ved realisasjon av verdipapir på kontoen vert ikkje skattlagt i samband med realisasjonen, men først når midlane vert teke ut av kontoen.

Ved innføringa av ordninga vart det gitt overgangsreglar. Etter overgangsreglane kan personlege aksjonærar fram til utgangen av 2018 overføre verdipapir til aksjesparekonto med kontinuitet. Det vil seie at overføringa ikkje vert skattlagt. Samstundes vert innskotet på kontoen sett til skattyttars inngangsverdi på aksjane og andelane. Eventuell unytta skjerming på dei overførte aksjane og aksjefondsandelane, vert unytta skjerming på aksjesparekontoen.

I nokre tilfelle kan aksjonærar ha negativ inngangsverdi på aksjar. Når aksjar med negativ inngangsverdi vert realisert, vert gevinsten sett til vederlaget tillagt den negative inngangsverdien.

Overgangsreglane for aksjesparekonto kan nyttast til å realisere aksjar med negativ inngangsverdi utan at inngangsverdien vert skattlagt i samband med realisasjonen, eller når midlane vert teke ut av kontoen. Ein aksjonær kan til dømes overføre ein aksje med negativ inngangsverdi på 50 og verdi på 100, til ein aksjesparekonto oppretta for formålet. Overføringa skjer etter overgangsreglane, og utløyser ikkje skatt. Innskotet på kontoen vert set til inngangsverdien på aksjen. Det vil seie at aksjonæren får eit negativt innskot på kontoen på 50.

Aksjonæren sel deretter aksjen for 100 og tek midlane ut frå kontoen. Uttaket på 100 vert då skattlagt som aksjeinntekt. Den negative inngangsverdien på aksjen vert ståande som ett negativt innskott på den tomme aksjesparekontoen, og vert ikkje skattlagt før kontoen vert avslutta.

Departementet meiner det er uheldig at overgangsreglane kan nyttast til å realisere aksjar med negativ inngangsverdi utan at den inngangsverdien vert skattlagt i samband med realisasjonen, eller når midla vert teken ut av kontoen. Departementet foreslår difor å endre overgangsreglane slik at negative inngangsverdiar vert skattlagt når aksjar vert overført til aksjesparekonto. Endringa gjer at den negative inngangsverdien på 50 i dømet over, vert skattlagt når aksjen vert overført til aksjesparekontoen. Departementet legg til grunn at aksjonærens innskot i slike tilfelle vert sett til null.

Departementet viser til framlegg til endring i overgangsregelen til skatteloven § 10-21, i lov 20. desember 2016 nr. 111 om endring i skatteloven.

Departementet varsla i ei nyheitssak 26. april 2018 at denne endringa i overgangsregelen ville verte foreslått. Det vart òg varsla at forslaget under føresetnad av at det vert vedteken av Stortinget, ville få verknad frå 26. april 2018. I tråd med dette foreslår departementet at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med 26. april 2018.

Framlegget har ikkje nemneverdige provenyverknader.

6 Gevinst og tap ved gåvesal av aksjar mm.

Reglar om oppjustering av aksjeutbytte og -gevinst vart innført 1. januar 2016. Reglane vart innført som ein konsekvens av at skattesatsen på allmenn inntekt vart redusert frå 27 til 25 pst. Oppjustering av utbytte mm. sikrar at marginalskatten på utbytte m.m. (inkludert selskapsskatt) vert halden på om lag same nivå som tidlegare.

Reglane om oppjustering må endrast i ein samanheng. Det gjeld skatteloven § 10-33 tredje ledd om skattemessig kontinuitet ved gåvesal av aksjar og andelar. Ved gåvesal av aksjar og andelar blir gevinst/tap hos givar rekna ut i frå differansen mellom kostpris og faktisk salssum (ikkje den høgre marknadsverdien). Mottakar skal som utgangspunkt få same inngangsverdien som givar (kontinuitet), men korrigerert for gevinst/tap hos givar. Denne løysinga skal sikra at utrekninga av gevinst/tap blir riktig for givar og mottakar samla

sett. Men då reglane om oppjustering vart innført, blei denne løysinga endra ved ein inkurie. Det vart då bestemt i § 10-33 tredje ledd at inngangsverdi hos mottakar ikkje skulle bli korrigerert for faktisk gevinst/tap hos givar, men for *oppjustert* gevinst/tap. Denne oppjusteringa gjer imidlertid at grunnlaget for utrekning blir feil. Har givar hatt gevinst, vil eit beløp svarande til oppjusteringa verte unntatt frå skatt. Har givar hatt tap, vil reglane derimot vere til ugunst for skattytar.

Reglane bør endrast slik at det er gevinst/tap *utan* oppjustering som blir lagt til/trukke frå inngangsverdien hos mottakar.

Det vert vist til framlegg om endring av § 10-33 tredje ledd i skatteloven.

Departementet gjer framlegg om at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2018.

7 Fritak for avgift for driftsmidler til reindriftsnæringa

I budsjettet for 2018 vart det varsla at regjeringa vil avgiftsmessig likestille driftsmiddel som vert nytta i reindriftsnæringa, med driftsmiddel som vert nytta i landbruket. For å kunne gjennomføre endringa så snart som mogleg foreslo regjeringa å gje departementet fullmakt til å innføre fritak for eingongsavgift for motorsyklar og beltemotorsyklar (snøskuter) som skal nyttast i reindriftsnæringa. Stortinget slutta seg til dette.

Driftsmiddel som vert nytta i landbruket, slik som traktorar og andre landbruksmaskiner er ikkje omfatta av eingongsavgift, og meirverdiavgift kan førast til frådrag på vanleg måte. Dei viktigaste driftsmidla i reindriftsnæringa er snøskuterar og terrenggåande motorsyklar (ATV). For ATVar som ikkje vert registrert som traktor, og for snøskuterar skal det svarast eingongsavgift. Sidan desse køyretøya vert rekna som personkøyretøy kan ikkje inngåande meirverdiavgift på kjøp, drift og vedlikehald frådragsførast.

I meirverdiavgifta er retten til frådrag for personkøyretøy avskoren, mellom anna for å unngå at privat bruk vert kanalisert gjennom verksemda. I motsetnad til dei driftsmidla som vert nytta i landbruket, er snøskuterar og ATVar òg eigna til personleg bruk. For å unngå misbruk må det fastsetjast vilkår når ein utvidar retten til frådrag for desse køyretøya. Det same gjeld for fritak i eingongsavgifta.

Eit framlegg til forskriftsendringar med nærare avgrensingar er no på høyring. I forslaget legg ein mellom anna opp til eit krav om at køyretøyet har tilknytning til reindriftsnæring og at verksemda er registrert i Meirverdiavgiftsregisteret. Vidare er det forslag til reglar om kor mange køyretøy som skal vere omfatta av ordninga og om berekning av avgift i dei høve der køyretøy vert teke i

bruk til andre formål. Ein foreslår òg nærare reglar om kva type køyretøy som skal vere omfatta av ordninga. Endringane vil verte vedtekne så snart som mogleg. ATVar som vert registrerte som traktorar reknast ikkje som personkøyretøy, og framlegget her får difor ingen konsekvensar for desse. Departementet vil konsultere med Sametinget og Norske reindriftssamers landsforbund (NRL) om framlegget og dei konkrete endringane i regelverket.

Provenyverknaden av endringane i eingongsavgifta og meirverdiavgifta er usikker. Det kjem av at ein ikkje veit kor mange køyretøy det vil verte krevd avgiftsfritak for, eller kor stor gjennomsnittleg innsparing vil vere i avgift per køyretøy. På usikkert grunnlag kan ein anslå årleg påløpt proveny tap som følgje av endringa til rundt 35 mill. kroner. Iverksetjing frå 1. juli 2018 inneber eit proveny tap på om lag 20 mill. kroner påløpt og 15 mill. kroner bokført i 2018. I statsbudsjettet for 2018 vart det budsjettet med 30 mill. kroner påløpt og 25 mill. kroner bokført til ordninga, jf. Prop. 1 LS (2017–2018) *Skatter, avgifter og toll 2018*. Samtidig vart det varsla at regjeringa eventuelt ville kome tilbake i Revidert nasjonalbudsjett 2018 med framlegg om justering av dette talet avhengig av utforming og iverksetjing av fritaka. Iverksetjing frå 1. juli 2018 inneber dermed eit meirproveny på om lag 10 mill. kroner påløpt og bokført i høve til saldert budsjett for 2018. Departementet legg til grunn at inntektsløyvinga under kapitla 5521 post 70 Meirverdiavgift og 5536 post 71 Eingongsavgift aukar med 5 mill. kroner kvar. Departementet viser til forslag til vedtak i Prop. 85 S (2017–2018) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018*.

8 Fritak for meirverdiavgift for elektroniske nyhende

I behandlinga av Prop. 1 S (2017–2018) *Statsbudsjettet 2018* og tilhøyrande Innst. 2 S (2017–2018) fatta Stortinget 4. desember 2017 følgjande oppmodingsvedtak nr. 37 (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen utrede utvidelse av merverdiavgiftsfritaket for medier til å gjelde all digital journalistikk, herunder betydningen for uavhengige journalister, og legge dette frem i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2018.»

På bakgrunn av eit liknande vedtak frå Stortinget vart ein utviding av fritaket for meirverdiavgift for media til å gjelde all digital journalistikk omtala i Meld. St. 2 (2016–2017) *Revidert nasjonalbudsjett 2017* og Prop. 1 LS (2017–2018) *Skatter, avgifter og toll 2018*. Problem med avgrensinga, auka administrative kostnader, at fritak utgjer eit systembrot, fare for auka press for nye fritak og provenytap gjorde at regjeringa ikkje ville innføre fritak for meirverdiavgift for elektroniske tidsskrift og enkeltartiklar.

Gjeldande rett

Etter merverdiavgiftsloven § 6-2 er elektroniske nyhendetenester friteke for meirverdiavgift. Fritaket vart innført 1. mars 2016 og er godkjent av EFTAs overvakingorgan (ESA) fram til 1. mars 2022. Fritaket er meint å sikre lik avgiftsbehandling slik at stoff om nyhende og aktualitet er friteke for avgift uavhengig av plattform. Det vart difor føreset at fritaket i størst mogleg grad skal avgrensast i tråd med fritaket for papiraviser, jf. merverdiavgiftsloven § 6-1. På denne bakgrunn er det krav om at tenesta inneheld ei brei dekning av nyhende og aktualitet, har allmenn interesse, har ein ansvarleg redaktør og vert publisert ein gong i veka eller oftare. Kravet til breidde inneber at omsetjing av enkeltartiklar og tidsskrift ikkje er omfatta av fritaket.

Omsetjing av trykte tidsskrift er friteke for meirverdiavgift, jf. merverdiavgiftsloven § 6-1. Fritaket har historiske grunnar og har vore praktisert sidan meirverdiavgifta vart innført. Fritaket

gjeld både tidsskrift som hovudsakeleg vert omsette til faste abonnentar m.m., og tidsskrift der størsteparten av innhaldet er av politisk, litterær eller religiøs karakter. Fritaket gjeld ikkje elektroniske tidsskrift.

Verksemder som omset nyhendetenester, kan anten produsere stoff om nyhende og aktualitet gjennom eigne tilsette eller kjøpe det frå underleverandørar/uavhengige journalistar. Departementet legg til grunn at med uavhengige journalistar meiner ein i hovudsak slike underleverandørar som omset sine tenester for eiga rekning og risiko. Uavhengige journalistar kan yte ulike tenester som til dømes eigen publisering av reklamefinansierte blogginnlegg eller abonnementfinansierte enkeltartiklar, omsetjing av stoff om nyhende og aktualitet med kommersielt innhald, omsetjing av konsulenttenestar m.m. og omsetjing av opphavsrett til eigne litterære verk. Bortsett frå omsetjing av opphavsrett til eigne litterære verk som er unntatt frå meirverdiavgift, jf. merverdiavgiftsloven § 3-7 fjerde ledd, er dei nemnde typane omsetjing avgiftspliktige med generell sats og med rett til frådrag for inngåande meirverdiavgift på anskaffingar som er til bruk i denne delen av verksemda.

Departementet sine vurderingar

Formålet med meirverdiavgifta er å gje staten inntekter. Dette gjer ein mest effektivt når meirverdiavgifta omfattar alle varer og tenester med ein generell sats. Reduserte satsar og fritak frå meirverdiavgift reduserer inntektene til staten og aukar dei administrative kostnadane både for dei næringsdrivande og styresmaktene. Ein bør difor generelt søkje å unngå særskilde ordningar som fritak og reduserte satsar. Når utviklinga i samfunnet går i digital retning med auka forbruk av elektroniske tenester framfor fysiske varer, er det viktig at forbruket av digitale tenester er omfatta av meirverdiavgifta.

Eit fritak frå meirverdiavgift for alle elektroniske tidsskrift knytt til definisjonen av trykte tidsskrift vil truleg innebere ei betydeleg utviding av fritaket. Fritaket vil gje nye avgrensingar som

aukar dei administrative kostnadane for dei næringsdrivande og for Skatteetaten. Omsynet til lik behandling av trykte og elektroniske tidsskrift talar likevel for å innføre eit fritak for elektroniske tidsskrift der tidsskriftet allereie finst på papir. Eit fritak avgrensa til elektroniske parallellutgåver av trykte tidsskrift, det vil seie at det er eit tilsvarende trykt tidsskrift omfatta av fritaket, vil òg kunne medføre vanskelege avgrensingar, men vil truleg vere mogleg å handtera avgiftsteknisk både for Skatteetaten og tidsskriftbransjen. Regjeringa tek difor sikte på å innføre fritak for meirverdiavgift slik at trykte tidsskrift som er fritake for meirverdiavgift òg kan gjes ut i elektronisk form med fritak for meirverdiavgift. Utforminga av eit fritak må greiast ut nærare.

Eit fritak for meirverdiavgift for elektroniske tidsskrift som er avgrensa til elektroniske parallellutgåver av trykte tidsskrift, vil truleg gje eit årleg provenytap på om lag 20 mill. kroner på kort sikt. Forbruket av elektroniske tidsskrift er forventta å auke i åra framover, og provenytapet kan dermed verte betydeleg på lengre sikt.

Eit fritak for meirverdiavgift for elektroniske tidsskrift er offentleg støtte som må notifiserast til og godkjennast av ESA før det kan tre i kraft. Regjeringa vil kome tilbake med framlegg til endringar i reglane for elektroniske tidsskrift.

Eit fritak frå meirverdiavgift for *enkeltartiklar* må av omsyn til lik behandling knytast til kjenne-teikn ved sjølve tenesta slik at det gjeld for alle som omset slike tenester, òg utanlandske tilbydarar. Eit slikt fritak vil dermed omfatte ikkje berre etablerte mediehus m.m., men òg andre aktørar som uavhengige journalistar og eksterne produksjonsselskap, samt små aktørar med liten aktivitet. I tillegg til at eit slikt fritak vil omfatte mange aktørar vil det verte krevjande å avgrense kva for

eit innhald/tekstar som skal vere omfatta av fritaket, mellom anna fordi fritaket ikkje kan verte avgrensa til tekstar som journalistar har skrive. Eit fritak for meirverdiavgift for omsetjing av enkeltartiklar kan verte omfattande og vil ha store administrative konsekvensar både for dei næringsdrivande og Skatteetaten.

Meirverdiavgiftssystemet byggjer i utgangspunktet på at registrerte verksemdar ikkje skal belastast meirverdiavgift på varer og tenester som er til bruk i verksemda. Medieverksemdene sine kjøp av enkeltartiklar frå uavhengige journalister som er unntatt frå merverdiavgiftsloven, jf. § 3-7 fjerde ledd, kan likevel innehalde «skjult meirverdiavgift», sidan dei uavhengige journalistane ikkje får frådrag for inngåande meirverdiavgift til denne delen av verksemda. Ved innføring av fritak for enkeltartiklar vil dei uavhengige journalistane kunne krevje fullt frådrag på sine anskaffingar. Dermed vil heller ikkje mediebedriftene verte belasta med «skjult meirverdiavgift». Eit fritak for meirverdiavgift for omsetjing av enkeltartiklar vil innebere indirekte støtte via meirverdiavgiftssystemet ved at det vert gjeve fullt frådrag for meirverdiavgift på anskaffingar, samstundes som det ikkje påleggjast utgåande avgift.

Provenytapet ved å innføre fritak for avgift på enkeltartiklar vil truleg vere avgrensa på kort sikt. På lengre sikt kan ein forvente tilpassingar slik at salet av avgiftsfrie enkeltartiklar veks. Dermed kan provenytapet auke over tid og verte betydeleg.

Som vist til reiser ein utviding av fritaket til å omfatte enkeltartiklar fleire administrative og avgiftstekniske problem, samstundes som faren for press for ytterlegare fritak auke. Regjeringa foreslår difor å ikkje innføre fritak for meirverdiavgift for enkeltartiklar.

9 Justering av meirverdiavgift ved kommunesamanslåing og -deling

Unntak frå plikta til å justere meirverdiavgift

I Revidert nasjonalbudsjett 2017 vart det innført eit unntak frå plikta til å justere kompensasjon for meirverdiavgift etter merverdiavgiftskompensasjonsloven ved overdraging av bygg og anlegg i samband med samanslåing og deling av kommunar. Bakgrunnen for endringa var regjeringa si reform av kommunestrukturen i Noreg, der eit sentralt prinsipp er at samanslåingar og delingar ikkje skal medføre utgifter eller prosedyrekrav for kommunane, sjå nærare omtale i Prop. 130 LS (2016–2017) kapittel 14. Samanslåing og deling av kommunar og fylkeskommunar fylgjer reglar i lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova).

Det vart ikkje foreslått tilsvarende endringar i meirverdiavgiftsregelverket, fordi det for dette regelverket er sentralt at kommunane fylgjer det same regelverket som private verksemdar. I høve til kommunale vass- og avlaupsanlegg gjer det seg likevel gjeldande enkelte særlege omsyn. Slike anlegg er regulert i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg, kor det mellom anna er fastsette reglar om kven som kan eige anlegga.

Omsetnad av vass- og avløpsstenester frå kommunane utløyser plikt for kommunane til å berekne meirverdiavgift. Motstykket er at kommunane har rett til frådrag for inngåande meirverdiavgift på kostnader til oppføring og vedlikehald m.m. av vass- og avlaupsanlegg. Slike anskaffingar er omfatta av justeringsreglane i merverdiavgiftsloven kapittel ni. Justering inneber at kommunen må betale tilbake frådragsført meirverdiavgift på anskaffingar av kapitalvarer dersom desse blir selt eller på annan måte teke i bruk utanfor avgiftspliktig verksemd. Ein samanslåing eller deling av kommunar er ei hending som utløyser plikt til å justere.

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg § 1 andre ledd definerer vass- og avløpsanlegg som hovudleidningar for vatn og avløp, pumpestasjonar, høgdebasseng, anlegg for handtering og rein-

ing av vatn og avløp m.m. Det fylgjer av § 1 fyrste ledd at anlegg skal vere kommunalt eigde, og at eksisterande privateigde anlegg berre kan overdragast til kommunar. Kommunale vass- og avlaupsanlegg kan berre nyttast til det dei er oppførte for. Av omsyn til kommunane foreslår departementet at det vert fastsett eit unntak frå plikta til å justere meirverdiavgift etter merverdiavgiftsloven ved overdraging av kommunale vass- og avlaupsanlegg i samband med kommunesamanslåingar og delingar.

På denne bakgrunnen foreslår departementet eit nytt sjetste ledd fyrste punktum i merverdiavgiftsloven § 9-2. Endringa inneber at det blir fastsett eit unntak frå plikta til å justere inngåande meirverdiavgift ved overdraging av kommunale vass- og avlaupsanlegg ved samanslåingar og delingar av kommunar og fylkeskommunar. Ein praktisk konsekvens av endringa er at kommunane ikkje må utarbeide justeringsavtaler med tilhøyrande dokumentasjon for å overføre slike kapitalvarer. Det er presisert i lovforslaget at unntaket berre gjeld der overdraginga skjer som ledd i samanslåing eller deling etter reglane i inndelingslova. Så lenge overdraginga skjer som ledd i ei slik samanslåing har det ikkje noko å seie om kommunen eig anlegget sjølv, til dømes gjennom eit kommunalt føretak, eller av fleire kommunar gjennom eit interkommunalt selskap. Det er vidare berre anlegg som definert i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg § 1 andre ledd som er omfatta av framlegget.

Departementet syner til framlegg til nytt sjetste ledd fyrste punktum i merverdiavgiftsloven § 9-2.

Overføring av justeringsposisjonar

Som fylgje av at det blir fastsett eit unntak frå justeringsplikta, bør det gå klart fram av lova at pliktene og rettane etter justeringsregelverket automatisk vert overteke av den nye kommunen etter samanslåinga eller dei kommunane som vart delt. Dette gjeld mellom anna plikta til å justere meirverdiavgift dersom anlegget seinare vert dispo-

nert om til bruk i ikkje-avgiftspliktig verksemd, til dømes som fylgje av ei avvikling av verksemda.

Departementet foreslår at same presisering som omtala i førre avsnitt vert gjort i merverdiavgiftskompensasjonsloven. Som omtalt føre vart det i Revidert nasjonalbudsjett 2017 fastsett eit unntak frå plikta til å justere meirverdiavgiftskompensasjon ved kommunesamanslåingar. Det er uttala i forarbeida til lova at den nye kommunen etter samanslåinga eller dei kommunane som vart delte skal overta rettane og pliktene til å justere, jf. Prop. 130 LS (2016–2017) kapittel 14. Departementet meiner at det av informasjonsomsyn bør gå fram av lova at rettene og pliktene etter justeringsregelverket automatisk blir overført til den eller dei nye kommunane.

Departementet foreslår eit nytt sjette ledd andre punktum i merverdiavgiftsloven § 9-2 og nytt andre punktum i merverdiavgiftskompensasjonsloven § 16 andre ledd. Endringane inneber at den eller dei overtakande kommunane utan vidare overtek rettane og pliktene etter justeringsreglane. Lovføresegna inneber at ein overtakande kommune til dømes vil måtte justere meirverdiavgift dersom den seinare avviklar verksemda. Den overtakande kommunen har vidare ansvaret for å oppfylle dei dokumentasjonskrava som gjeld etter

lova. Det er utan betydning korleis eigarskapet til anlegga er organisert, det vil seie om anlegget er eigd av kommunen sjølv eller av eit interkommunalt selskap. Departementet viser endelig til at det overtakande avgiftssubjektet vil hefte for eventuell manglar knytt til etterlevinga av justeringsplikta som skriv seg frå tida før delinga eller samanslåinga.

Departementet syner til framlegg til nytt sjette ledd andre punktum i merverdiavgiftsloven § 9-2 og nytt andre punktum i merverdiavgiftskompensasjonsloven § 16 andre ledd.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane inneber ein reduksjon i dei administrative kostnadene knytt til kommunesamanslåingar. Framlegget vil ikkje ha provenykonsekvensar.

Ikraftsetjing og verknadstidspunkt

Departementet foreslår at endringane blir sett i kraft straks og med verknad frå 1. januar 2017. Dermed blir alle kommunar som inngår i kommunereforma omfatta.

10 Redusert alkoholavgift for små bryggjeri

10.1 Innleiing

Regjeringa gjer framlegg om å redusere alkoholavgifta på øl over 3,7 til og med 4,7 volumprosent alkohol frå små bryggjeri. Framlegget inneber lågare avgiftssatsar ved omsetjing av dei første 200 000 literane med øl. Målet med endringa er å betre rammevilkåra for næringa, ikkje å redusere prisen. Lågare avgift kan støtte ei utvikling mot meir desentralisert produksjon og eit breiare produktspekter.

10.2 Høyring

I budsjettet for 2018 vart det varsla at eit forslag frå Bryggeri- og drikkevareforeningen (BROD) om redusert alkoholavgift på øl frå små bryggjeri ville verte send på høyring, jf. Prop. 1 LS (2017–2018) *Skatter, avgifter og toll 2018*. Det vart samstundes presisert at regjeringa ikkje hadde teke stilling til saka. Som ei oppfølging av dette, sende Skattedirektoratet 9. november 2017 på høyring eit forslag om redusert alkoholavgift på øl frå små bryggjeri. Små bryggjeri vert definert som bryggjeri med produksjon under 500 000 liter øl over 3,7 til og med 4,7 volumprosent alkohol per år. For slikt øl gjer regjeringa framlegg om 20 pst. reduksjon i avgift for dei første 50 000 literane, 15 pst. reduksjon for volum over 50 000 til og med 100 000 liter, 10 pst. reduksjon for volum over 100 000 til og med 150 000 liter, og endeleg 5 pst. reduksjon for volum over 150 000 til og med 200 000 liter. For volum over 200 000 liter vert det ikkje gjeve nokon reduksjon. Alkoholavgifta på øl over 3,7 til og med 4,7 volumprosent alkohol utgjer 22,07 kroner per liter i 2018.

Skattedirektoratet har motteke i alt 24 høyringssvar.

BROD, Nedre Eiker kommune, Norske vinklubbens forening, Sauherad kommune, Virke Reiser, Virke Dagligvare, Landbruks- og matdepartementet og Håndbryggeriet En Liten Øl er positive til forslaget. Fleire peiker mellom anna på at endringa vil stimulere til å etablere og oppretthalde små bryggjeri, fremje ein god mat- og drikkekultur og gje

auka verdiskaping og sysselsetjing. Det blir òg peika på at forslaget vil stimulere til produksjon av alkoholsvakt øl.

Organisasjonane *Det Hvite Bånd (Norske kvinners kristne avholdsforbund)*, *AV-OG-TIL*, *Folkehelseinstituttet*, *Forbundet Mot Rusgift* og *Actis*, er kritiske til framlegget, hovudsakleg av alkoholpolitiske årsaker. Dei ynskjer ein restriktiv alkoholpolitikk for å redusere den einskilde og samfunnet sine kostnader ved alkoholbruk. Organisasjonen *AV-OG-TIL* peiker òg på at alkoholavgifta bør reflektere dei samfunnsmessige kostnadene som følgjer av bruk og misbruk av alkohol. Dette gjeld utan omsyn til kven som produserer drikka. *Actis*, *IOGT i Norge*, *Vin- og brennevinleverandørenes forening (VBF)* og *Forbundet Mot Rusgift* peiker på at forslaget inneber at alkoholavgifta vert nytta til å fremje næringspolitikk, og ikkje alkoholpolitikk. *Helsedirektoratet* fryktar at endringa kan føre til lågare pris på øl, og stimulere til høgare forbruk av alkohol i befolkninga.

VBF har vidare peikt på at dei næringspolitiske omsyna bak forslaget òg vil kunne gjelde for småskalaprodusentar av anna drikke enn øl, som til dømes vin, cider og brennevin. *BROD* tek til orde for at endringa bør omfatte cider og mjød. Ifølgje *BROD* gjeld det mikroskopiske volum og få produsentar, men ut i frå eit mål om likskap er det rimeleg at også slik drikke vert omfatta. *VBF* saknar òg ein grundigare analyse av dei EØS-rettslege konsekvensane av forslaget.

Konkurransetilsynet stiller spørsmål ved om det er riktig og naudsynt å gje ein slik avgiftsreduksjon til dei mindre aktørane i bryggjerinæringa og om det er behov for å stimulere til auka nyetablering i ei næring som i følgje *BROD* har opplevt «en nærmest eksplosiv vekst». *Konkurransetilsynet* er òg kritisk til at det vert sett ei grense for årleg produksjonsvolum som vilkår for småskalaproduksjon. Produksjon over denne grensa vil vere mindre lønsamt for eit småskalabryggjeri. Grensa vil redusere småskalabryggjeria si interesse i å investere i eiga verksemd og til samfunnsøkonomisk optimal drift. Medan *Konkurransetilsynet* er kritisk til at det vert sett ei grense, meiner *COOP Norge* at grensa på 500 000

liter ikkje gjev eit logisk skilje mellom småskalabryggjeri og dei ordinære bryggjeria. Dei meiner at ei grense på 1 mill. liter er betre. *Helsedirektoratet* synest derimot å meine at grensa er sett for høgt. *Lervig Bryggeri* er kritisk til at forslaget berre omfattar øl under 4,7 volumprosent alkohol.

Nærings- og fiskeridepartementet har mellom anna peikt på at ulik avgift for ulik produksjon er uheldig for konkurransen. Dei viser til at framlegget gjev ein konkurransefordel for småskalaprodusentane, på kostnad av større produsentar. *COOP Norge* meiner at forslaget opnar for vridingar i konkurransen, til skade for særleg dei mellomstore bryggjeria.

Både *IOGT i Norge*, *Actis* og *BROD* gjer framlegg om at bryggjeria må vere juridisk og økonomisk uavhengige av andre bryggjeri.

10.3 Departementet si vurdering

Departementet ser at framlegget vil gje terskelverdiar i avgiftssystemet som inneber at elles like alkoholhaldige drikkevarer får ulik avgift. Terskelverdiar stimulerer dessutan til låg produksjon for å behalde redusert avgift, med risiko for omgåing eller kreative tilpassingar. Dei fleste små bryggjeria ser ut til å ha produksjon godt under grensa på 500 000 liter i året. Problemet med ein terskelverdi på 500 000 liter er difor truleg avgrensa. Når det gjeld den alkoholpolitiske sida av saka, er det ikkje venta at forslaget vil innebere billegare øl for forbrukar og auka forbruk.

Som Skattedirektoratet har peikt på i høyringsnotatet, vil øl innført til Noreg frå små utanlandske bryggjeri gje kontrollmessige utfordringar. Skatteetaten har ikkje høve og rettsleg grunnlag til å kontrollere produsentar i utlandet. Kontroll av om vilkåra for redusert sats er oppfylte for importert øl frå små bryggjeri i utlandet, vil difor i all hovudsak måtte skje ved dokumentasjon frå og kontroll av importørane. Importørane må dokumentere at vilkåra for avgiftsreduksjon er oppfylte og fastsetje rett sats etter avgiftsintervalla. Der som vilkåra ved ein seinare kontroll viser seg

ikkje å vere oppfylte, vil importøren verte etterberekna for avgift. Departementet ser at gjennomføring og kontroll av forslaget kan gje utfordringar, spesielt overfor små utanlandske bryggjeri, ved at ein ikkje kan kontrollere desse i utlandet, men må basere seg på dokumentasjon frå importøren.

Skattedirektoratet meiner det er gode grunnar til å ta inn ei presisering av at eit småskalabryggjeri må vere juridisk og økonomisk uavhengig av andre bryggjeri, for å kvalifisere for dei reduserte satsane. Departementet er samd i dette og viser til at tilsvarende vilkår gjeld og er innarbeidd i regelverket til EU, og at fleire av høyringsinstansane har hatt framlegg om dette. Departementet legg difor opp til at framlegg om nytt § 3-2-3 anna ledd i særavgiftsforskrifta vert endra i tråd med dette. Ut over dette, foreslår ikkje departementet endringar i det opphavlege forslaget.

Avgiftsreduksjonen må òg omfatte øl frå små utanlandske bryggjeri. Avgiftslette for små bryggjeri kan innebere offentleg støtte. Etter Rådsdirektiv 92/83/EF har EU-land høve til å redusere alkoholavgiftene for øl med inntil 50 pst. for bryggjeri med årleg produksjonsvolum under 20 mill. liter. Direktivet er ikkje innlemma i EØS-avtalen. Ein kan difor ikkje innføre avgiftsletta før det er avklart med EFTAs overvåkingsorgan (ESA) om tiltaket er i samsvar med EØS-avtalen. Einskilde høyringsinstansar har teke opp spørsmål om avgiftsreduksjonen bør gjelde anna drikke enn øl, til dømes cider og mjød. Departementet vil vise til at direktivet i EU berre gjeld øl og foreslår at ein avgrensar endringa til dette. Avgrensingar innanfor direktivet vil truleg gjere tiltaket lettare å få godkjent.

Årleg provenytap som følgje av forslaget er anslått til om lag 15 mill. kroner. Dersom endringa trer i kraft frå 1. juli 2018, kan ein anslå provenytapet til om lag 8 mill. kroner påløpt og 7 mill. kroner bokført i 2018. Departementet viser til forslag til endring i vedtaket om avgift på alkohol nytt romertall II. Fordi prosessen med ESA kan ta tid, kan iverksetjinga verte seinare enn dette. Regjeringa gjer difor framlegg om iverksetjing frå den tida departementet fastset.

11 Eingongsavgift, ny køyresyklus og ladbare hybridbilar

Eingongsavgifta for person- og varebilar vert i dag berekna på bakgrunn av vekt og utslepp av CO₂ og NO_x. EU er i gang med å innføre nye reglar for måling av avgassar som skal nyttast ved typegodkjenning av nye person- og varebilar. Mellom anna vert det innført ein ny køyresyklus (Worldwide harmonized Light vehicles Test Procedure (WLTP)) som gjev meir realistiske utsleppsverdiar enn den gjeldande (New European Driving Cycle (NEDC)). Dette får betydning for eingongsavgifta.

Dei nye reglane vert fasa inn gradvis. Frå 1. september 2017 vert WLTP nytta ved nye typegodkjenningar av personbilar. Personbilar som er typegodkjende før denne datoen, vil vere målte etter NEDC. Frå 1. september 2018 skal alle nye personbilar vere målte etter WLTP. For varebilar er tidspunkta flytta eitt år fram. Fram til 2021 vil det òg verte fastsett CO₂-utslepp etter NEDC for bilar som er typegodkjende etter 1. september 2017.

I Prop. 130 LS (2016–2017) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga* informerte departementet om at som ei praktisk løysing skulle CO₂-utslepp målte etter NEDC inntil vidare verte nytta for alle køyretøy. Det vart lagt opp til at utsleppsverdiar målte etter ny køyresyklus vil liggje til grunn for berekning av CO₂-komponenten frå 2019. I 2018 vert CO₂-utslepp målte etter NEDC nytta i avgiftsberekinga. I budsjettframlegget for 2019 vil regjeringa kome tilbake med forslag til overgang til berekning av CO₂-komponenten som byggjer på utsleppsverdiar målte etter ny køyresyklus.

Det vert ikkje fastsett NO_x-utslepp etter NEDC for køyretøy som er typegodkjende etter 1. september 2017. Ein nyttar difor den verdien som er tilgjengeleg når ein bereknar eingongsavgifta.

Dette inneber at NO_x-utslepp målte etter ny køyresyklus vert lagt til grunn for køyretøy som er typegodkjende etter 1. september 2017, sjå omtale i Prop. 130 LS (2016–2017).

I behandlinga av Prop. 1 S (2016–2017) *Statsbudsjettet 2017* og tilhøyrande Innst. 2 S (2016–2017) fatta Stortinget 5. desember 2016 følgjande oppmodingsvedtak nr. 108 punkt 12 (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringa så snart det er mulig, og helst i Revidert nasjonalbudsjett 2017, legge frem forslag til endring i engangsavgiften som innebærer at ladbare hybrider med lang elektrisk rekkevidde kommer bedre ut enn biler med kort elektrisk rekkevidde.»

I budsjettet for 2018 vart det vedteke å avvikle frådraget i vekt-komponenten for ikkje-ladbare hybridbilar, som då var på 5 pst., med verknad frå 1. januar i år. Samstundes vart frådraget for ladbare hybridbilar redusert frå 26 til 23 pst. For å følgje opp vedtak 108 nr. 12 vart det vidare fremja forslag om å setje krav om minst 50 km elektrisk rekkevidde for ladbare hybridbilar for å få maksimalt frådrag. Køyretøy med kortare elektrisk rekkevidde får eit frådrag som står i forhold til dette.

På grunn av dei nye reglane for måling av avgassar kunne ikkje Statens vegvesen levere tal for elektrisk rekkevidde for alle ladbare hybridbilar før april 2018. I budsjettet for 2018 vart det difor foreslått å gjere endringa gjeldande frå 1. juli 2018. Stortinget slutta seg til dette. På same måte som for NO_x-utslepp vil det ikkje vere fastsett elektrisk rekkevidde etter NEDC for køyretøy som er typegodkjende etter ny metode. For ladbare hybridbilar må difor den elektriske rekkevidda som er tilgjengeleg, nyttast ved berekinga av eingongsavgifta.

12 Vegbruksavgift på naturgass

Ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2016 vart vegbruksavgifta på naturgass redusert frå 5,96 kroner per Sm³ til null, jf. Innst. 400 S (2015–2016) s. 12. Stortinget gjorde samstundes følgjande oppmodingsvedtak nr. 1002 (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen påse at midlertidig ordning for 2016 med kr 0,00 i sats for veibruksavgift for naturgass (LNG) opphører i 2017 ved snarest mulig å utarbeide grunnlag for notifikasjon og iverksette prosessen med ESA, slik at det 1. januar 2017 kan innføres 100 pst. veibruksavgift på LNG i kombinasjon med en overgangsordning med unntak for veibruksavgift på naturgass brukt som supplement som settes til 50 pst. som et første skritt, men nedtrapping mot 0 pst. i 2025.»

Finansdepartementet arbeider saman med Nærings og fiskeridepartementet og Klima- og miljødepartementet med å notifisere ordninga. Eit utkast til pre-notifikasjon er sendt til EFTA sitt

overvakingsorgan (ESA), og tilbakemeldingane frå ESA vil vere rettleiande for det vidare arbeidet med saka. I budsjettet for 2016 viste departementet til at det kan ta noko tid før ein formell notifikasjon er klar og ordninga eventuelt kan setjast i verk. Med tilvising til at ordninga ikkje kunne gjerast gjeldande frå 1. januar 2017, vart det foreslått at Finansdepartementet fekk fullmakt til å setje ordninga i verk saman med auka vegbruksavgift på naturgass, så snart ESA eventuelt har godkjent ordninga. I budsjettet for 2018 vart det vist til at det enno ikkje var noka avklaring i saka. Fullmakta til å setje ordninga i verk saman med auka vegbruksavgift på naturgass vart difor foreslått vidareført for 2018, sjå Prop. 1 LS (2017–2018) *Skatter avgifter og toll 2018* kapittel 9.5. Stortinget slutta seg til dette.

Proessen med å notifisere tiltaket er fremleis i gang. Finansdepartementet vil difor kome tilbake til saka i 2019-budsjettet. Saka er krevjande, og det er usikkert om ESA kan godkjenne ordninga.

13 Tilgang til teiepliktige opplysningar i Folkeregisteret

13.1 Innleiing

Lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering tok til å gjelde 1. oktober 2017. Med den nye lova må heimel for utlevering av opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, stå i regelverket som gjeld for dei ulike saksområda. Vedtak om utlevering av opplysningar etter tidlegare folkeregisterlov, gjeld likevel fram til eitt år etter at den nye lova tok til å gjelde. Dersom tilgangen til opplysningar som er omfatta av teieplikt skal vidareførast, må ny lovheimel vere på plass før dette. Dette er det gjort greie for i Prop. 164 L (2015–2016) Lov om folkeregistrering, sjå særleg kap. 18 (punkt 18.4.4) og kap. 23. Samstundes med at ny folkeregisterlov vert vedteke, vert det difor vedteke endringar i ei rekkje lover for å sikre framleis tilgang til opplysningar underlagt teieplikt.

I samråd med Kunnskapsdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Utanriksdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kulturdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, foreslår Finansdepartementet å gjere enkelte lovendringar som er naudsynte for å sikre framleis tilgang til opplysningar som er omfatta av teieplikt i folkeregisterloven, og som ikkje vert teke då folkeregisterloven vert fremja. Vurderingane av behovet for slik heimel er gjort i dei einskilde departementa, og fremjast samla her av praktiske omsyn. Finansdepartementet foreslår òg endringar i skatteforvaltningsloven og a-opplysningsloven for å klargjere at skattemyndighetene framleis har tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret når dei utfører oppgåver etter desse lovene.

Dei foreslåtte lovendringane er alle ei vidareføring av gjeldande rett og teknisk oppfølging av ny folkeregisterlov, jf. omtale i nemnde proposisjon. Departementa har difor lagt til grunn at det openbart ikkje er naudsynt å sende desse framlegga på allmenn høyring, jf. punkt 3-3 i utgreiingsinstruksjonen.

Departementa har vidare lagt til grunn at endringane er ei vidareføring av gjeldande rett, og

difor ikkje får økonomiske eller administrative konsekvensar.

13.2 Endringar i barnehageloven, opplæringslova og friskolelova

Departementet foreslår heimlar i barnehageloven, opplæringslova og friskolelova for å vidareføre offentlege styresmakters tilgang til dei opplysningane frå Folkeregisteret som er naudsynte for å utføre oppgåver etter desse lovene.

For å kunne utføre dei oppgåvene dei er pålagde etter desse lovene, treng offentlege styresmakter enkelte opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt etter folkeregisterloven. Opplysningar om foreldre er til dømes nødvendig om kommunen må undersøkje kvifor eit barn ikkje møter på skulen. Det er ei plikt til foreldresamarbeid både i barnehagen, grunnskulen og i vidaregåande opplæring. I tillegg til ei generell plikt til samarbeid med heimen, har foreldra til barnet krav på informasjon i særleg angitte saker. Både kommunar, fylkeskommunar og staten kan drive offentlege skolar etter opplæringslova. Kommunen og fylkeskommunen har òg ansvaret for å utføre enkelte oppgåver etter friskolelova. Det er til dømes eit kommunalt ansvar at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering og gjort vedtak om spesialundervisning for friskoleelevar som treng dette, og å innhente dei naudsynte foreldresamtakka. Dersom eit barn under opplæringspliktig alder treng spesialpedagogisk hjelp, har kommunen, i enkelte tilfeller fylkeskommunen, ei tilsvarende plikt etter barnehageloven. Reglane om søskenmoderasjon i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar gjer det til dømes naudsynt med informasjon om søsken som bur fast saman, og den folkeregistrerte adressa til foreldra.

Formålet med dei foreslåtte lovendringane er å vidareføre den moglegheita offentlege styresmakter i dag har til å hente opplysningar som er omfatta av teieplikt, frå Folkeregisteret. Dette gjeld opplysningar om ektefelle, registrert partner, barn og foreldre som ein fram til no har hatt tilgang til etter tidlegare folkeregisterlov og -for-

skrift. Kunnskapsdepartementet ser det slik at det ikkje er ynskjeleg å gje ein generell heimel i lova som opnar for å hente inn opplysningar som er omfatta av teieplikta i folkeregisterloven. Det er likevel slik at kva for opplysningar som er naudsynte for å utføre oppgåver etter barnehage-loven, opplæringslova eller friskolelova, kan endra seg over tid og på grunn av andre endringar i desse lovene og i dei tilhøyrande forskriftene. Kunnskapsdepartementet meiner difor det bør gå klart fram i forskrift kva for opplysningar som kan verte henta inn etter barnehageloven, opplæringslova og friskolelova. Kunnskapsdepartementet vil sende på høyring forskriftsendringar om at tilgangen skal gjelde opplysningar om ektefelle, registrert partner, barn og foreldre. Kunnskapsdepartementet vil vurdere innspel som kjem i høyringa, men tilgangen vil berre kunne omfatte slike opplysningar som er naudsynte for å utføre oppgåver etter den aktuelle lova og forskriftene til lova.

Dei foreslåtte endringane gjer det mogleg å oppfylle rettane til barn og andre pliktar etter barnehageloven, opplæringslova og friskolelova. Desse lovbestemte rettane og pliktene legg til rette for gode rammer for utviklinga og utdanninga til barn og ungdom. Omsynet til personvernet til den einskilde er vurdert, det same er dei særlege rettane til barn etter Grunnlova § 104 og Barnekonvensjonen.

Merknader til lovframlegget

Sams merknad til barnehageloven § 22 a, opplæringslova § 15-9 og friskolelova § 7-8:

Føresegna er ny og gjer at offentlege styresmakter framleis vil ha tilgang til slike opplysningar frå Folkeregisteret som er naudsynte for å utføre oppgåver etter lova, utan hinder av teieplikt. Departementet gjev forskrift om kva for opplysningar som kan verte henta inn.

13.3 Endringar i lov om Statens pensjonskasse, lov om pensjonstrygd for sjømenn, lov om pensjonstrygd for fiskere og lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Departementet foreslår endringar i lov om Statens pensjonskasse, lov om pensjonstrygd for sjømenn, lov om pensjonstrygd for fiskere og lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven). Formålet med endringane er å sikre tilgang til Folkeregisteret

for visse etatar m.m. under Arbeids- og sosialdepartementet.

Lov om Statens pensjonskasse

Det blir tilrådd at Statens pensjonskasse får tilgang til opplysningar i Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, og at føresegna blir lovfesta i lov om Statens pensjonskasse som ny § 45 a. Dette gjeld opplysningar som er naudsynte for arbeidet med dei ytingane Pensjonskassa administrerer, ytingar etter lov om Statens pensjonskasse og etter andre lover til dømes lov om pensjonsordning for apotekverksemd m.m., samt visse ytingar som ikkje er heimla i lov, til dømes gruppelivsordninga etter Hovedtariffavtalen i staten.

Statens pensjonskasse har i dag tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, etter vedtak frå registerstyresmakta. For at Statens pensjonskasse framleis skal ha tilgang til slike opplysningar frå Folkeregisteret, for å forvalte, berekne og utbetale riktig pensjon og ytingar frå gruppelivsordningane, må det etablerast ein tilsvarende heimel i lov om Statens pensjonskasse. Ein slik heimel vil – som i dag – òg dekkje ytingar etter følgjande lover:

- lov 26. juni 1953 nr. 11 om pensjonsordning for apotekvirksomhet mv.
- lov 16. desember 2011 nr. 60 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter og regjeringsmedlemmer
- lov 9. november 1956 nr. 1 om tillegg til lov om Statens pensjonskasse av 28. juli 1949 (omfattar dei som er utnemnt til stilling som regjeringsadvokat eller leiar i Arbidsretten før 1. januar 2011)
- lov 6. mai 1966 om pensjonsordning for Stortingets ombudsmann for forvaltningen
- lov 21. mai 1982 nr. 25 om tillegg til lov 28. juli 1949 om Statens pensjonskasse (omfattar dei som er utnemnt til medlem av Høgsterett før 1. januar 2011)
- lov 21. august 1998 nr. 25 om pensjonsordning for ballettdansere, sangsolister og korsangere ved Den Norske Opera & Ballett

I tillegg vil heimelen dekkje lovfesta og ikkje-lovfesta gruppelivsordningar som Pensjonskassa administrerer, det vil seie etter Hovedtariffavtalen i staten § 23, for stortingsrepresentantar etter lov om godtgjøring for stortingsrepresentantar § 19, jf. § 17, og for regjeringsmedlemer etter Kongeleg resolusjon 28. mars 2003.

Heimelen vert foreslått utforma med sikte på å dekkje Pensjonskassa sitt behov for opplysningar

som er naudsynte i arbeidet med alle dei ytingane som Pensjonskassa til ei kvar tid administrerer, uavhengig av om oppgåvene er gjeve i medhald av lov eller anna rettsgrunnlag. Pensjonskassa skal etter framlegget og ha tilgang til opplysningar i Folkeregisteret til utgreiing og produksjon av statistikk, som Arbeids- og velferdsetaten har i dag.

Lov om pensjonstrygd for sjømenn og lov om pensjonstrygd for fiskere

Pensjonstrygden for sjømenn og Garantikassen for fiskere har i dag tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, etter vedtak frå registerstyresmakta.

Ein tilgangsheimel for Pensjonstrygden for sjømenn og Garantikassen for fiskere vil bidra til rett handsaming av saker etter lov om pensjonstrygd for sjømenn og lov om pensjonstrygd for fiskere.

Departementet tilrår at det blir gitt ein heimel i lovene som sikrar tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, og opplysningar i samband med utgreiing og produksjon av statistikk. Føresegner om dette blir tilrådd gitt som nytt andre ledd i § 21 nr. 1 i lov om pensjonstrygd for sjømenn og som nytt andre ledd i § 29 i lov om pensjonstrygd for fiskere. Desse paragrafane har i dag føresegner om innhenting av opplysningar frå offentleg styresmakter m.m.

Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Departementet foreslår at sosialtjenesteloven § 43 blir tillagd eit nytt tredje ledd som sikrar dei kommunale sosiale tenestene i arbeids- og velferdsforvaltninga framleis tilgang til dei opplysningane frå Folkeregisteret som er naudsynte for arbeidet med dei sosiale tenestene som kommunane forvaltar.

Kommunane har i dag tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, etter vedtak frå registerstyresmakta. Det er fatta vedtak for kvar einskild kommune. For at kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga framleis skal ha tilgang til slike opplysningar frå Folkeregisteret, må det etablerast ein tilsvarande heimel i sosialtjenesteloven.

Tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret er avgjerande for kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga si verksemd. Til dømes vil opplysningar om ektefelle eller registrert partner og foreldreansvar vere naudsynte for å behandle ein søknad om økonomisk stønad. Sosialtjenesteloven

§ 43 gjev kommunen heimel til å krevje opplysningar frå andre offentlege organ. Å hente inn teiepliktige opplysningar etter denne paragrafen krev likevel samtykke frå den det gjeld i kvar einskild sak. Dette kan difor ikkje erstatte avgjerdene som fell bort 1. oktober 2018. Då det stort sett alltid vil vere naudsynt å innhente teiepliktige opplysningar frå Folkeregisteret i samband med sakshandsaminga, er ein generell heimel enklare og meir effektivt både for søkjar og kommunen, enn å be om samtykke i samband med kvar sak. Ein særskild heimel gjev vidare meir openheit om at opplysningar vil kunne verte innhenta.

Departementet tilrår at kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga får tilgang til opplysningar omfatta av teieplikt i Folkeregisteret og at regelen blir lovfesta i sosialtjenesteloven. Heimelen er utforma med sikte på å dekkje kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga sitt behov for tilgang til opplysningar for å løyse dei oppgåvene tenestene har etter lova. Heimelen er ei vidareføring av gjeldande rettstilstand, og departementet foreslår at han blir tatt inn som § 43 tredje ledd i sosialtjenesteloven.

Merknadar til de einskilde lovendringsframlegga

Til ny § 45 a i lov om Statens pensjonskasse

Føresegna gjev Statens pensjonskasse, utan hinder av teieplikt, tilgang til opplysningar i Folkeregisteret som er naudsynte for forvaltning og berekning av ytingar som Pensjonskassa administrerer. Pensjonskassa skal òg ha tilgang til opplysningane i registeret til utgreiing og til produksjon av statistikk.

Til § 21 nr. 1 nytt andre ledd i lov om pensjonstrygd for sjømenn

Føresegna gjev Pensjonstrygden for sjømenn tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, og som er naudsynte for å utføre oppgåvene etter lova om pensjonstrygd for sjømenn. Pensjonstrygda skal òg ha tilgang til opplysningane i registeret til utgreiing og til produksjon av statistikk.

Til § 29 nytt andre ledd i lov om pensjonstrygd for fiskere

Føresegna gjev Garantikassen for fiskere tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, og som er naudsynte for å utføre oppgåvene etter lova om pensjonstrygd for fiskere. Garantikassa skal òg ha tilgang til opplysningane i

registeret til utgreiing og til produksjon av statistikk.

Til § 43 nytt tredje ledd i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Paragrafen gjev kommunen rett til tilgang til opplysningar i Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, i samband med saker som gjeld tenester etter sosialtjenesteloven. Tenester blir her brukt som eit overordna omgrep som dekkjer alle individuelt innretta tenester som kommunen tilbyr sine innbyggjarar etter sosialtjenesteloven. Kommunen skal dessutan ha rett til teiepliktige opplysningar frå Folkeregisteret i samband med utredning og produksjon av statistikk knytt til forvaltninga av lova. Regelverket vidarefører dagens rettstilstand.

13.4 Endring i lov om utenrikstenesten

Departementet gjer framlegg om endringar i utenrikstjenesteloven for å sikre utanrikstenesta (Utanriksdepartementet og utanriksstasjonane) naudsynt lovheimel for å innhente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikta, jf. folkeregisterloven § 10-2 første leddet.

Utanrikstenesta har som ei lovpålagd oppgåve å hjelpe norske statsborgarar i utlandet. Det følgjer av formålsparagrafen i lov om utenrikstjenesten at to av dei tre hovudoppgåvene til utanrikstenesta er knytte til konsulære spørsmål. Første ledd i paragrafen lyder:

«Utenrikstjenestens oppgaver er:

1. å ivareta og fremme Norges interesser overfor utlandet, både norske særinteresser og de interesser Norge har felles med andre land,
2. å gi norske statsborgere og juridiske personer råd og hjelp overfor utenlandske myndigheter, personer og institusjoner, og
3. å gi bistand til norske statsborgere i utlandet, inkludert bistand i forbindelse med straffeforfølgning, ulykker, sykdom og dødsfall.»

Utanrikstenesta utfører oppgåvene på eigne vegner eller på vegner av andre norske styresmakter og institusjonar. Nordmenn reiser stadig oftare til utlandet. Samstundes buset stadig fleire norske borgarar seg i andre land. Ei følgje av dette er fleire og meir komplekse førespurnader om konsulær bistand. For ei nærare skildring, sjå Meld.St. 12 (2010–2011) Bistand til nordmenn i

utlandet. Tenesta si daglege handtering av konsulære enkeltsaker er av avgjerande betydning for publikum. Den konsulære bistanden kan grovt sett delast i to: bistand i akutte situasjonar og ivaretaking av forvaltingsoppgåver. Dei akutte sakene gjeld ofte personar som har hamna i vanskelege og til tider livsomveltande situasjonar. Det kan vere avgjerande at desse sakene vert handterte raskt.

Oppslag i Folkeregisteret er ein svært viktig arbeidsreiskap for utanrikstenesta i ei lang rekkje ulike konsulære enkeltsaker, medrekna bekymrings- og saknameldingar, dødsfall, ulykker, somatisk og psykisk sjukdom, straffeforfølgning av nordmenn i utlandet (inkludert fengsla nordmenn), saker som gjeld negativ sosial kontroll, internasjonal barnebortføring og naudlidande norske statsborgarar i utlandet. Tilgang til opplysningar som er omfatta av teieplikt vil vere avgjerande for å kunne syte for at desse sakene vert handsama.

Og for å yte tilfredsstillande forvaltningskonsulær bistand er det avgjerande å ha tilgang til opplysningar som er omfatta av teieplikt. Som døme kan det nemnast at utanriksstasjonar som har fullmakt til det, er passutferdande styresmakt jf. passloven § 2 andre leddet. Til barn under 18 år vert det som hovudregel ikkje utferda pass utan samtykke frå den eller dei som har foreldreansvaret. Sakshandsamingssystemet for pass hentar opplysningar frå Folkeregisteret, til dømes om foreldreansvar dersom det skal utferdast pass til mindreårige. Samtykke frå den eller dei som står oppførte i Folkeregisteret med foreldreansvaret, vert innhenta ved utferding av pass til mindreårige.

I samsvar med den nye folkeregisterloven § 7-1 pliktar offentlege styresmakter, utan hinder av lovfesta teieplikt, å gje dei meldingane og opplysningane som er naudsynte for registerføringa. Dersom utanriksstasjonane vert kjende med avvik frå registrerte opplysningar, må dei såleis kunne melde frå til Skatteetaten om avvika. Dette krev tilgang til alle delar av Folkeregisteret.

Utanrikstenesta sitt system for registrering og utveksling av informasjon i kriser har ein registreringssmodul som er kopla opp mot Folkeregisteret. Denne koplinga reduserer risikoen for at involverte personar skal verte dobbeltregistrerte i krisehandteringssystemet, og ho er ein avgjerande ressurs for at tenesta skal kunne yte bistand i kresituasjonar i utlandet.

Utanrikstenesta har hatt direkte nettilgang til Folkeregisteret sidan 2003. Tilgangen til Folkeregisteret er eit verktøy som vert nytta av fleire seksjonar i departementet, medrekna Seksjon for

konsulære saker. Tilgang til opplysningar som er omfatta av teieplikt, er avgjerande for at utanrikstenesta skal kunne utføre dei lovpålagde oppgåvene sine heime og ute.

Merknad til lovframlegget

Ny § 14 a i utenriksstjenesteloven sikrar Utanriksdepartementet og utanriksstasjonane vidare heimelsgrunnlag for å innhente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt.

13.5 Endringar i lov om utenlandske skilsmisser, barnelova, ekteskapslova og gjeldsordningsloven

Departementet foreslår endringar i lov om utenlandske skilsmisser, barnelova, ekteskapslova og gjeldsordningsloven. For å kunne utføre oppgåvene dei er pålagde, treng offentlege styresmakter enkelte opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt etter folkeregisterloven. Formålet med dei foreslåtte lovendingane er å vidareføre den moglegheita offentlege myndigheiter i dag har til å hente opplysningar som er omfatta av teieplikt, frå Folkeregisteret. Dette gjeld til dømes opplysningar om sivilstand, ektefelle, barn og foreldreansvar, som dei fram til no har hatt tilgang til etter den tidlegare folkeregisterloven.

Ein person som tidlegare har fått skilsmisse i utlandet, må få den utenlandske skilsmissen anerkjend av norske myndigheiter før han eller ho kan inngå eit nytt ekteskap i Noreg. Det vert tilrådd at folkeregistermyndigheita, utan hinder av teieplikt skal gje opplysningar som er naudsynte for å avgjere om ein utanlandsk separasjon eller ei utanlandsk skilsmisse kan vorte anerkjend i Noreg. Til sakshandsaminga treng ein mellom anna historiske opplysningar om adresse og opplysningar om status for opphald i Noreg. Det er fylkesmannsembeta som handsamar saker etter lova. Avgjerder kan klagast til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Lov om barn og foreldre (barnelova) har følgjande kapittelinndeling:

- Fødselsmelding,
- Kven som er foreldra til barnet,
- Oppgåvene til Arbeids- og velferdsetaten i farskapssaker,
- Rettargang i farskapssaker,
- Rettargang i andre slektskapssaker enn farskapssaker,

- Foreldreansvaret og kvar barnet skal bu fast,
- Samværsrett m.m.,
- Sakshandsaminga i saker om foreldreansvar, flytting med barnet ut av landet, kven barnet skal bu fast saman med og samvær,
- Fostringsplikt,
- Om bruken av barnelova når nokon av partane har tilknytning til utlandet.

Oppgåvene etter barnelova famnar vidt, og det er ei rekkje offentlege instansar som har oppgåver etter barnelova, til dømes fylkesmannsembeta, meklarar, domstolane, politiet, familievernkontora, arbeids- og velferdsetaten og utanrikstenesta. Departementet tilrår at folkeregisterstyresmakta, utan hinder av teieplikt skal gje opplysningar som er naudsynte for sakshandsaminga etter lova, slik at instansane kan utføre oppgåvene dei er pålagt. Kven som har foreldreansvar for eit barn som saka gjeld, vil vanlegvis vere ei viktig opplysning for all sakshandsaming. Opplysningar om foreldreansvar er undergitt teieplikt i Folkeregisteret, og det er difor naudsynt at instansar som har oppgåver etter lova har tilgang til opplysningar om foreldreansvar.

Ekteskapslova har reglar om inngåing og oppløysing av ekteskap, om formuesforholdet mellom ektefeller, og bidrag og pensjon etter separasjon og skilsmisse. Ved handsaming av saker etter ekteskapslova er det til dømes naudsynt å klarleggje tilknyttinga partane har til Noreg og familiære relasjonar for å avgjere om norske styresmakter har jurisdiksjon. Ved handsaming av saker om separasjon og skilsmisser må fylkesmannen mellom anna hente inn opplysningar om foreldre, ektefelle eller registrert partner, barn og status for opphald i Noreg.

Gjeldsordningsloven skal gje personer med alvorlege gjeldsproblem høve til å få kontroll over økonomien sin. I saker om gjeldsordning vert Folkeregisteret mellom anna nytta til å hente inn opplysningar om barn, jf. folkeregisterloven § 3-1 bokstav l. Dette er ei opplysning som er undergitt teieplikt i Folkeregisteret, og som namsmakta treng i si sakshandsaming, saman med andre opplysningar.

Merknadar til lovframlegget

Til lov om utenlandske skilsmisser ny § 6

Føresegna er ny og fastsett at folkeregisterstyresmakta, utan hinder av teieplikt, skal gje opplysningar som er naudsynte for å avgjere om ein utanlandsk separasjon eller ei utanlandsk skils-

misse kan verte anerkjend i Noreg. Lovendringa sikrar at gjeldande praksis vert ført vidare.

Til barnelova ny § 85 a

Føresegna er ny og fastsett at folkeregisterstyresmakta, utan hinder av teieplikt, skal gje opplysningar som er naudsynte for å gjere oppgåver etter barnelova. Departementet legg til grunn at det bør vere ein samla heimel for å få utlevert naudsynte opplysningar for alle instansar som utfører lovpålagte oppgåver etter barnelova. Lovendringa sikrar at gjeldande praksis vert ført vidare. Ny § 85 a vert plassert i kapittel 10 Avsluttande føresegner.

Til ekteskapslova ny § 29 a

Føresegna er ny og fastsett at folkeregisterstyresmakta, utan hinder av teieplikt, skal gje opplysningar som er naudsynte for å gjere oppgåver etter ekteskapslova, mellom anna opplysningar om ektefelle eller registrert partner, foreldre, barn og status for opphald i Noreg. Lovendringa sikrar at gjeldande praksis vert ført vidare.

Til gjeldsordningsloven ny § 7-9

Føresegna er ny og fastsett at folkeregisterstyresmakta, utan hinder av teieplikt, skal gje opplysningar som er naudsynte for å gjere oppgåver etter gjeldsordningsloven. Lovendringa sikrar at gjeldande praksis vert ført vidare.

13.6 Endring i pasientskadelova

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) og klageinstansen Pasientskadenemnda, treng tilgang til opplysningar som er underlagt teieplikt i Folkeregisteret. Opplysningane nyttas til å behandle krav om erstatning for pasientskader etter pasientskadelova. Det gjeld opplysningar om foreldre, barn og ektefelle eller registrert partner, og særleg i saker der pasienten er død og det er naudsynt å finne ut kven som er rett person til å tre inn i kravet eller kven som har rett til å fremje søknad om erstatning. Det kan og vere aktuelt å be om opplysningar om foreldreansvar, elektronisk kontaktinformasjon og kontaktopplysningar for dødsbu.

Norsk pasientskadeerstatning og pasientskadenemnda har i dag tilgang til opplysningane med grunnlag i vedtak. Framlegget om å ta inn ein ny paragraf 10 a i pasientskadelova som sikrar naudsynt lovheimel for å innhente opplysningar

frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikta, fører vidare denne tilgangen.

Det vert vist til framlegg om ny § 10 a i pasientskadelova.

13.7 Endring i gravferdsloven

Departementet gjer framlegg om endring i lov 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdsloven). Lova vert foreslått endra slik at kyrkjelege fellesråd og kommunar får heimel i lov for framleis å kunne innhente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt når dette er naudsynt for å utøve pliktene dei har etter gravferdsloven, jf. folkeregisterloven § 10-2.

Det er dei kyrkjelege fellesråda som har forvaltningsansvaret for dei offentlege gravplassane i Noreg, jf. gravferdsloven § 23 første ledd. Dette er eit ansvar råda utfører på vegner av det offentlege. I fem kommunar er det kommunen som har forvaltningsansvaret, jf. § 23 andre ledd. Fleire stader er det inngått avtalar mellom fellesråd og kommune om kommunal tenesteyting. Desse avtalane inneber at kommunen utfører ei eller fleire oppgåver på vegner av fellesrådet, men at sjølve forvaltningsansvaret ligg igjen i fellesrådet. Dette er tilfellet i eit femtitals kommunar.

Etter gravferdsloven §§ 10 og 12 skal gravlegging eller kremasjon skje seinast 10 virkedagar etter dødsfallet. Nokre trus- og livssynssamfunn har dessutan religiøse reglar som gjer at gravlegging eller kremasjon bør skje så raskt som mogleg. Dette medfører at den som er gravplassforvaltar, raskt må ha tilgang til informasjon som til dømes kan stadfeste eller avkrefte at det er riktig person som set fram eit krav om gravlegging etter § 11, og at det er riktig person som står for gravferda, jf. § 9 andre ledd. I tillegg har kommunane oppgåver etter lova som gjeld uavhengig av forvaltningsansvaret, og som raskt må handsamast, slik som å avgjere kven som skal stå for gravferda eller vere ansvarleg for grava, når etterlatte ikkje vert einige om dette, jf. gravferdsloven § 9 tredje og fjerde ledd. Det ligg òg til kommunane å undersøkje om ein avdød har etterlatne som kan sørgje for gravferda i dei tilfella der det ikkje er opplyst om pårørande, jf. gravferdsloven § 9 femte ledd. Det er i all hovudsak opplysningar om den avdøde sine foreldre, om ektefelle/registrert partner og om barn det er viktig å ha tilgang til. Til nokre av oppgåvene er det likevel òg naudsynt å ha tilgang til kontaktopplysningar for dødsbu eller opplysningar om foreldreansvar eller adopsjon.

I tillegg til dette har gravplassforvaltaren fleire oppgåver som ikkje alltid treng å verte utført like raskt, men der det likevel er naudsynt å ha tilgang til opplysningar som er underlagt teieplikt i Folkeregisteret. Dette gjeld mellom anna oppgåver i samband med feste av grav. Når ein som har feste til ei grav døy, kan det vere usemje om kven ein skal overføre festet til, eller det kan vere behov for å leite etter slektningar som ein kan overføre festet til, jf. gravferdsloven § 16. Det samme gjeld der gravplassforvaltaren ikkje greier å spore opp eller få kontakt med festar. Gravplassforvaltaren er òg lovpålagt å halde grav- og festeregister, jf. gravferdsforskrifta § 19. Rett festar til grava er mellom anna viktig for sikring av gravminnet, jf. gravferdsloven § 26, og eit slikt register vil verte vanskeleg å halde ajour utan tilgang til opplysningar som er underlagt teieplikt.

At tilgangen til opplysningar som er underlagt teieplikt vert ført vidare, er avgjerande for at dei kyrkjelege fellestråda og kommunane skal kunne utføre dei lovpålagte oppgåvene som dei har etter gravferdsloven.

Merknad til lovframlegget

Føresegna (§ 23 nytt fjerde ledd) sikrar at kyrkjelege fellestråd og kommunar framleis kan innhente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt. Opplysningar som er underlagt teieplikt, kan berre hentast inn når det er naudsynt for å løyse dei lovpålagte oppgåvene etter gravferdsloven med tilhøyrande forskrift. Departementet legg til grunn at den nye heimelen òg dekkjer krematorium som kyrkjeleg fellestråd eller kommunen driv.

13.8 Endringar i eierseksjonsloven og matrikkellova

Det vert lagt fram forslag til endringar i lov 16. juni 2017 nr. 65 om eierseksjoner (eierseksjonsloven) og lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigeomsregistrering (matrikkellova). Dei to lovene vert foreslått endra slik at kommunen får heimel i lov for framleis å kunne innhente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt når dette er naudsynt for å utøve pliktene dei har etter eierseksjonsloven og matrikkellova, jf. folkeregisterloven § 10-2. Det same gjeld for Kartverket som sentral matrikkelstyresmakt.

Kommunen treng både teiepliktige og ikkje-teiepliktige opplysningar frå Folkeregisteret for å kunne utføre lovpålagte pliktar etter eierseksjons-

loven og matrikkellova. Det gjeld opplysningar om personar busett i kommunen og i andre kommunar. For å utføre oppgåvene etter eierseksjonsloven og matrikkellova, har kommunen primært behov for ikkje-teiepliktige opplysningar, mellom anna namn, alder, kjønn, fødselsnummer eller d-nummer og fullstendig bustadadresse inkludert brukseiningsnummer. Kommunen kan òg trengje teiepliktige opplysningar, til dømes namn på familierelasjonar (foreldre, ektefelle eller registrert partner, barn). Kommunen treng å sjå kven som bur på kva for adresse og brukseiningsnummer. Dei treng å sjå namn og fødselsnummer, alder og kjønn. Ved kontakt mot partar i til dømes eigeomsaker, trengs elektronisk adresse. Kommunane treng sporing av familierelasjonar i samband med eigarforhold.

Ved informasjon til innbyggjarar om adresse på leileghetsnivå nyttast Folkeregisteret for å sjå om det er samsvar med det som er registrert i matrikkel og grunnboka.

I saker som gjeld døde personar og firma som er sletta i Einingsregisteret, nyttast Folkeregisteret som kjelde for å skaffe informasjon, og då trengs tilgang til kontaktopplysningar for dødsbu, foreldre, ektefelle eller registrert partner og barn.

At tilgangen til opplysningar som er underlagt teieplikt etter folkeregisterloven vert ført vidare, er avgjerande for at kommunen skal kunne utføre dei lovpålagte oppgåvene som dei har etter eierseksjonsloven og matrikkellova. Det same gjeld for Kartverket som sentral matrikkelstyresmakt.

Merknad til endringane i eierseksjonsloven § 13 og matrikkellova § 22

Endringane inneber å leggje til eit nytt § 13 fjerde ledd i eierseksjonsloven og å leggje til eit nytt § 22 tredje ledd fjerde punktum i matrikkellova.

Endringane sikrar at kommunen framleis kan innhente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt i saker etter eierseksjonsloven og matrikkellova. Det same gjeld for Kartverket som sentral matrikkelstyresmakt. Opplysningar som er underlagt teieplikt, skal berre hentast inn når det er naudsynt for å løyse dei lovpålagte oppgåvene etter eierseksjonsloven og matrikkellova med tilhøyrande forskrifter.

13.9 Endringar i skatteforvaltningsloven og a-opplysningsloven

I samband med ny folkeregisterlov vart det teke inn ein heimel i skatteforvaltningsloven § 10-5

andre ledd bokstav i om at folkeregisterstyresmakta etter krav frå skattestyresmaktene skal gje dei opplysningane som er naudsynte for skattestyresmaktens fastsetting av skatt. Heimelen er plassert i skatteforvaltningsloven kapittel 10 om kontroll. Etter ei fornya vurdering har departementet kome til at heimelen høyrer betre heime i kapittel 7 om opplysningsplikta til tredjepartar. Departementet foreslår difor ein ny heimel i skatteforvaltningsloven § 7-9 nytt tredje ledd om at skattestyresmaktene utan hinder av teieplikt, skal ha tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret som er naudsynte for fastsetting av skatt. Skatteforvaltningsloven § 10-5 andre ledd bokstav i vert foreslått oppheva. Forslaget inneber ei vidareføring av

den tilgangen til Folkeregisteret skattestyresmaktene har i dag.

Skatteetaten har behov for opplysningar frå Folkeregisteret når dei utfører oppgåver etter a-opplysningsloven. For å sikre at skattestyresmaktene framleis har slik tilgang, foreslår departementet ein heimel i a-opplysningsloven § 6 nytt tredje ledd om at skattestyresmaktene utan hinder av teieplikt, skal ha tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret som er naudsynte for skattestyresmaktens utføring av oppgåver etter lova.

Departementet viser til framlegg om endringar i skatteforvaltningsloven §§ 7-9 og 10-5 og a-opplysningsloven § 6. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

14 Endring av fødselsnummer ved spedbarnsadoptsjonar

Departementet gjer framlegg om ei endring i folkeregisterloven for å sikre at det framleis kan tildelast nytt fødselsnummer i samband med anonyme spedbarnsadoptsjonar.

Etter tidlegare folkeregisterregelverk vart det gjeve nytt fødselsnummer i nokon adopsjonshøve, sjå adopsjonsloven 16. juni 2017 nr. 48 § 14 om spedbarnsadoptsjonar. Det gjeld såkalla anonyme adopsjonar, som skjer i samband med fødselen på oppmoding frå dei biologiske foreldra. Dei biologiske foreldra får ikkje vite kven som vert adopsjonsforeldre, og adopsjonsforeldra får ikkje identifiserande opplysningar om barnet sin biologiske

slekt. For å sikre anonymitet mellom partane, får barnet nytt fødselsnummer etter adopsjonen. (Barnet har etter fylte 18 år rett til å få opplyst kven som er biologiske foreldre.)

Ved ei inkurie falt heimelen til å gje nytt fødselsnummer i desse høva ut i ny folkeregisterlov. Departementet foreslår difor ei endring i folkeregisterloven 9. desember 2016 nr. 88 § 2-2, slik at det framleis kan tildelast nytt fødselsnummer til barnet i samband med anonyme spedbarnsadoptsjonar.

Det vert vist til framlegg om nytt siste punktum i § 2-2 tredje ledd i folkeregisterloven.

15 Overføring av oppgåver frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet

15.1 Innleiing og samandrag

Ordninga med ny skatteklagenemnd tok til å gjelde 1. juli 2016. Det har bygd seg opp betydelege restansar av ubehandla klager sidan Skatteklagenemnda vart etablert.

Departementet foreslår lovendringar som reduserer sakstilfanget til Skatteklagenemnda. Endringane vil føre til kortare saksbehandlingstid i dei sakene nemnda behandlar.

Departementet foreslår å leggje klagebehandlina av vedtak om tvangsmulkt og forseinkingsgebyr etter a-opplysningsloven til Skattedirektoratet.

Departementet foreslår vidare å overføre klager over vedtak om fastsetjing av skatt på inntekt og formue, meirverdiavgift og arbeidsgjevaravgift frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet når den samla skattemessige verknaden som er påklaga (klagegjenstanden) er under 25 000 kroner. Nemnda skal likevel behandle saker av prinsipiell interesse.

På bakgrunn av innspela i høyringsrunden foreslår departementet òg å overføre klager om skatteavgrensing ved lita skatteevne frå nemnda til direktoratet. Dette er eit saksområde som i dag utgjer ein stor del av sakene i nemnda.

Framlegget inneber ingen økonomiske eller administrative konsekvensar for dei skattepliktige. For Skatteklagenemnda vil ei slik endring gje ein reduksjon i saksmengda på 2 000–2 500 saker per år. For Skatteetaten vil endringane ha til følge at Skattedirektoratet vert gjort til klageinstans på tre nye område. Kostnadane ved tiltaket er anslått til 15,2 mill. kroner (heilårsverknad) for at Skattedirektoratet skal kunne overta klagebehandlina utan at det går utover dei arbeidsoppgåvene direktoratet har i dag.

Departementet syner til framlegg til endringar i a-opplysningsloven §§ 10 og 11 og skatteforvaltningsloven § 13-3 andre ledd.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå 1. august 2018.

15.2 Gjeldande rett

15.2.1 Tvangsmulkt etter a-opplysningsloven

A-opplysningsloven pålegg arbeidsgjevar å gje opplysningar til offentlege etatar om arbeids- og inntektsforholda til inntektsmottakarane deira. Denne opplysningsplikta gjeld for alle som har betalt ut løn eller andre ytingar. A-melding må fyllest ut månadleg for kvar enkelt arbeidstakar så lenge arbeidsforholdet varar, sjølv om arbeidstakaren ikkje har inntekt kvar månad. Meldinga skal innehalde informasjon om arbeidsforholdet, løn og ytingar, frådrag, skattetrekk og arbeidsgjevaravgift. Frist for innlevering er den femte i påfølgjande månad, for føregåande kalendermånad. Skattedirektoratet ved Etatenes Fellesforvaltning (EFF) har ansvaret for drift og utvikling av a-ordninga.

Etter a-opplysningsloven § 10 fyrste ledd kan Skattedirektoratet påleggje den opplysningspliktige ei dagleg laupande tvangsmulkt dersom han ikkje leverer opplysningane innan fristen. Tvangsmulka lauper til opplysningane er leverte, eventuelt til maksbeløpet på 1 000 gongar rettsgebyret er nådd. Tvangsmulkt etter a-opplysningsloven vert pålagt maskinelt av skattestyresmaktane på same måte som tvangsmulkt etter skatteforvaltningsloven. Vilråra for å påleggje, fastsetje og fråfalle tvangsmulkt svarer i høg grad til reglane som gjeld for tvangsmulkt etter skatteforvaltningsloven § 14-1.

Sidan Skattedirektoratet pålegg tvangsmulkt i fyrsteinstant, ligg klagebehandlingskompetansen hos Skatteklagenemnda, jf. a-opplysningsloven § 10 tredje ledd. Det same gjeld for forseinkingsgebyr når opplysningar vert leverte for seint, jf. a-opplysningsloven § 11. Skattedirektoratet har til no ikkje nytta forseinkingsgebyr etter § 11.

Klagesaksbehandlina følgjer forvaltningsloven.

15.2.2 Saker der klagegjensanden er av låg verdi

Skatteklagenemnda er i dag klageinstans for alle klager over vedtak om fastsetjing av skatt, mellom anna formues- og inntektsskatt og meirverdiavgift, jf. skatteforvaltningsloven § 13-3 andre ledd. Den skattepliktige har rett til å klage på vedtaket uavhengig av verdien på klagegjensanden. Røynslar tyder på at mange av sakene om formues- og inntektsskatt og meirverdiavgift er enkle og gjeld mindre beløp.

15.2.3 Saker om skatteavgrensing ved lita skatteevne

Etter skatteloven § 17-4 kan den skattepliktige få berekna lågare skatt dersom inntekta og andre fordelar ikkje er tilstrekkelege for eit nøkternt underhald for vedkommande sjølv og dei han eller ho har plikt til å forsørge. Den skattepliktige kan be om at skattekontoret vurderer om vilkåra for skatteavgrensing er oppfylte. Dersom skattekontoret kjem til at vilkåra ikkje er oppfylte, kan den skattepliktige klage på vedtaket til Skatteklagenemnda, jf. skatteforvaltningsloven § 13-3 andre ledd. Det er i praksis få skattepliktige som får avgrensa skatten etter skatteloven § 17-4. Dei som er aktuelle for skatteavgrensing, lever på svært låg inntekt over fleire år og er varig ute av stand til å forsørge seg sjølv.

15.3 Høyringa

15.3.1 Bakgrunn for høyringa

Ordninga med ny skatteklagenemnd vart vedteken ved lov 19. desember 2014 nr. 77. Grunnlaget for endringa var eit ynske om å samle klagebehandlinga i ei nemnd og med det styrkje klageretten som ein garanti for rettstryggleiken til den skattepliktige. Nemnda skulle bidra til likebehandling og lik praksis ved at ho erstatta dei tidlegare fem regionale skatteklagenemndene og særklagenemnder. Skatteklagenemnda vart gjort fagleg uavhengig av Finansdepartementet og Skatteetaten. Det vart oppretta eit eige sekretariat som førebur sakene for nemnda, for å sikre ei uavhengig og sjølvstendig overprøving av klagenene.

Ein viktig del av rettstryggleiken til den skattepliktige er saksbehandlingstida for klagen. Dette vart understreka ved opprettinga av Skatteklagenemnda, jf. Prop. 1 LS (2014–2015) punkt 13.3:

«Det er viktig at sakene avgjøres innen rimelig tid og at dette gjøres innen en forsvarlig kostnadsramme. Også for den skatte- og avgiftspliktige er det viktig at han eller hun får avklart sine rettigheter og plikter innen rimelig tid.»

Sidan etableringa har det bygt seg opp betydelege restansar av ubehandla klager i Skatteklagenemnda og i sekretariatet. Det har vore krevjande for nemnda å finne si arbeidsform i samarbeid med skattekontora, på same tid som nemnda skal behandle stadig fleire klager. Saman med sekretariatet har Skattedirektoratet gått gjennom dei administrative sidene ved den nye klageordninga. Det er satt i verk tiltak for å redusere saksbehandlingstida. Departementet har i tillegg bede Skattedirektoratet om å vurdere aktuelle lovendringar som kan vere eigna til å minke restansane ytterlegare. Vurderingane frå direktoratet ligg til grunn for departementet sitt arbeid med saka.

15.3.2 Høyringsnotatet og merknader frå høyringsinstansane

Den 21. desember 2017 sendte Finansdepartementet på høyring eit framlegg om å overføre kompetansen til å behandle to typar klager frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet.

Departementet foreslo for det fyrste at direktoratet skal avgjere klager om tvangsmulkt etter opplysningsloven. Fleire heimlar på skatteområdet gjer allereie Skattedirektoratet til klageinstans for tvangsmulkt.

Det andre saksområdet var saker om fastsetjing av skatt der berekningsgrunnlaget for skatt på inntekt og meirverdiavgift er under 50 000 kroner, og klager der berekningsgrunnlaget for formuesskatt er under 3,98 mill. kroner. Slike klagar inneber ein skattemessig verknad på 11 000–25 000 kroner, avhengig av skattesatsen til den skattepliktige.

Etter røynslene til Skatteetaten er klager under desse grensene talrike, mindre komplekse og dei tek ein uforholdsmessig stor del av ressursane til Skatteklagenemnda. Departementet synte til at lovgjevar i den tidlegare merverdiavgiftsloven innførte ein liknande regel om at Klagenemnda for meirverdiavgift ikkje skulle behandle saker der klagegjensanden hadde ein verdi på inntil 15 000 kroner.

Høyringsnotatet vart sendt til 29 høyringsinstansar og lagt ut på Finansdepartementets heimeside. Høyringsfristen vart sett til 2. februar 2018. Total 19 høyringsinstansar har svart.

Domstolsadministrasjonen, Justis- og beredskapsdepartementet, Norges Bank og Statistisk sentralbyrå har svart utan merknadar.

Den Norske Advokatforening, Den norske Revisorforening, Finans Norge, Hovedorganisasjonen Virke, Juristforbundet – Skatteetatens juristforening, KPMG, Norges Bondelag, Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund (NKK), NTL Skatt, Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO), Regnskap Norge, Skattebetalerforeningen, Skattedirektoratet, Skatteetatens Landsforbund og Skatteklagenemnda har kome med merknadar til framlegga i høyringsnotatet.

Høyringsinstansane er gjennomgåande einige i at saksbehandlingstida for klager på skatteområdet er for lang. Dei er i hovudsak positive til at tiltak vert sette i verk for å minke restansane av ubehandla saker i Skatteklagenemnda.

Eit fleirtal støttar framlegget om å overføre klagebehandling av tvangsmulkt etter a-opplysningsloven frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet.

Høyringsinstansane er meir kritiske til framlegget om å overføre saker til direktoratet der klagegjensstanden har låg verdi. Dei uttalar at framlegget bryt med dei prinsippa for rettstryggleik som vart etablerte ved opprettinga av ei ny sentral og sjølvstendig skatteklagenemnd. Eit mindretal finn likevel å kunne støtte framlegget, gitt dagens restansesituasjon. Departementet vil drøfte dei konkrete merknadane frå høyringsinstansane laupande i vurderinga under punkt 4.

Nokre høyringsinstansar stiller spørsmål ved om tiltaka vil vere nok til å redusere saksbehandlingstida i Skatteklagenemnda og sekretariatet. Det vert òg peika på at saksbehandlingstida hos skattekontora er urovekkande lang, og at heile klagelaupet bør vurderast.

Fleire foreslår alternative løysingar som kan vere eigna til å redusere restansane, men som ikkje var omtalte i høyringsnotatet. Det vert foreslått å overføre kompetanse til sekretariatet i staden for til Skattedirektoratet for sakene som er skildra i høyringsnotatet. Vidare vert det foreslått å lovfeste ei tidsfrist for klagebehandlinga hos skattekontora og å kutte utgreiinga frå kontora til sekretariatet. Fleire tek til orde for å bruke eventuelle midlar på å styrkje sekretariatet og nemnda framfor å nytte ressursar på ei overføring av saker til Skattedirektoratet.

NHO, NTL Skatt, Regnskap Norge, Den norske Revisorforening, Skattedirektoratet og Skatteklagenemnda kjem med framlegg om å overføre klager over vedtak om skatteavgrensing ved lita skatteevne, jf. skatteloven § 17-4, frå Skatteklagenemnda

til Skattedirektoratet. Dette saksområdet var ikkje inkludert i høyringsnotatet frå departementet, men fleire høyringsinstansar meiner at denne sakstypen er eigna for overføring frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet.

15.4 Vurderingar og framlegg

15.4.1 Innleiing

Skatteklagenemnda vart oppretta for å styrkje rettstryggleiken til dei skattepliktige. For rettstryggleiken er det viktig at skattesaker vert prøvd av ei nemnd som er uavhengig av Finansdepartementet og Skattedirektoratet. Rettstryggleik inneber likevel meir enn ei uavhengig overprøving. Som nemnd i punkt 1.3.1 er saksbehandlingstida òg viktig for rettstryggleiken. For dei skattepliktige er det ikkje tilfredsstillande om dei må vente lenge før skattesakene deira vert avslutta.

I tillegg må ein leggje vekt på korleis ein best kan fordele ressursane til klagebehandling. Ei nemndsbehandling er meir ressurskrevjande enn vanleg klagesaksbehandling hos det overordna organet til fyrsteinstansen. Etter departementet si vurdering tek ein – samla sett – best vare på omsynet til rettstryggleiken dersom Skattedirektoratet får ansvar for å avgjere enkelte typar klager, medan Skatteklagenemnda kan konsentrere seg om dei sakene som er meir komplekse og prinsipielle.

15.4.2 Tvangsmulkt etter a-opplysningsloven

Mellom 2 000 og 2 600 klager om tvangsmulkt etter a-opplysningsloven ligg til behandling i Skattedirektoratet og Skatteklagenemnda. Skattedirektoratet avviser eller gjer om mange av vedtaka sine, men sender omlag halvparten av dei mottekne klagenes vidare til Skatteklagenemnda. Dei utgjer dermed ein vesentleg del av restansane i nemnda og sekretariatet.

I høyringsnotatet foreslo departementet å overføre kompetansen til å behandle klager over vedtak om tvangsmulkt etter a-opplysningsloven frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet.

Den norske Revisorforening, Finans Norge, NHO, NKK, Norges Bondelag, NTL Skatt, Skattedirektoratet, Skatteetatens Juristforening og Skatteklagenemnda støttar framlegget. Fleire peikar på at Skattedirektoratet allereie er klageinstans for fleire typar tvangsmulkt, til dømes ved manglande levering av skattemelding og aksjonærregisteroppgåve. Ei rekkje instansar finn det naturleg at

behandlinga av saker om tvangsmulkt vert samla hos same klageorgan.

KPMG, Regnskap Norge, Den Norske Advokatforening og Skattebetalerforeningen støttar ikkje framlegget. Dei to fyrste ber departementet vurdere om ein bør samle tvangsmulkt hos Skatteklagenemnda heller enn hos Skattedirektoratet, av omsyn til rettstryggleiken til den skattepliktige. Skattebetalerforeningen meiner det er viktig at Skatteklagenemnda legg føringane for korleis unntaka frå tvangsmulkt skal praktiserast, ettersom ilegging av tvangsmulkt er ein kan-regel. Regnskap Norge legg til grunn at talet på klager om tvangsmulkt vil minke naturleg, når reglane har verka ei viss tid. Regnskap Norge og Den Norske Advokatforening uttalar at omfanget av klager om tvangsmulkt tyder på at Skatteetaten praktiserer reglane for strengt.

Departementet er einig med fleirtalet av klageinstansane i at det er formålstenleg å samle klagebehandlinga av tvangsmulkt hos Skattedirektoratet. Det krev meir tid og ressursar å nemndsbehandle ei klage enn når overordna organ behandlar klaga. Røynsler syner at majoriteten av vedtaka om tvangsmulkt er enkle og gjeld mindre beløp. Klagerane vil difor ha ei rimeleg forventning om at klaga vert avgjort raskt. Departementet trur at det å overføre kompetansen til Skattedirektoratet vil minke tilstrøyminga av saker til Skatteklagenemnda betydeleg, og meiner difor at framlegget er eigna til å redusere restansane. Det er òg sentralt i vurderinga at Skattedirektoratet har omfattande røynsler med å behandle saker om tvangsmulkt. Dermed vert rettstryggleiken til dei skattepliktige og omsynet til likebehandling ivaretatt. Ei samla klagebehandling av tvangsmulkt kan gjere prosessane meir koordinerte, effektive og føreseielege.

Framlegget inneber at skattekontora illegg tvangsmulkt etter a-opplysningsloven i fyrste instans. Departementet har vurdert om skattekontora treng ein særskilt heimel for å behandle opplysningar i saker om tvangsmulkt, jf. a-opplysningsloven § 8. Etter departementet si oppfatning har skattekontoret tilgang til dei naudsynte opplysningane som følgje av føresegna om at skattekontora skal fastsetje tvangsmulkt i fyrsteinstans. Etatenes fellesforvaltning (EFF), som er mottaksentral for opplysningane, vil framleis forvalte dei resterande oppgåvene, som drift og dialog med brukarane og andre styresmakter.

Behandlinga av saker om tvangsmulkt etter a-opplysningsloven følgjer i dag reglane i forvaltningsloven. Departementet forslår at det i staden er skatteforvaltningsloven som bør gjelde dersom

skattekontora vert fyrsteinstans og Skattedirektoratet klageinstans.

Departementet gjer i tillegg framlegg om endring i a-opplysningsloven § 11, slik at Skattedirektoratet òg vert klageinstans for forseinkingsgebyr.

Departementet syner til framlegg om endringar i a-opplysningsloven §§ 10 og 11.

15.4.3 Saker der klagegjenstanden har låg verdi

Departementet foreslo i høyringsnotatet at klager over vedtak om fastsetting av skatt på inntekt og formue, arbeidsgjevar- og meirverdiavgift vert overførte frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet når klagegjenstanden har låg verdi.

Den Norske Advokatforening, Den norske Revisorforening, Hovedorganisasjonen Virke, KPMG, Regnskap Norge, Skattebetalerforeningen og Skatteetatens Landsforbund støttar ikkje framlegget. *Norges Bondelag* tek ikkje uttrykkeleg stilling til framlegget, men peikar på det dei meiner er svakheiter ved framlegget. Alle instansane syner til grunnlaget for opprettinga av ei ny sjølvstendig skatteklagenemnd og sekretariat. Dei er urolege for at rettstryggleiken til dei skattepliktige vert svekka og for at ein ikkje tek omsyn til behovet for at sakene får ei uavhengig vurdering. Dei peikar på at det er risiko for at klager over same spørsmål vert behandla ulikt viss klagekompetansen skal delast mellom to instansar.

Finans Norge, Juristforbundet, NHO, NKK, NTL Skatt, Skattedirektoratet og Skatteklagenemnda har vurdert dei same grunnprinsippa om ei ny og sjølvstendig overprøving, men finn likevel å kunne støtte framlegget. I vurderingane deira legg dei meir vekt på å redusere saksbehandlingstida, og finn at det òg er eit tiltak som aukar rettstryggleiken.

Departementet er einig i at ein og same klageinstans i utgangspunktet bør behandle alle likearta klager. Gitt dagens saksbehandlingstid i Skatteklagenemnda, meiner departementet likevel at det er formålstenleg å innføre ei beløpsgrense for nemndsbehandling. Skattedirektoratet bør behandle sakene som er under denne grensa. I enklare saker der verdien av klagegjenstanden er nokså låg, vil klagaren ha ei rimeleg forventning om at klaga vert behandla relativt raskt. Røynsler frå klagebehandlinga syner at klager der det omtvista beløpet er lågt, typisk er saker om fastsetting av meirverdiavgift og skatt på formue og inntekt. Tiltaket vil medverke til å redusere saksmengda og saksbehandlingstida i sekretariatet.

Samstundes vert den særskilte kompetansen til Skatteklagenemnda utnytta meir effektivt.

Departementet har lagt vekt på røynsler frå meirverdiavgiftsområdet. På grunn av store restansar og lang saksbehandlingstid i Klagenemnda for meirverdiavgift vart klagar der klagegjensstanden var under 15 000 kroner, lagt til Skattedirektoratet, jf. den tidlegare merverdiavgiftsloven § 19-1 andre ledd. Om lag 10 pst. av klagenene var under grensa. I forarbeida til denne regelen, Ot.prp. nr. 78 (1999–2000) kapittel 1, vart det framheva at saksbehandlingstida for dei næringsdrivande måtte vere på eit akseptabelt nivå for å ivareta rettstryggleiken deira.

Etter merverdiavgiftsloven kunne Skattedirektoratet samtykkje i at saker av prinsipiell art vart behandla av Klagenemnda for meirverdiavgift. For å sikre likebehandling foreslår departementet eit tilsvarande unntak i skatteforvaltningsloven. Skattedirektoratet skal avgjere om ei sak er prinsipiell. Den skattepliktige skal ikkje kunne klage over ei avgjerd om at saka skal verte behandla av nemnda eller ikkje. Det same gjaldt etter dei tidlegare reglane i merverdiavgiftsloven.

Skattedirektoratet pliktar å leggje vekt på praksis frå Skatteklagenemnda som ei av fleire rettskjelder når dei avgjer klager.

I høyringsnotatet foreslo departementet å knyte beløpsgrensa til berekningsgrunnlaget for formues- og inntektsskatt og meirverdiavgift. Røynsler syner at vedtak om fastsetting av arbeidsgjevaravgift ofte vert påklaga saman med vedtak om fastsetting av inntektsskatt. Klager på arbeidsgjevaravgift under beløpsgrensa vart difor inkludert i framlegget.

For skatt på inntekt, arbeidsgjevar- og meirverdiavgift vart grensa satt til 50 000 kroner i framlegget. Viss berekningsgrunnlaget er 50 000 kroner, har saka ei skattemessig verknad på 11 000–25 000 kroner, avhengig av inntektstype o.l. For skatt på formue gjeld eit fribeløp på inntil 1,48 mill. kroner per skattepliktig i 2018. Departementet foreslo at klager over vedtak om skatt på formue på inntil 3,98 mill. kroner (2,5 mill. kroner over fribeløpet) vert behandla av Skattedirektoratet. Det gjev ein skatt på 21 250 kroner.

I høyringa bad departementet om særskilt tilbakemelding på framlegget om beløpsgrense. Instansane meiner at ei beløpsgrense må vere tydeleg og praktisk å handheve, og fleire støttar framlegget. Enkelte instansar legg fram alternative avgrensingar og beløpsgrenser.

Den Norske Advokatforening, Skatteklagenemnda og *NTL Skatt* foreslår å knyte beløpsgrensa opp mot den aukinga som er vedteken av skatte-

kontoret. *Skattedirektoratet* foreslår ei tilsvarande grense for formuesskatt, som er knytt til aukinga av eit fast kronebeløp i formuen.

NTL Skatt foreslår ei høgare grense for næringsdrivande/selskap.

NKK peikar på at Skatteetaten ikkje fattar vedtak om mindre endringar av grunnlaget for arbeidsgjevaravgift, og at framlegget inneber at alle slike klager vil verte behandla av Skatteklagenemnda. Difor foreslår *NKK* at grensa for arbeidsgjevaravgift vert satt til 100 000 kroner.

Den Norske Advokatforening og *Norges Bondelag* gjev uttrykk for at ei beløpsgrense ofte vil vere ueigna for saker om skjønnsfastsetjing av inntekt eller formue.

Fleire instansar etterlyser ei tydeleg omtale av tilleggsskatt.

Departementet held fast ved at ei beløpsgrense må vere enkel å praktisere. For dei skattepliktige og for styresmaktene er det viktig at det går klårt fram kva organ som skal behandle den enkelte klagen. Til dømes var den tidlegare beløpsgrensa for nemndsbehandling av meirverdiavgiftssaker knytt direkte opp mot avgiftsbeløpet i saka. Etter det departementet er kjent med fungerte denne avgrensinga godt for brukarane av regelverket.

For formues- og inntektsskatt, til dømes personskatt, er det noko meir komplisert å ta utgangspunkt i sjølve skattebeløpet. Når skattekontora bereknar skatten til personleg skattepliktige, må dei ta omsyn til den progressive trinnskatten, ulike satsar for trygdeavgift, personfrådrag, minstefrådrag og forskjellige særtilfelle av skattefrådrags- og -avgrensingsreglar.

Departementet er likevel einig med framlegget frå høyringsinstansane og foreslår å knyte grensa opp mot den samla skattemessige verknaden som er påklaga (klagegjensstanden) av den skattepliktige. Med ei slik tilnærming er det ikkje lenger naudsynt med ei eiga grense for saker som gjeld skatt på formue.

I høyringsnotatet foreslo departementet beløpsgrenser som ga skatteverknader mellom om lag 11 000 og 25 000 kroner. Høyringsinstansane som støttar endringa, er jamt over positive til beløpsframlegget. Departementet kjem difor med framlegg om at klager der klagegjensstanden er under 25 000 kroner, skal verte behandla av Skattedirektoratet. Departementet legg til grunn at problemstillinga om arbeidsgjevaravgift *NKK* peikar på, ikkje lenger vil vere aktuell når grensa ikkje er knytt opp mot berekningsgrunnlaget for avgifta.

Departementet legg til grunn at beløpsgrensa gjeld for klaga i si heilheit dersom ho gjeld eit vedtak som omfattar fleire skattearter eller fleire skattleggingsperiodar. Ei klage på eit vedtak der inntektsskatten for inntektsåret 2018, med allmenn skattesats på 23 pst., er auka med 13 800 kroner og meirverdiavgifta er auka med 15 000 kroner, skal difor behandlast av nemnda. Det same gjeld for ei klage på eit vedtak der inntektsskatten er auka med 13 800 i to ulike inntektsår.

Etter departementet si vurdering er det ikkje grunnlag for å behandle saker om skjønnsfastsetjing annleis enn andre saker. Det er storleiken på den skjønnsfastsette skatten, eventuelt differansen mellom den skjønnsfastsette skatten og den skatten som vart fastsett frå tidlegare, som avgjer om nemnda skal vere klageorgan.

Departementet finn heller ikkje grunnlag for å unnta saker om tilleggsskatt frå endringsframlegget. I dei fleste saker vert tilleggsskatt fastsett samstundes med hovudvedtaket. Det er då den samla påklaga skatteverknaden som avgjer om nemnda skal behandle saka. I vedtak som berre gjeld tilleggsskatt, må tilleggsskatten åleine vere lågare enn 25 000 kroner for at Skattedirektoratet skal behandle saka.

Framlegget skil ikkje mellom selskap og personleg skattepliktige. Eit beløp vil ofte vere meir utfordrande for ein personleg skattepliktig enn for eit selskap. Samstundes kan små skattebeløp gje større konsekvensar for til dømes eit enkeltpersonføretak enn privatpersonar med høg skatteevne. Departementet legg større vekt på omsynet til ein tydeleg og praktisk regel, og finn at den same beløpsgrensa bør gjelde for alle skatteartar og alle skattepliktige som vert omfatta av framlegget.

Lovteknisk foreslår departementet å innføre ein heimel i skatteforvaltningsloven § 13-3 andre ledd til å fastsetje i forskrift at Skattedirektoratet skal vere klageinstans i saker der klagegjenstanden har låg verdi. Beløpsgrensa på 25 000 kroner og regelen om at prinsipielle saker likevel skal behandlast av nemnda, skal stå i forskrift.

Den foreslåtte reguleringsmåten opnar for at terskelen for nemndsbehandling kan justerast utan lovendring om forholda tilseier det. Framlegg om å endre beløpsgrensa må likevel sendast på høyring etter vanlege reglar.

Departementet syner til framlegg om endringar i skatteforvaltningsloven § 13-3 andre ledd.

15.4.4 Saker om skatteavgrensing ved lita skatteevne

Talet på klager over vedtak om skatteavgrensing etter skatteloven § 17-4 har auka i 2017. I 98,35 pst. av sakene får den skattepliktige ikkje medhald i klaga. Dersom utviklinga held seg konstant, anslår Skattedirektoratet at nemnda vil få om lag 800–900 klager i året som gjeld skatteavgrensing.

NHO og Skatteklagenemnda meiner at sakstypen er betre eigna for behandling i Skattedirektoratet enn i Skatteklagenemnda. NHO peikar òg på at dei fleste skattepliktige opplev at dei «søker» om skatteavgrensing, og ikkje at dei klagar på skatteoppgjøret. Klaga kjem difor ofte når skatten skal betalast og etter klagefristen er utlaupt.

Regnskap Norge, Den norske Revisorforening og NTL Skatt peikar på at vurderingane knytte til inntekt og opphald i stor grad vert baserte på økonomiske fastsette storleiker og satsar, som referansebudsjettet til Statens institutt for forbruksforskning (SIFO).

Departementet er einig med desse høyringsinstansane i at saker om skatteavgrensing bør overførast til Skattedirektoratet. Desse sakene vert som regel avgjorde ut frå fastsette grenser for inntekt som er trekte opp gjennom praksisen til Skatteklagenemnda sjølv og dei andre skattestyresmaktene. I dei sakene der skattekontoret sender klagen til nemnda, har dei skattepliktige skatteevne som overskrid beløpsgrensene, og av denne grunn får dei skattepliktige sjeldan medhald i nemnda. Det er per i dag mange saker om lita skatteevne i Skatteklagenemnda, men dei byr svært sjeldan på slik tvil at den særskilte kompetansen til nemnda er naudsynt for å ta vare på rettstryggleiken til dei skattepliktige.

Departementet syner til framlegg om endringar i skatteforvaltningsloven § 13-3 andre ledd.

15.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Framlegget inneber ingen direkte økonomiske eller administrative konsekvensar for dei skattepliktige. Ei klage på vedtak frå skattekontoret skal sendast til skattekontoret på vanleg måte.

For skattekontora og Skattedirektoratet vil framlegget ha administrative og økonomiske konsekvensar ved at Skattedirektoratet vert gjort til klageinstans på tre nye område. Departementet legg til grunn at løysinga av dei nye oppgåvene både i Skattedirektoratet og på skattekontora kan

gjennomførast på ein slik måte at den eksisterande kompetansen på dei aktuelle saksområda vert utnytta. Dei nye arbeidsoppgåvene vil likevel krevje ein auka ressursinnsats i Skatteetaten.

I 2017 har Skatteklagenemnda motteke 800–900 klager over vedtak om tvangsmulkt etter opplysningsloven. Talet er omtrent det same for klager om skatteavgrensing. For både sakstypane har det vore ei stor auke i 2017 jamført med tidlegare år. Ein antek at mengda klager i saker om tvangsmulkt og lita skatteevne på sikt vil redusere etter kvart som praksis festar seg og tvangsmulksordninga har verka ei stund. Framlegget om at klager med eit lågt beløp skal avgjerast av Skattedirektoratet vil føre til at om lag 1 000 slike saker kvart år må behandlast av direktoratet.

Departementet legg til grunn at framlegget årleg vil innebere at om lag 2 000–2 500 klager

vert overførte frå Skatteklagenemnda til Skattedirektoratet. For Skatteklagenemnda og sekretariatet vil framlegga innebere ein vesentleg reduksjon i saksmengda og i arbeidsmengda. Framlegga vil leggje til rette for at sekretariatet kan redusere sine restansar og for at saksbehandlingstida i Skatteklagenemnda vert normalisert.

Auka ressursbruk i Skattedirektoratet vil samla sett utgjere ein kostnad på om lag 15,2 mill. kroner årleg, jf. òg Prop. 85 S (2017–2018).

15.6 Ikrafttreding

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde frå 1. august 2018.

16 Land-for-land-rapportering til skattestyresmaktene

OECD og G20 gjennomførte i 2013–2015 eit prosjekt for å finne internasjonalt anerkjende tiltak mot overskotsflytting og utholing av skattegrunnlag, OECD/G20 Base Erosion and Profit Shifting Project (BEPS-prosjektet). Tiltak 13 gjeld mellom anna innføring av reglar om at store fleirnasjonale konsern med konsolidert omsetnad på meir enn 750 mill. Euro, skal levere ein årleg land-for-land-rapport til skattestyresmaktene. Rapporten skal innehalde nøkkelinformasjon om verksemda i dei ulike landa der konsernet har føretak. Det vart laga ei modelloggjeving som set rammene for korleis rapporteringsplikta skal gjennomførast i kvart enkelt land. Norge deltok i BEPS-prosjektet og har slutta seg til *Inclusive Framework*, til gjennomføringa av BEPS-tiltaka.

I Prop. 120 L (2015–2016) gjorde departementet framlegg om å innføre reglar om land-for-land-rapportering til norske skattestyresmakter. I proposisjonen kapittel 1 er det uttala at forslaget i stor grad følgjer modelloggjevinga. Forslaget vart vedteke av Stortinget, jf. Innst. 42 L (2016–2017). Rapporteringsplikta følgjer i dag av skatteforvaltningsloven § 8-12.

Gjennomføring av land-for-land-rapportering er ein minimumsstandard i BEPS-prosjektet. Det inneber at landa skal gjennomføre modelloggjevinga på den måten og med det innhaldet ein er einige om. Reglane skal ikkje gå lengre eller krevje at det blir gitt færre eller fleire opplysningar enn det som følgjer av modelloggjevinga. Denne standarden gjer reglane føreseielege for dei skattepliktige, og den reduserer dei administrative kostnadene deira fordi ein og same land-for-land-rapport kan brukast i alle landa der konsernet har verksemd. Like rapporteringskrav sikrar òg at skattestyresmaktene i dei ulike landa får den same informasjonen.

Modelloggjevinga byggjer på at det som hovudregel er morselskapet i eit fleirnasjonalt konsern som skal levere land-for-land-rapport til skattestyresmaktene i den jurisdiksjonen der føretaket høyrer heime (primær rapporteringsplikt). Skattestyresmaktene i dette landet skal deretter

utveksle rapporten med skattestyresmaktene i alle landa der konsernet har føretak. Utvekslinga skjer på grunnlag av avtaler om automatisk utveksling av rapportar. Dersom den jurisdiksjonen morselskapet høyrer heime i, ikkje krev land-for-land-rapportering, opnar modelloggjevinga for at jurisdiksjonar der det finnast føretak som er en del av konsernet, kan krevje at dei lokale føretaka, på visse vilkår, leverer land-for-land-rapport til skattestyresmaktene (sekundær rapporteringsplikt).

I skatteforvaltningsloven § 8-12 andre ledd bokstav b er det fastsett at dersom morselskapet til eit norsk føretak høyrer heime i ein jurisdiksjon som ikkje har avtale om automatisk utveksling av land-for-land-rapportar med Norge, så skal det norske føretaket levere land-for-land-rapport i Norge. Denne sekundære rapporteringsplikta i norsk rett er noko vidare enn den rapporteringsplikta som følgjer av modelloggjevinga. I modelloggjevinga er kravet for sekundær rapporteringsplikt at det landet der morselskapet høyrer heime, har ein avtale med Norge som legg til rette for utveksling av opplysningar, men ikkje har inngått en avtale om automatisk utveksling av land-for-land-rapportar etter den førstnemnde avtala. For at Norge skal oppfylle minimumsstandarden i tiltak 13 i BEPS-prosjektet, gjer departementet framlegg om å endre § 8-12 andre ledd bokstav b. Eit norsk føretak får då berre sekundær rapporteringsplikt dersom morselskapet i konsernet høyrer heime i eit land som har inngått avtale med Norge som legg til rette for utveksling av informasjon med Norge, men som ikkje har ei avtale som opnar for automatisk utveksling av land-for-land-rapportar til skattestyresmaktene.

Departementet syner til forslag til endring av skatteforvaltningsloven § 8-12 andre ledd bokstav b.

Departementet gjer framlegg om at lovendringa tek til å gjelde straks med verknad for rekneskapsår som byrjar 1. januar 2018 eller seinare.

17 Opprettingar i lovtekst

17.1 Eigedomsskatt på maskiner mv. i verk og bruk

Stortinget vedtok i samband med handsaminga av framlegget frå regjeringa til statsbudsjettet for 2018 nye reglar for eigedomsskatt på verk og bruk. Dei nye reglane får verknad frå og med skatteåret 2019. Etter dei nye reglane skal produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje takast med i eigedomsskattegrunnlaget, og kategorien verk og bruk opphøyrer som eigen kategori i eigedomsskatten.

Av omsyn til kommunane er det vedteke ein overgangsregel som fastset at eigedomsskattegrunnlaget som fell bort med dei nye reglane, skal fasast ut gradvis over ein periode på sju år. Etter overgangsregelen skal det bereknast eit særskilt grunnlag som skal trappast ned med ein sjudel kvart år i overgangsperioden.

Når verk og bruk har opphøyrert som eigen kategori, vil eigedomar som i dag vert rekna som verk og bruk, verte handsama etter reglane for næringsseigedom. Etter framlegget i Prop. 1 LS (2017–2018) måtte kommunen skrive ut eigedomsskatt på dei aktuelle eigedomane i overgangsperioden for å kunne nytte overgangsregelen. Det vil seie at kommunar som berre hadde skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, måtte ha utvida området for eigedomsskatten til å omfatte all næringsseigedom for å kunne bruke overgangsregelen.

I innstillinga frå finanskomiteen til Stortinget, Innst. 4 L (2017–2018), punkt 7.1, vart det uttalt at «[f]lertallet mener det klart bør fremgå av lovteksten at kommuner som ønsker å benytte seg av overgangsordningen, ikke skal behøve å utvide eiendomsskatten i kommunen til øvrige forretningseiendommer.» Overgangsregelen vart i den samanhengen endra og lyder no:

«Kommunar som i skatteåret 2018 skreiv ut eigedomsskatt på verk og bruk som frametter vert rekna som næringsseigedom kan frå og med skatteåret 2019 til og med skatteåret 2024 skrive ut eigedomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag. Det særskilte grunnlaget skal baserast på differansen mellom eigedomsskatte-

grunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Dette særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik seks sjudelar av differansen, og skal reduserast med ein sjudel kvart påfølgjande år. Skattesatsen ved slik avtrappa utskriving kan ikkje vere høgare enn den som vart nytta for dei same eigedomane for skatteåret 2018.»

Finansdepartementet meiner at det no er rimeleg klårt at kommunen ikkje treng å skrive ut eigedomsskatt på næringsseigedom heilt generelt for å kunne nytte overgangsregelen. Frå ulikt hald er det likevel hevda at regelen er uklår. Etter departementet si vurdering kan det vere formålstenleg å endre ordlyden i overgangsregelen, slik at lovgjevar sin intensjon kjem tydlegare fram. Når kommunen ikkje treng å skrive ut eigedomsskatt på næringsseigedom for å nytte overgangsregelen, og verk og bruk har opphøyrert som eigen kategori, innebør det at kommunen ikkje vil trenge å skrive ut eigedomsskatt etter § 3 for å kunne nytte overgangsregelen. Det skal altså vere mogleg for kommunen å berre skrive ut eigedomsskatt etter overgangsregelen. Departementet foreslår at ordlyden i overgangsregelen vert endra slik at dette kjem klårt fram.

Det har òg vore hevda at det er uklårt om overgangsregelen gjev heimel til å skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal i tidlegare verk og bruk. Departementet viser til fråsegna til finanskomiteen om at det bør kome klårt fram av lovteksten at kommunane ikkje skal trenge å utvide området for eigedomsskatten for å nytte overgangsregelen. I samsvar med denne fråsegna bør det òg gjerast klårt at kommunane heller ikkje treng å utvide området for eigedomsskatten for å kunne skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal i overgangsperioden. Departementet foreslår difor at ordlyden i overgangsregelen vert presisert slik at det òg kjem klårt fram at han gjev heimel til å skrive ute eigedomsskatt på bygningar og grunnareal i tidlegare verk og bruk.

Formålet med overgangsregelen er å gje kommunane tid til å tilpasse seg inntektstapet som

oppstår når det ikkje lenger kan skrivast ut eigedomsskatt på produksjonsutstyr og -installasjonar. Det særskilte grunnlaget som skal trappast gradvis ned i overgangsperioden, skal svare til det grunnlaget som fell bort med endringane. Bygningar og grunnareal skal difor ikkje vere med i det særskilte grunnlaget som skal trappast ned med ein sjudel kvart år i overgangsperioden. Departementet foreslår at regelen vert formulert slik at òg dette kjem tydeleg fram.

Dei foreslåtte endringane vil gjere overgangsregelen klårare. Departementet viser til framlegg til endringar i overgangsregelen til eigedomsskatte-lova §§ 3 og 4.

17.2 Skatteforvaltningsloven § 8-2 tredje ledd

I Norge har ein etter kvart lang tradisjon med førehandsutfylt skattemelding. I forarbeida til ei prøveordning med forenkla skattemelding, Ot.prp. nr. 18 (1988–1989) punkt 1.2.1, går det fram at målet med ordninga er at det skal verte enklare for dei skattepliktige å levere skattemeldinga. Det går òg fram at skattestyresmaktene skal kunne bruke alle dei opplysningane dei har tilgjengeleg, når dei lagar den førehandsutfylte skattemeldinga. Det står nærare bestemt:

«Utfyllingen blir gjort enklare, blant annet ved å ta bort overføringer og summeringer mellom postene. I tillegg skal skattyter slippe å fylle ut poster hvor ligningsmyndighetene har tilstrekkelige opplysninger fra egne grunnlagsregistre eller fra tredjemenn.»

Opplysningane må ha høg kvalitet før dei kan verte tatt inn i den førehandsutfylte skattemeldinga, sjå til dømes Ot. prp. nr. 1 (1997–1998) punkt 16.2.

Ordninga med førehandsutfylt skattemelding er ført vidare i den nye skatteforvaltningsloven. I forarbeida, Prop. 38 L (2015–2016) punkt 14.3.3, skreiv departementet at ein foreslår å lovfeste den gjeldande ordninga. I punkt 14.3.1 er det understreka at skattemeldinga skulle kunne innehalde opplysningar frå mange kjelder:

«[d]e førehandsutfylte opplysningene er basert på Skatteetatens grunnlagsdata, opplysninger som skattyter sjølv har gitt for tidlegare inntektsår og på opplysninger fra oppgavepliktige tredjeparter som arbeidsgjevare, trygdemyndigheter, banker mv. Disse grunnlagsdata-

ene medfører altså at så og si alle personlige skattytere mottar helt eller delvis forhåndsutfylt sjølvangivelse.»

Departementet legg difor til grunn at meininga ikkje var at skatteforvaltningsloven skal setje nokre nye grenser for kva for nokre opplysningar skattestyresmaktene kan ta inn i den førehandsutfylte skattemeldinga. Paragraf 8-2 tredje ledd i lova fastset likevel at styresmaktene berre kan bruke «informasjon fra tidlegare skatteoppgjør og opplysninger som myndighetene mottar etter reglane i kapittel 7 når de utsteder den forhåndsutfylte skattemeldingen». Opplysningar som ikkje stammer frå tidlegare skatteoppgjer eller frå tredjepartar, men som likevel finst i grunnlagsregistra til Skatteetaten, er ikkje rekna opp i lova sjølv om dei er nemnd i forarbeida. Opplysningar den skattepliktige sjølv har gitt til Skatteetaten i løpet av inntektsåret, er eit døme på slike opplysningar. Departementet legg til grunn at denne innsnevringa i lova ikkje er tilsikta. Departementet foreslår difor å endre § 8-2 tredje ledd slik at den fastset at skattestyresmaktene kan bruke «informasjon som har betydning for fastsetting av skattegrunnlaget etter kapittel 9» i den førehandsutfylte skattemeldinga.

Departementet nemner at det er ein fordel for dei skattepliktige at den førehandsutfylte skattemeldinga inneheld så mange opplysningar som mogleg, slik forarbeida frå 1988 gjer greie for. Departementet nemner òg at kravet i personvernlovgivinga om at personopplysningar må vere korrekte og oppdaterte, gjelder når skattestyresmaktene lagar den førehandsutfylte skattemeldinga, på same måte som i andre tilfelle der dei handsamar personopplysningar.

Departementet syner til framlegg til endring i skatteforvaltningsloven § 8-2 tredje ledd fyrste punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

17.3 Skattebetalingsloven §§ 10-40 og 16-41

Ved ikraftsetjinga av skatteforvaltningsloven vart særavgiftsloven § 4 oppheva. Føresegna regulerte mellom anna kven som er avgiftspliktig ved rettsstridig bruk av merka mineralolje. Etter opphevinga kom det ikkje uttrykkjeleg fram at det er registrert eigar av motorvogna som er ansvarleg for avgifta. Dette vart difor presisert i særavgiftsforskrifta § 3-11-7 tredje ledd fyrste punktum, som er heimla i særavgiftsloven § 1. Presiseringa kodifiserte det som tidlegare fylgde av særavgiftsloven

§ 4. Skattebetalingsloven §§ 10-40 fyrste ledd bokstav d og 16-41 viser framleis til særavgiftsloven § 4, og departementet foreslår at tilvisinga vert endra til særavgiftsloven § 1.

Departementet viser til framlegg til endringar i skattebetalingsloven §§ 10-40 fyrste ledd bokstav b og 16-41. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

17.4 Skattebetalingsloven §§ 8-1 og 8-3

Etter avviklinga av den kommunale selskapsskatten vart tilvisinga til det felleskommunale skattefondet i skattebetalingsloven §§ 8-1 og 8-3, ved ein feil ikkje fjerna. Departementet foreslår at dette vert retta.

Departementet viser til framlegg til endringar i skattebetalingsloven §§ 8-1 andre og tredje ledd og 8-3 fyrste og andre ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

17.5 Skattebetalingsloven §§ 13-5 og 17-1 femte ledd

Skatteforvaltningsloven § 15-4 fyrste ledd og tollloven § 12-14 fyrste ledd fastset fristen for å reise søksmål til prøving av vedtak om høvesvis skatte- og tollfastsetjing til seks månader etter at melding om vedtaket vart sendt den skattepliktige. Skattebetalingsloven § 17-1 femte ledd utvidar fristen i saker om forføyning, ved at prøving kan verte kravd inntil tre månader etter den forføyninga som det vert klagt over. Etter ordlyden gjeld den utvida fristen i saker om tvangsfullføring og melombels sikring.

Motrekning etter skattebetalingsloven er ifølgje forarbeida til skattebetalingsloven § 13-5, som angir den ordinære klagefristen på ein månad for motrekningserklæringar, òg ein type forføyning som gir høve til å prøve fastsetjingsvedtaket sjølv om fristen på seks månader er gått ut, jf. Ot.prp. nr. 83 (2004–2005) punkt 17.6.4.

Departementet foreslår at det vert presisert i skattebetalingsloven § 17-1 femte ledd, at motrekning er omfatta av føresegna. Vidare foreslår departementet at det vert presisert i skattebetalingsloven § 13-5 at den utvida fristen i § 17-1 femte ledd går føre den ordinære klagefristen for motrekningserklæringar, når klagegrunnen er at det underliggjande vedtaket er feil.

Departementet viser til framlegg til endringar i skattebetalingsloven §§ 13-5 og 17-1 femte ledd.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

17.6 Folketrygdloven – endring i innhaldslista til kapittel 23

Folketrygdloven § 23-9 om tilskot frå kommunane og fylkeskommunane vart oppheva ved lov 12. desember 2008 nr. 97. Innhaldslista til kapittel 23 viser ved ein feil framleis til § 23-9. Departementet foreslår at tilvisinga vert retta. Departementet viser til framlegg til endring i innhaldslista i folketrygdloven kapittel 23. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

17.7 Bidragsinnkrevingsloven § 29 fyrste ledd

I samband med overføringa av ansvaret for Arbeids- og velferdsetaten sin innkrevjingsssentral til Skatteetaten med verknad frå 1. april 2018, vart det ved lov 19. desember 2017 nr. 122 gjort ei rekke endringar i bidragsinnkrevingsloven. Mellom anna vart tilvisinga til «Arbeids- og velferdsdirektoratet» i bidragsinnkrevingsloven § 29 fyrste ledd andre punktum erstatta med «Skattedirektoratet». Overføringa fekk likevel ikkje følgjer for denne føresegna. Departementet foreslår at feilen vert retta ved at ordlyden vert endra tilbake til «Arbeids- og velferdsdirektoratet». Departementet viser til framlegg til endring i bidragsinnkrevingsloven § 29 fyrste ledd andre punktum. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

17.8 Tilvisingar til folkeregisterloven i barnelova, barnetrygdloven og konsesjonsloven

Ny lov om folkeregistrering (lov 9. desember 2016 nr. 88) tok til å gjelde 1. oktober 2017 og erstatta tidlegare folkeregisterlov av 16. januar 1970 nr. 1. Barnelova, barnetrygdloven og konsesjonsloven syner på nokre stader til den tidlegare, oppheva folkeregisterloven. Det er difor behov for å gjere opprettingar i desse lovane slik at dei syner til den nye folkeregisterloven.

Departementet syner til framlegg til endringar i barnelova §§ 15 og 57, barnetrygdloven § 14 og konsesjonsloven § 6. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

17.9 Skatteloven § 5-43 fyrste ledd

Skatteloven § 5-43 om skattefrie pensjonar, understønadar, trygdeytingar o.l. regulerar ulike former for økonomiske ytingar som ikkje skal reknast som inntekt. I § 5-43 fyrste ledd d nr. fem viser ein til tilleggsstønadar etter folketrygdloven § 11-12. Ei lovendring 16. juni 2017 flytta føresegna som stod i folketrygdloven § 11-12 om tilleggsstønadar etter folketrygdloven til ny § 11 A-4. Tilvisinga i skatteloven § 5-43 vart ved ein inkurie ikkje endra tilsvarande. Departementet foreslår at tilvisinga vert retta opp slik at § 5-43 fyrste ledd d nr. fem viser til folketrygdloven § 11 A-4.

Departementet viser til framlegg om endring i skatteloven § 5-43 fyrste ledd d nr. fem. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

17.10 Skatteloven § 6-30

I samband med at det vart innført ei ny ordning om individuell sparing til pensjon, vart det ved endringslov 21. juni 2017 nr. 78 lagt til ein ny bokstav d i skatteloven § 6-47 fyrste ledd. Samstundes vart eksisterande bokstav d til f gjort om til ny bokstav e til g. Tilvisinga til § 6-47 fyrste ledd d til f i § 6-30 andre ledd vart ikkje endra tilsvarande. Departementet foreslår difor at skatteloven § 6-30 andre ledd blir retta slik at tilvisinga til § 6-47 fyrste ledd blir riktig.

Departementet viser til framlegg om endring av skatteloven § 6-30 andre ledd fyrste punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endring i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn
- lov om endring i lov 28. juli 1949 nr. 26 om Statens pensjonskasse

- lov om endring i lov 28. juni 1957 nr. 12 pensjonstrygd for fiskere
- lov om endringar i egedomskatteloven
- lov om endringar i lov 2. juni 1978 nr. 38 om anerkjennelse av utenlandske skilsmisser og separasjoner
- lov om endringar i barnelova
- lov om endring i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap
- lov om endring i gjeldsordningsloven
- lov om endring i gravferdsloven
- lov om endring i folketrygdloven
- lov om endring i opplæringslova
- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i pasientskadeloven
- lov om endring i barnetrygdloven
- lov om endring i friskolelova
- lov om endring i konsesjonsloven
- lov om endring i merverdiavgiftskompensasjonsloven
- lov om endring bidragsinnkrevingsloven
- lov om endring i barnehageloven
- lov om endringar i skattebetalingsloven
- lov om endring i matrikkellova
- lov om endring i merverdiavgiftsloven
- lov om endring i sosialtjenesteloven
- lov om endring i a-opplysningsloven
- lov om endring i utenriktjenesteloven
- lov om endringar i skatteforvaltningsloven
- lov om endring i folkeregisterloven
- lov om endringar i lov 20. desember 2016 nr. 111 om endring i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt på formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endring i eierseksjonsloven

og

- vedtak om endring i Stortingets vedtak om særavgifter til statskassen for budsjettåret 2018

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

